

## **Masteroppgåve**

Inger Line Berdal

# **Endringar i bruken av utmarka i Oppdal**

Masteroppgåve i Lektorutdanning i geografi

Veileder: Frode Flemsæter

Mai 2019

**NTNU**

Norges teknisk-naturvitenskaplege universitet  
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap  
Institutt for geografi





Inger Line Berdal

## Endringar i bruken av utmarka i Oppdal

Masteroppgåve i Lektorutdanning i geografi

Veileder: Frode Flemsæter

Mai 2019

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet

Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap

Institutt for geografi



**NTNU**

Kunnskap for en bedre verden



## **Samandrag**

Berdal, I. L. (2019). *Endringar i bruken av utmarka i Oppdal*. (Masteroppgåve for lektorutdanning i geografi). Institutt for geografi, NTNU, Trondheim.

Utmarka har i lang tid vore ein viktig del av ressursgrunnlaget for jordbruket i Noreg, særleg i form av utmarksbeite. Utmarksbeite er grunnlaget for sauensnæringa, der ein haustar frå ein fornybar ressurs. Den tradisjonelle nyttinga av utmarka i form av beiting bidreg til å halda ved lag kulturlandskapet i fjellområda. På bakgrunn av samfunnsutviklinga, deriblant utviklinga innan landbrukspolitikken og ein generell betre velferd blant befolkninga, ser ein ei endring i bruken av utmarka. Som ein del av endringane i landbrukspolitikken har det blitt eit større fokus på å nytte utmarka gjennom nye næringar. I forlenging av dette blir fleire og fleire hytter bygd i utmarksområde. Det unike kulturlandskapet blir gjenstand for ei vare, og vidare eit viktig salsargument for turisme og reiseliv. Med dette dukkar det opp ulike aktørar med ulike interesser for bruk av utmarka, noko som kan vere utfordrande i forvalting av eitt og same landskap. Utmarka blir på denne måten ei kjelde til ulike godar, noko som vidare kan føre til interessekonfliktar. Kva betyding har utmarka i Oppdal for dei ulike aktørane? Kva konsekvensar har endringane i bruk av utmarka? Dette var blant spørsmåla eg stilte i det eg gjekk i gang med oppgåva som har Oppdal som studiestad. Formålet med denne studien var å få eit innblikk i endringane som skjer i bruken av utmarka i Oppdal som følgje av ny bruk og nye brukarar, og vidare få ei forståinga av konsekvensane av desse endringane.

Utgangspunktet for oppgåva er ein kvalitativ studie basert på intervju med eit utval som representerer åtte aktørar med interesse for utmarka. Desse aktørane utgjer sauebønder, hyttebyggjarar, representant frå landbruksnæringa, samt representantar frå næringslivet. Det empiriske materialet gjer meg i stand til å peike på betydninga av utmarka, endringane som tek plass i utmarka, konsekvensane av desse endringane, samt tankar om berekraftig forvalting av utmarka. Informantane sine tankar om endringar i bruken av utmarka blir diskutert i lys av utviklingstrekk i landbruket, landskapsteori, verdivurderingar og berekraftig forvalting. Det viste seg at utmarka har stor betyding for fleire av informantane, uavhengig av kva rolle dei har. Ei forståing for kvarandre sitt bruk kan forklarast ved at informantane er lokale. Årsakene til interessekonfliktane som følgje av endringar i utmarka viste seg å vere på bakgrunn av eksterne aktørar og måten hyttebygging skjer på. Vidare kom det fram at kunnskapssvikt kan vere ein av årsakene til interessekonfliktane, noko som har resultert i eit fokus på samarbeid og kommunikasjon når det gjeld forvalting av utmarka.



## **Abstract**

Berdal, I. L. (2019). *Changes in use of the outfields in Oppdal*. (Master thesis, Teacher Program in Geography). Department of Geography, NTNU, Trondheim.

This thesis addresses the current changes in the outfields of Oppdal. The outfields have for ages been an important part of the agriculture in Norway. The mountain landscape with its nutritious outfields represents the fundament for sheep farmers in Oppdal. The harvesting of the natural resource is sustainable in the way it maintains the cultural landscape. Due to changes in the agricultural politics, there has been a focus on agricultural as a producer and maintainer of rural communities. As a part of the multifunctionality, the natural resources such as the outfields of Oppdal, were intended to provide the basis for a new economy through commodification. The development of second homes is part of the changes in the outfields. Following this, new stakeholders with different interests will be a crucial part in managing the outfields, which can be a source to interest conflicts. What does the outfields of Oppdal mean for the different stakeholders? What are the consequences of the changes in the use of the outfields? This was amongst the questions I asked myself when I first started planning the study. The purpose of this study was to gain an insight in the changes that occurs in the use of outfields in Oppdal as a consequence of new ways of using it, and new stakeholders, and further get an understanding of the consequences of these changes.

The thesis is based on interviews with a selection of stakeholders that all have an interest in the outlying fields in Oppdal. The informants represented sheep farmers, cabin builders, represent from the agricultural industry and business developers. The empirical material is discussed in relation to developments in agriculture, geographical perspectives on landscape, valuations and sustainable management. To explore the meaning of the outfields, the changes of the use, the consequences of the changes and the management of the natural resource, I have examined some issues related to commodification of the outfields, particularly how phenomena such as second homes have influenced the landscape. The discussion of the empirical material shows that the outfields have great significance for all of the informants, which can be understood by the fact that all of them are locals. Following this, it turned out that the different stakeholders had an understanding of the different use of the outfields. The root of the interest conflicts proved to be on the basis of external stakeholders and in the way the cabin building took place. Furthermore, it emerged that loss of knowledge can be one of the reasons for the interest conflicts, which has resulted in a focus on interaction and communication when it comes to managing outfields in a sustainable way.



## **Forord**

Denne masteroppgåva markerer enden på mi lektorutdanning i geografi ved NTNU. Desse fem åra har vore innholdsrike i måten dei har vore utruleg lærerike, utfordrande og givande. Gjennom gode førelesingar, interessante feltkurs og innblikk i geograffaget i skulen, har mi interesse for geografi vakse opp gjennom desse åra. Eg vil takke Frode Flemsæter for å ha introdusert meg for landskapsgeografi og naturressursforvalting gjennom sine engasjerande førelesingar i emnet 'Mennesket endrer landskapet'. Vidare vil eg takke deg for god rettleiing og støtte i masterskrivinga.

Eg vil rette ein stor takk til alle dei engasjerte informantane mine, som tok meg og mitt prosjekt godt i mot, og gav meg innblikk i tankar og meiningar om den kostbare naturressursen utmarka. Dykka gode tankar og refleksjonar kring bruken av utmarka har vore avgjerande for å kunne skrive denne masteroppgåva.

Takk til Ruralis for lesesalpass, gode samtalar og for lån av hytte i Oppdal medan eg utførte feltarbeid i Oppdal. Tusen takk til Tore Bjørnbet for terping av komma-regelen i innspurten av masterskrivinga.

Takk til familien min for oppmuntrande ord og gode innspel undervegs i skriveprosessen.

Inger Line Berdal,

Trondheim, mai 2019



# Innhald

<b>SAMANDRAG.....</b>	<b>I</b>
<b>ABSTRACT .....</b>	<b>III</b>
<b>FORORD.....</b>	<b>V</b>
<b>FIGURLISTE.....</b>	<b>IX</b>
<b>TABELLISTE .....</b>	<b>IX</b>
<b>1. INTRODUKSJON .....</b>	<b>1</b>
1.1    Innleiing og problemstilling.....	1
1.2    Oppbygging av oppgåva .....	3
<b>2. BAKGRUNN – BRUK AV UTMARKA I OPPDAL.....</b>	<b>5</b>
2.1    Oppdal – ein utmarkskommune .....	5
2.2    Utviklingstrekk i landbruket.....	6
2.3    Fenomenet hytter.....	8
2.4    Kunnskap og bevisstheit om landbruket.....	9
<b>3. LANDSKAP, VERDIVURDERINGAR OG BEREKRAFTIG FORVALTING .....</b>	<b>11</b>
3.1    Landskap.....	11
3.1.1    Kulturlandskap.....	11
3.1.2    Landskapsverdiar.....	12
3.1.3    Ulike landskapssyn og -forståingar .....	14
3.1.4    Det moralske landskapet.....	17
3.2    Ressursknappleik.....	18
3.3    Berekraftig utvikling .....	19
3.4    Agonistisk planlegging .....	20
<b>4. METODE.....</b>	<b>23</b>
4.1    Kvalitativ metode.....	23
4.2    Det kvalitative forskingsintervjuet .....	23
4.2.1    Utval og rekruttering .....	25
4.2.2    Informasjonsskriv og intervjuguide .....	27
4.2.3    Intervjusituasjonen.....	28
4.3    Etterarbeid og analyse .....	29
4.3.1    Transkribering, koding og analyse .....	29
4.4    Etikk i kvalitativ metode.....	31
4.4.1    Etiske betraktingar .....	31
4.4.2    Den refleksive forskar .....	31
4.4.3    Maktforhold og kvalitetssikring .....	32
<b>5. ENDRINGAR I BRUKEN AV UTMARKA I OPPDAL .....</b>	<b>35</b>
5.1    Betydinga av utmarka.....	35
5.2    Endringar i bruken av utmarka.....	39

5.2.1	Landbruksamfunnet i endring og følger av dette .....	39
5.2.2	Nye brukargrupper som følge av ny bruk .....	42
<b>5.3</b>	<b>Utmarka – ei kjelde til ulike godar .....</b>	<b>46</b>
5.3.1	Forståing for kvarandre sin bruk .....	48
5.3.2	Konfliktar knytt til eksterne aktørar .....	49
5.3.3	Konfliktar som følge av hytteturismen .....	52
<b>5.4</b>	<b>Kunnskap er kjernen .....</b>	<b>54</b>
<b>6.</b>	<b>KONKLUSJON.....</b>	<b>61</b>
<b>LITTERATURLISTE</b>		<b>65</b>
<b>VEDLEGG</b>		<b>A</b>
Vedlegg 1: Informasjonsskriv .....		A
Vedlegg 2: Intervjuguide sauebonde og hyttebyggar .....		E

## **Figurliste**

Framsidebilete: Oppdal kommune, landbruk.

## **Tabelliste**

Tabell 1 Oversikt over informantane..... 27



# 1. Introduksjon

Eg har ikkje mange val når det kjem til kva radiokanal eg skal lytte til i min Volkswagen Caddy Life Family, den har berre FM-nett. Ein tidleg morgen på veg til Oppdal for å samle datamaterial lyttar eg derfor til lokalradioen på Radio E6. På nyheitsmorgen frå Oppdal og omland pratar nyheitsankaren med ein bonde frå Gjevilvassdalen, temaet er den velkjente saka som omhandlar kva funksjon vegen skal ha, skiløype eller brøyta veg. Gjesten på radiokanalen uttrykkjer at han synest det er synd at Oppdal blir framstilt som ei kranglebygd. Mellom nyheitsinnsлага er det eit variert utval av reklamer, fleirtalet av innslaga reklamerar for «nydelege, naturnære og idylliske hyttetomter». Når bilturen min endar og eg etterkvart kjem innandørs hos ein av informantane mine, er det første som møter meg framsida på den rykande ferske OPP-avisa. Tittelen på framsidesaka seier: «Norges største saubygd svekkes» (Frelsøy, 2019b). For Oppdal er faktisk Noregs største sauekommune, enn så lenge.

## 1.1 Innleiing og problemstilling

Utmarka har lenge vore ein viktig ressurs for det tradisjonelle landbruket. Som beiteressurs har utmarka stor betydning for bygda, både direkte for landbruket ved at ein produserer naturprodukt som kjøtt og ull, og indirekte i form av arbeidsplassar, kulturlandskap, verdiskaping og miljøgodar. Menneskjer har tatt eigarskap over ressursane og forma landskapet og utmarka etter sine behov og interesser. Desse behova og interessene er stadig i endring. Endringar i samfunnet og i landbrukspolitikken har ført til ei sterkare satsing på ny næringsmessig nytting av utmarka (Rønningen & Burton, 2013). Hytter pregar i dag store delar av utmarka i bygder (Vistad, Eide, Nellemann & Kaltenborn, 2003). Statistisk sentralbyrå sin statistikk viser at i meir enn kvar tiande kommune i Noreg er det fleire hytter enn bustadar. Hytter har altså blitt ein stor marknad for mange kommunar (Bloch, 2017).

Desse ulike nyttingane av ein og same ressurs – altså utmarka, kan skape ein ressursknappleik. Det er fleire ulike aktørar som har eit ønske om å nytte same ressurs, noko som kan føre til interessekonfliktar. Bakgrunnen for konfliktar i bruken av naturressursar ligg ofte i verdsettinga av landskapet og naturressursane. Ulike aktørar verdsett utmarka på forskjellege måtar og vil dermed nytte utmarka på forskjellege måtar (sjå Berge, 2006; Jones, 1993; Solstad, 2007). Sagt på ein annan måte, forstår ein ulik bruk av marka som 'rett' eller 'gale'. Svaret på kva som er rett bruk av landskapet, vil vere forskjellig alt etter kven ein spør og kva intensjonar ein har med bruk av landskapet (sjå Flemsæter, 2014; Setten & Brown, 2009). Denne utviklinga i

nytting av utmarka bringar nye aktørar på bana, noko som er grunnlaget for potensielle konfliktar.

Utgangspunktet for denne forskinga er ulike aktørar sine haldningar og meininger knytt til endringar i bruken av utmarka i Oppdal. Forskinga bygg med dette på intervju med brukarar som representerer både sauенæringa og hyttenæringa. For å få eit innblikk og ei forståing av landbruket og utvikling i Oppdal generelt, har eg òg datamateriale frå landbrukskontoret og Nasjonalparken Næringshagen i Oppdal. Med dette utvalet som grunnlag vil oppgåva gjere greie for utmarka si betyding, dette på bakgrunn av ulike verdisyn, landskapssyn og tankar kring det moralske landskapet. Vidare blir ulike endringsprosessar påpeika og diskutert, som følgje av ny bruk og nye brukarar. Som ein del av diskusjonen vil endringane som skjer i bruken av utmarka bli vurdert opp mot berekraftig utvikling. Utmarka som ein naturressurs har altså fleire interessentar, den blir nytta både på tradisjonelt vis gjennom beitebruk, men òg av nye næringar der kommodifisering av utmarka er aktuelt. Endringane som føregår i nyttinga av utmarka bringar nye brukarar på bana, ofte brukarar som har ei anna forståing og utgangspunkt enn dei lokale aktørane. Når tradisjonelle naturressursar blir gjort om til ei vare på ein marknad, og det med dette kjem nye brukarar på bana, kan det oppstå spenningar og konfliktar rundt desse ressursane. Prosessane som føregår i utmark og rurale områder i dag, er både ei kjelde til konflikt, men òg til utvikling. I endringsprosessar som dette blir forvaltingsprosessar sett på prøve, særleg i ønske om å drive ei berekraftig forvalting og utvikling.

Motivasjonen for dette forskingsarbeidet og problemstillinga eg reiser er mi eiga interesse for temaet, og temaet sin aktualitet som vist i introduksjonen. Endringane som tek plass i utmarka i form av nye næringsinteresser, meir konkret, i form av hytter, finst det internasjonal forsking på (sjå Kaltenborn, Andersen, Nelleman, Bjerke & Thrane, 2008; Mirani & Farahani, 2015; Villa, 2011). Denne forskinga inneber forsking på fenomenet hytter, og vidare ei forståing for det veksande fenomenet. I nyare tid har det vore eit auka fokus på berekraft når det gjeld hytteturisme, då særleg vurderingar av næringa i form av dei tre dimensjonane miljømessig, økonomisk og sosial berekraft (Askim & Wang, 1999; Taubøl et al., 2001; Vasstrøm & Lysgård, 2018; Vistad et al., 2003). Laurdag 6.mai 2019 vedtok det internasjonale naturpanelet, Intergovernmental Science-Policy Platform on Biodiversity and Ecosystem Services (IPBES), den mest omfattande tilstandsrapporten om jordas natur- og biomangfald. I denne rapporten kom det blant anna fram at tapet av natur og det biologiske mangfald er ein like stor trussel som klimaendringane (Vissgren & Fjeld, 2019). I forlenging av dette påpeikar administrerande direktør i Norsk Industri, Svein Lier Hansen, at nedbygging av naturen er den største trusselen

mot norsk natur (Finstad & Fjeld, 2019). Gevinstane ved hytteutbygging kan vere store for eit lokalsamfunn, men samtidig ser vi korleis hyttebygging er ein stor trussel for naturen. På same tid som forskinga kring fenomenet hytter og verkingane av hyttenæringsa har vekse, ser ein at forsking kring utmarka og beiteressursen si betyding ikkje er prioritert i like stor grad. I forlenging av dette er det understreka av tidlegare forsking at det er eit behov for å framheve betydinga av beitebruken samfunnsmessige samanheng (sjå Austrheim, Hjelle, Sjögren, Stene & Tretvik, 2015; Setten & Austrheim, 2017; Statens Landbruksforvaltning, 2013). Når det gjeld forvalting og bruk av utmark er det mange forhold som spelar inn, både privatrettslege og offentlegrettslege. Når det er sagt, vil eg ikkje gå grundig inn på dette i denne oppgåva, sidan hovudfokuset er å undersøkje menneskjers verdiar, haldningar og meiningar kring endringar i bruken av utmarka. Med utgangspunkt i dette vil oppgåva si overordna problemstilling lyde som følge:

### **Korleis har bruken av utmarka endra seg i Oppdal som følgje av ny bruk og nye brukarar, og kva konsekvensar har dette?**

For å svare på denne overordna problemstillinga har eg valt å dele den inn i fire meir konkrete forskingsspørsmål. Desse fire forskingsspørsmåla dannar grunnlaget for diskusjonen.

- Kva betyding har utmarka i Oppdal for dei ulike informantane?
- På kva måte har bruken av utmarka endra seg?
- Kva følgjer har endringane som tek plass i utmarka?
- Korleis kan ein forvalte utmarka på ein berekraftig måte og samtidig ivareta dei ulike aktørane sine interesser?

## **1.2 Oppbygging av oppgåva**

Oppgåva er delt inn i seks kapittel. I dette kapittelet har eg introdusert temaet for oppgåva og presentert problemstillinga og bakgrunnen for denne. I kapittel to vil eg setje rammene for oppgåva ved å presentere oppgåvas studieområde – Oppdal. Som ein del av rammeverket for oppgåva vil utviklingstrekk i landbruket vere relevant. Som følgje av dette vil eg belyse fenomenet hytte som ein del av den nye bruken av utmarka. Kapittelet endar med eit fokus på bevisstgjering og kunnskap om landbruket i ei tid der endringar skjer. Tredje kapittel er eit reint litteraturkapittel, eg vil her fokusere på landskapsteori, det moralske landskap, ressursknappleik, berekraftig utvikling, samt agonistisk planleggingsteori. I det fjerde kapittelet presenterer eg intervju som kvalitativ metode for å generere data. Eg skildrar prosessen frå

forarbeid til etterarbeid, før eg avsluttar med etiske betraktingar. I kapittel fem tek eg utgangspunkt i empirien og diskuterer denne opp mot rammeverket for oppgåva, då både bakgrunnskunnen og presentert litteratur. Diskusjonen tek utgangspunkt i problemstillinga og dei fire underordna forskingsspørsmåla. Kapittel seks er oppgåvas avslutting der eg summerer opp dei viktigaste funna eg har gjort i lys av problemstillinga, og kjem med forslag til vidare forsking.

## **2. Bakgrunn – bruk av utmarka i Oppdal**

### **2.1 Oppdal – ein utmarksommune**

Ei kommune og ei bygd som utpeikar seg i temaet eg akkurat har skildra og som er studieområdet for oppgåva, er Oppdal. Fjellbygda Oppdal har eit befolkningstal i underkant av 7000. Kommunen utgjer eit totalt areal på heile 2274 km<sup>2</sup>, der 52 % av dette er landskapsvernområder. Rundt 70% av arealet til kommunen er utmark og ligg 900 meter over havet, noko som medfører at Oppdal er ei av få bygder i Noreg som innehavar eit stort og variert utval av fjellflora (Gjærevoll, 1979). Denne naturressursen har danna grunnlaget for landbruksnæringa i kommunen, då spesielt med tanke på sauедrift. Oppdal er den største kommunen i landet på sau, med eit tal på ca. 49 000 sau som beitar i utmark. I løpet av ein sumar på utmarksbeite nyttar beitedyr seg av foreiningar til ein direkte verdi av 14,3 millionar kroner. Landbruksnæringa er med andre ord ei god hjørnestensbedrift i Oppdal. Direkte sysselsette i primærnæringa var i 2015 11%, om ein legg til indirekte sysselsette i landbruket er 23% av arbeidsmarknaden kopla til landbruket (Beiteplan, 2018). Med jordbruksstradisjonar langt tilbake i tid har bruken av utmarka gjennom blant anna beitenæringa ført til eit heilt spesielt kulturlandskap. Dette kulturlandskapet er eit av dei viktigaste salsargumenta for reiselivsnæringa og fritidsmarknaden som også står sterkt i Oppdal.

Ein kan omtale Oppdal som ein hyttekommune. Det er nettopp på bakgrunn av kulturlandskapet at Oppdal er ein så attraktiv stad å besøkje, då særleg for hytteturistane. I Oppdal er det 3600 hytter og 2600 bustadar. Av alle hyttekommunar i Noreg har Oppdal hatt den klart største veksten i utbygging i perioden frå 1998 til 2012. Det blir bygd rundt 150 hytter i året (Masterplan, 2013). Kommunen har mange bein å stå på når det gjeld næringslivet. Industrien har den største verdiskapinga, deretter kjem handel og reiseliv, samt bygg og anlegg. Oppdal er altså ei attraktiv fjellbygd å reise til for å drive rekreasjon, både på vinterstid og på sumaren. Oppdal som skidestinasjon har lange tradisjonar både når det gjeld langrenn og alpint. På sumartid oppsøkjer folk Oppdal for å vandre eller sykle i fjellet. Sentralt for attraktiviteten til Oppdal er infrastrukturen. Oppdal er eit knytepunkt for trafikken mellom Sør-Noreg og Nord-Noreg ved at E6 går rett gjennom bygda. I tillegg har bygda jernbanestasjon. Sentrumet i Oppdal, Auna, har eit godt utval i matbutikkar, interiør- og blomsterbutikk, fleire sportsforretningar, bakeri, idrettsanlegg og kulturhus med svømmebasseng. Elles har Oppdal også mange av dei store bedriftene innan landbruk, som Felleskjøpet, AK maskin og EIK, dette

skuldast den store andelen landbruk. 70 % av arealet i Oppdal kommune er som nemnt utmark, i *Skjøtselsboka* skrive av Norderhaug (1999), blir omgrepene utmark forklart på følgjande måte:

Tradisjonelt brukt om areal som lå utenfor gjerdet som innhegnet innmarka. I dag brukt om arealer som ikke har vært systematisk bearbeidet (pløyd og gjødslet) for å øke avkastingen. Utmark har blant annet vært brukt til beiting av husdyr og til høsting av vinterfør, emnevirke og ved. (Norderhaug, 1999, s. 232).

I følge friluftsloven §1a (Friluftsloven, 1957) er utmark alt som ikkje er innmark, noko som viser til alt udyrka og ikkje bygd areal. Tradisjonelt har forståinga av utmarka altså vore knytt til denne motsettinga til innmark. Både innmark og utmark er knytt til garden. Mellom desse to markene går eit gjerde som blir omtalt som «utgarden» eller «utmarksgjerdet». Innmarka er altså det som ligg innanfor dette gjerdet og utmarka er det som ligg utanfor gjerdet. Hovudelementa i utmarksnæringa den dag i dag er jakt, fiske, beite og turisme. Korleis ein vel å nytte seg av denne naturressursen har stor økonomisk, sosial og miljømessig betyding. Denne oppgåva si tilnærming til omgrepene utmark er i tråd med desse ulike forståingane. Utmarka i Oppdal er ein viktig naturressurs både for beitenæringa og for hyttenæringa.

På Oppdal bygdealmenning sine nettsider står det skrive at Oppdal bygdealmenning er ein av landets største bygdeallmenningar med sine 1162 km<sup>2</sup> (Oppdal Bygdealmenning, 2016). Utmarka i Oppdal er ikkje ein statsallmenning, derimot ein bygdeallmenning. I følgje Johansen og Berg (2001) regulerer bygdeallmenningslova retten til verksemد, beite, seter og dyrkjingsjord, jakt, fangst og fiske i bygdeallmenningar. Norsk Allmenningsforbund forklarar kva ein bygdeallmenning er på denne måten: «En bygdeallmenning er et skog- og fjellområde hvor jordbruks eiendommer har bruksrett, og jordeiendommer i fellesskap har eiendomsrett.» (Norsk Almenningsforbund, 2016). Vidare skriv dei at eigdomsretten i nokre allmenningar er kjøpt og betalt av dei som har brukarrett. Dette er tilfellet i Oppdal. Rundt 1860-åra skjedde det ei stor utskifting og Oppdal Bygdeallmenning kjøpte opp allmenningen frå staten.

## 2.2 Utviklingstrekk i landbruket

For å kunne svare tilstrekkeleg på oppgåva si problemstilling vil eg vise til relevante utviklings- og endringsprosessar i landbruket. Landskapet blir tatt i bruk og nytta på nye måtar. Samfunnsendringar utfordrar etablerte praksisar innanfor bruken av utmarka. Etter andre verdskrig var det eit fokus på matproduksjon, effektivitet og matsikkerheit. Med dette kom det Almås (1977) omtalar som det nye hamskiftet, landbruket vart mekanisert og motorisert. Kanaliseringspolitikken fremma ei regional spesialisering som gjekk ut på at ein skulle ha

fokusområder der ein hovudsakeleg satsa på husdyrproduksjon. I tillegg vart jordbruket intensivert og effektivisert ved bruk av kunstgjødsel og biokjemiske produkt. Utover matproduksjon, hadde landbruket også andre funksjonar som å auke landets sjølvforsyningsgrad og å halda ved lag busettinga i distrikta. I 1980-åra kom ein reaksjon på utviklinga av landbruket. Som resultat av effektivisering og intensivering vart det overproduksjon av husdyrprodukt. I tillegg vart det tatt omsyn til miljøperspektivet i det intensiverte jordbruket, noko som førte til ei bevisstgjering og eit tydeleg fokus på kulturlandskapet. I forlenging av desse reaksjonane vart det oppmuntra til å ta i bruk nye former for næringsaktivitet. Noko forenkla kan ein seie at det norske landbruket gjekk frå eit spesialisert og produktivistisk landbruk, før det vart eit moderne mangesyssleri som ein omtalar som landbrukets multifunksjonelle rolle (Jones & Rønningen, 2007).

Gjennom landbrukets multifunksjonelle rolle vart det oppfordra til å ta i bruk utmarksressursane på nye måtar og starte ny næringsaktivitet. Dette kjem tydeleg fram i St.meld. nr. 19 (1999-2000) Om norsk landbruk og matproduksjon som har fokus på økonomisk og sosial berekraftig utvikling (Landbruks- og matdepartementet, 2000). Eitt av måla som blir skildra her er produksjon av andre varer og tenester med utgangspunkt i næringa sine samla ressursar. Det multifunksjonelle landbruket kan ein forstå som ei vidareføring av omsynet til landbrukets kulturlandskap. Som eit resultat av det multifunksjonelle landbruket er det norske landbruket samansett av fleire næringar og ulike former for inntektsgivande arbeid. Dette fører til at vi i Noreg har eit meir mangfaldig livsgrunnlag samanlikna med andre landbruksland. I tillegg til at landbruket skal bidra med privatgodar som mat og fiber, er idealet med eit multifunksjonelt landbruk at det også skal bidra til fellesgodar som å halda ved lag det rurale landskapet, ivaretaka det biologiske mangfaldet og bidra til sysselsetting (jf. Jones & Rønningen, 2007; Landbruks- og matdepartementet, 2000; Rønningen & Burton, 2013).

I forlenging av det multifunksjonelle landbruket har menneskjers verdiar knytt til areal- og naturressursar endra seg. Tidlegare vart den tradisjonelle bruken av areal- og naturressursane verdsett høgare, der landbruket sørga for matgrunnlaget. I skiftet mot det multifunksjonelle landbruket har desse ressursane fått auka verdi gjennom eit alternativt bruk, nemleg gjennom den nye økonomien knytt til turisme, rekreasjon og som «kulisser» og arena for ei ny utfolding innanfor underholdnings- og rekreasjonsøkonomien (Rønningen & Flemsæter, 2016). Som ein del av denne diversifiseringa blir landskapet den dag i dag tatt i bruk og nytta på nye måtar gjennom kommodifisering. Det engelske ordet 'commodity', som oversett til norsk tyder vare, er grunnlaget for omgrepene kommodifisering som tyder å gjere noko til ei vare. Omgrepet

skildrar altså prosessar der ressursar som godar, service og idear blir omdanna til ei vare. Ein tek ressursar i bruk på ein ny måte enn det ein tradisjonelt har gjort. Perkins (2006) peikar på ulike rurale ressursar som har fått fornya verdi, deriblant utvida bruk av eksisterande landbruksressursar, ny bruk av eksisterande landbruksressursar, rekreasjon og turisme. På denne måten blir rurale områder prega av konsum.

Kommodifisering utspelar seg i tre ulike former (Best, 1989). Den første forma for kommodifisering viser til den prosessen der bytteverdien av ei vare overstig bruksverdien. Dette er den enklaste forma å gjere noko til ei vare på. Eit døme kan vere når ein sau går frå å vere mat til å bli ei matvare ein kan selje. Den andre forma for kommodifisering er når folk konsumerer omgivnadane laga av andre. Det er det rurale landskapet denne sauen har beita i som blir ei verdifull kulisje for byfolk. Den tredje forma for kommodifisering er gjennom representasjonar. Dette kan vere eit bilet, ein representasjon av eit landskap som blir tillagt verdi. Denne representasjonen av eit landskap kan vere med på å selje og setje fokus på denne ressursen, slik spreiar «vara» seg (Best, 1989). Don Mitchell (2005) argumenterer òg for at landskapet er gjenstand for ei vare, sidan landskapet er eit resultat av kulturelle og sosiale relasjoner.

### 2.3 Fenomenet hytter

Eit døme på kommodifisering i utmarka er hyttebygging, ein kan forstå dette som den andre forma for kommodifisering der det rurale landskapet blir gjenstand for konsum gjennom måten hyttefolket tek i bruk naturen. For å forstå veksten av private hytter i bygda Oppdal og Noreg generelt, er det nyttig å bygge på kunnskapen frå både Mirani og Farahani (2015) og Müller (2002). Fritidshytter er ei form for rural turisme og faktisk ei av dei viktigaste formene for turistutvikling i rurale fjellbygder, akkurat slik det er for Oppdal (Kaltenborn et al., 2008; Mirani & Farahani, 2015). Dette fører vidare til at rurale kommunar har oppfordra til utbygging av hytter, for å tilføre bygda både aktivitet og ekstra inntekter. I følgje SSB (2019) finst det per 20. februar 2019 434 809 hytter i Noreg. Ein kan forstå veksten i hytter i lys av velstandsauke, mobilitet og urbaniseringsprosessar. Standarden, størrelsen og infrastrukturen rundt hytteutbygging har auka dei siste åra, hyttene er ikkje lenger enkle og tradisjonelle. Når ei hytte skal setjast opp, er det ikkje berre sjølve hytta som skal opp, infrastruktur, kloakk, vatn, samt strøm og fiber er tilleggsfaktorar som sett sitt preg på landskapet. Omfanget av hytteturisme får folk til å tenkje, og det reisast diskusjonar om kor vidt hytteturismen bidreg positivt eller øydelegg landskapet og opplevinga av det (Villa, 2011).

Korleis vil utvikling av hyttefelt og bygging av hytter ha ein innverknad på bygda? Kvifor er det betrakta som både økonomisk og sosialt berekraftig, og kanskje viktigast, frå kven sin ståstad? Både Mirani og Farahani (2015) og Müller (2002) betraktar hytter i rurale områder som berekraftig utvikling, dette med bakgrunn i at utviklinga vil ha ein positiv innverknad på den lokal økonomien og at det ikkje skal skade lokale sosio-kulturelle tradisjonar eller miljø. Er det så enkelt? I denne oppgåva vil eg undersøkje denne konteksten noko vidare. Mirani og Farahani (2015) vurderer nokre av dei negative konsekvensane hytteutvikling kan ha i rurale områder, særleg når det kjem til landskapet hyttene blir bygd i. Kaltenborn et al. (2008), Taugbøl et al. (2001) og Austrheim et al. (2015) vurderer òg bekymringar når det kjem til dei miljømessige påverknadane. Ved å implementere hyttetomter i naturen påverkar ein det lokale livet og dei kulturelle tradisjonane. Hytteturisme bringar nye brukarar inn i utmarka, brukarar med ei anna forståing og bakgrunn enn dei lokale. Dette er ein viktig faktor som kan vere grunnlag til konfliktar, noko eg vil belyse noko nærmare. På bakgrunn av konsekvensane ved næringsutvikling i fjellområder vart det i «Fjellteksten» lagt vekt på korleis fjellområder både innanfor og utanfor verneområder brukast utan at natur- og kulturhistoriske verdiar øydeleggast. «Fjellteksten» er eit underkapittel i proposisjonen som omhandlar «Fjellområdene – bruk, vern og verdiskaping», og har eit fokus på å synleggjere potensialet for auka turisme i fjellområder (Finansdepartementet, 2003).

## 2.4 Kunnskap og bevisstheit om landbruket

I tråd med kommodifisering og ny bruk av utmarka har det blitt eit større fokus på kunnskap kring landbruk og utmarksressursen, noko vi kan sjå gjennom aktuelle planar og rapportar som vegetasjonsrapporten, landbruksplanen og beiteplanen i Oppdal (sjå Oppdal kommune, 2013; Rekdal & Angeloff, 2015; Styringsgruppen for beiterulling, 2018). Dette blir også vektlagt i sluttrapporten frå Nasjonalt Beiteprosjekt 2009-2013, der det står skrive at det er eit behov for auka merksemd kring beiteressursens betyding når det kjem til matproduksjon og dei vidare tenestene beiting står for når det gjeld kulturlandskap, attgroing og biologisk mangfald (Blix, 2018; Bryn, 2004; Statens Landbruksforvaltning, 2013).

Endringane i landbrukspolitikken har som vi ser, ført til ei sterkare satsing på ny næringsmessig nytting av utmarksressursane. Vidare fører dette til ei aukande interesse for, og etterspørsel etter økonomiske godar med grunnlag i utmarka. For å kunne forvalte utmarka på best mogleg måte, er det viktig både for tradisjonelle og nye brukarar å synleggjere sine interesser og planlegge arealbruken. Eit vilkår for å kunne planleggje miljøretta og forvalte utmarksressursen på ein

rett måte, er å kjenne til naturgrunnlaget (Rekdal & Angeloff, 2015). På bakgrunn av dette har det blitt utført vegetasjonskartlegging i delar av Oppdal. Som ein del av denne vegetasjonskartlegginga er det utarbeida avleidde temakart kring beiting for sau og storfe. Den viktigaste målsettinga for dette arbeidet var å lage eit grunnlag for planlegging av beitebruk og landskapsskjøtsel. Ved hjelp av denne kartlegginga kan ein disponere arealet til sitt rette formål. Det er mogleg å føresjå konsekvensar av ulike inngrep, og på denne måten kan ein nytte areal på best mogleg måte. Som det einaste systematiske reiskapen for vurdering av beitekvalitet i utmarka, spelar vegetasjonskartlegginga ein viktig faktor i forvalting av areal i Oppdal, der ein kan ha motstridande interesser (Rekdal & Angeloff, 2015).

Som ein del av kunnskapsformidlinga og bevisstgjeringa om landbruket og for å bidra til meir effektive forvaltingsprosessar, har Oppdal både ein landbruksplan og ein beiteplan. Visjonen for landbruket i Oppdal 2013-2021 er «Oppdal – levende kulturlandskap» (Oppdal kommune, 2013). Vidare står det skrive at deira hovudmål er «Kulturlandskapets mangfold skal bevares og utvikles som bærebjelke for et aktivt landbruk, bosetting og verdiskaping» (Oppdal kommune, 2013, s. 2). Dette hovudmålet blir følgt opp av ulike delmål som fungerer som retningslinjer for å oppnå hovudmålet. Delmåla har blant anna eit fokus på å auke produksjonen av mat og bruk av lokale råvarer, bevisstgjere forvaltinga av arealressursane for å halda ved lag kulturlandskapet, dei vil ta vare på eit levande og god bustad, og til slutt auke fokuset på kunnskap og samarbeid i øvrige næringsliv.

Beiteplanen for Oppdal rullerar kvart fjerde år. Målet med denne planen er å synleggjere beiteinteressene i Oppdal, og den skal brukast som eit viktig dokument i kunnskapsgrunnlaget både i planarbeid, saksbehandlingar og i planlegging av bruken av utmarka. I beiteplanen står det skrive: «Siden første gangs utgave i 2001 har det vært en utvikling som viser større press på utmark og den tradisjonelle bruken av utmarka enn noen gang.» (Styringsgruppen for beiterulling, 2018, s. 2). Vidare understrekar dei viktigheita av beiteretten som er ein av dei eldste bruksrettar som er knytt til utmarka i Noreg. Ei aktiv beitenæring er med på å halda ved lag og pleie eit levande kulturlandskap som bidreg positivt for utmarka sine mange brukarar. Tidlegare forsking på effekten av beitedyr i utmarka viser at den tradisjonelle bruken gjennom beitenæringer bidreg til vedlikehald av det biologiske mangfald og halda ved lag dei naturlege økosystema i fjellet (sjå Austrheim et al., 2016; Rekdal, 2001; Setten & Austrheim, 2017).

### **3. Landskap, verdivurderingar og berekraftig forvalting**

#### **3.1 Landskap**

Landskap er eitt blant mange komplekse omgrep som vi geografar nyttar oss av. Omgrepene kulturlandskap, natur, miljø, region, rom og stad er òg ein del av kjerneomgrepene i geografi-disiplinen. Desse omgrepene kan definerast og diskuterast på mange forskjelle måtar, dermed blir dei sett på som kaotiske omgrep. Omgrepene landskap er ikkje eit unntak. I denne oppgåva har eg valt ei pluralistisk tilnærming til omgrepene, noko som betyr at eg vil vektlegge ulike betydingar av omgrepene landskap. Ved å trekke fram ulike aktørars meningar og forklaring av omgrepene kan ein bidra til betre forståing, kommunikasjon og dialog, og dermed gjere dei ulike aktørane klar over forskjellane i deira forståing av konseptet (Jones, 2003). Mange ulike problemstillingar, debattar og ueinigheter kjem fram i diskusjonen rundt kva landskap er og korleis ein tolkar dette. Menneskjer med ulike bakgrunnar tolkar dette forskjellig. Dette er sentralt for landskapsstudiar (Schein, 2003).

Omgrepet *landskap* blir i daglegtale forstått som kvalitetar ved eit fysisk miljø som til dømes fjell, vidde eller skog. På denne måten skil omgrepene landskap områder frå kvarandre på bakgrunn av naturgitte ulikheiter. Jones (2003) hevdar at omgrepene både har ei fysisk mening, altså korleis menneskeleg aktivitet har påverka naturen gjennom tider, og ei kognitiv mening som viser til betydninga av dei kulturelle meningane som menneskjer tillegg deira fysiske omgivnadar, både naturlege og menneskelege. Geografen Donald Meinig (1979) er ein sentral bidragsytar i landskapsstudiar, han understreka korleis ein ut i frå landskapet kan lese og forstå sosiale aspekt ved samfunnet (Meinig, 1979). Landskapet representerer eit stort omfang av ulike verdiar og ressursar for ulike formål. Ulike menneskjer vil kople forskjellege førestillingar til og opplevelingar til eit landskap, dermed er forvalting av landskapet og landskapets eigenskapar svært viktig (Framstad, Fjellstad, Dramstad, Fry & Skar, 2001).

##### **3.1.1 Kulturlandskap**

Som omgrepene landskap, er også omgrepene kulturlandskap brukt i mange samanhengar og har dermed varierande betydning avhengig av kven som brukar det. Kulturlandskap er eit nyare omgrep enn landskap og har også vist seg å vere meir problematisk (Christensen, 2002). Kulturlandskap er sett saman av orda kultur og landskap, noko som viser til at kultur har sett sitt preg på landskapet (Norderhaug, Frøyland, Søraas & Østebrøt, 1999). Den tradisjonelle geografiske forståinga av kulturlandskap er altså korleis landskapet reint fysisk er påverka av

menneskjer og handlingane våre. Utgangspunktet for denne forståinga er frå geografen Carl Sauer som meinte at kultur er ein agent som omformar naturlandskapet til kulturlandskap (Aasetre, 2004).

Frå slutten av 1960-talet fekk omgrepet kulturlandskap ei ny betydning, dette med bakgrunn i store politiske og kulturelle haldningsverdiar, og ein aukande sivilisasjonskritikk. Raske samfunnsendringar i etterkrigstida førte til både rasjonalisering og sentralisering i både jord- og skogbruket. Det andre store hamskiftet sette sitt preg på samfunnet og vidare på landskapet, folk begynte å rette eit kritisk blikk mot det som føregjekk i samfunnet. Som konsekvens av dette argumenterte folk mot at naturen var ein avgrensa ressurs og tok dermed avstand frå dei store, tekniske inngrepa i naturen. På denne måten vaks interessa for miljø, økologi og vern fram (Christensen, 2002).

### 3.1.2 Landskapsverdiar

Sidan fokuset i denne oppgåva er å undersøkje kva verdiar ulike aktørar koplar til landskapet, har eg valt å presentere Jones (1993) sin typologi om landskapsverdiar. Jones (1993) trekk fram korleis vi menneskjer tillegg landskapet verdiar. I sitt arbeid, er Jones (1993) inspirert av Erich Walter Zimmermann sitt syn på kva ein ressurs er. Zimmermann (1972) ser ikkje på ein ressurs som ein enkelt ting, han forstår derimot ein ressurs som noko som dekk menneskelege behov og ønsker. Vidare er det altså relasjonen mellom eit objekt og objektet sin verdi som har betydning. Landskap er døme på eit objekt som blir verdifult fordi ulike aktørar tillegg landskapet verdiar, verdiane er altså ibuande hos menneskjer og grupper av menneskjer, ikkje i sjølve landskapet. Don Mitchell (2005) argumenterer òg for at vi tillegg omgivnadane meinings gjennom vår eiga forståing. I forlenging av dette oppstår det utfordringar som ein konsekvens av at ulike aktørar projiserer ei rekkje ulike verdiar til landskapet, som det ikkje er mogleg å fullt ut optimalisere samtidig. Jones (1993) prøver å avdekke dei vanlegaste verdiane aktørane projiserer landskapet. Resultatet er ein typologi av landskapsverdiar, der han har kategorisert verdiane knytt til landskap inn i økonomiske verdiar, ikkje-økonomiske verdiar, sikkerheitsverdiar og negative verdiar. Desse landskapsverdiane er gunstige å bruke i forsking på interessekonfliktar, noko Daugstad og Prøsch-Danielsen (2017) blant anna har gjort i si forsking på arealbruk i Jærlandskapet. Vidare vil eg utdjupe dei to første kategoriane Jones (1993) presenterer, i tillegg til negative verdiar, sidan desse er relevante for denne oppgåva.

Jones (1993) identifiserer tre ulike typar av økonomiske verdiar, desse er *sjølvbergingsverdiar*, *marknadsverdiar* og *langsiktig økologisk bruksverdi*. Desse verdiane kan ein sjå i samanheng med det Meinig (1979) omtalar som '*landscape as Wealth*', der han forstår landskapet som ei kjelde til blant anna økonomisk inntening og ein ressurs som er til for å nyttast. *Sjølvbergingsverdiar* er instrumentalle verdiar i det dei relaterer seg til den funksjonen landskapet har til å dekkje behovet for å overleve. Landskapet er verdsatt gjennom måten det bidreg direkte med tilgang til mat for hushaldet. Når det gjeld *marknadsverdiar*, er desse basert på sal av produkt frå landskapet, dette kan vere innan landbruk. Vidare omhandlar dette kommodifisering av landskapet, der ein sel landskapet som ei vare gjennom til dømes turisme. Pengeverdien av landskapet blir dermed veklagt som verdifull. Jones (1993) påpeikar at marknadsverdien av ein ressurs ofte kan vere kortsiktig sidan den er avhengig av marknadsswingingane. Dette kan føre med seg at landskapet endrar seg raskt sidan nytting av landskapet blir sett opp mot eit formål. Til dømes kan ein trekke fram hyttebygging, denne næringa kan føre til raske og omfattande landskapsendringar og vidare gå utover andre mindre lønnsame næringar som landbruket. På denne måten kan vektlegging av marknadsverdien med kapitalismen som grunnlag føre til konkurranse mellom ulik økonomisk bruk av landskapet. Ein kan også forstå den *langsiktige økologisk bruksverdien* som instrumentall, men på same tid har denne ein viktig etisk dimensjon ved seg som skil den frå den kortsiktige marknadsverdien. Denne økonomiske verdien tilfredsstiller altså ikkje berre dei akutte og midlertidige behova, men skal også dekke behova for framtidige generasjonar. På denne måten bygg denne nyttinga av ressursar på eit berekraftig prinsipp, der den økologiske verdien skal dekkje både dagens og framtidas behov.

Når det gjeld kategorien ikkje-økonomiske verdiar, har Jones (1993) delt inn i fire underkategoriar; *økologisk eigenverdi*, *vitskapeleg- og utdanningsverdi*, *estetisk- og rekreasjonsverdi*, og *orienterings- og identitetsverdi*. Felles for desse verdiane er at dei dekkjer menneskelege behov utover det økonomiske. Ein kan kople desse verdiane til landskap som bidreg til mennesket si vidare velferd. Dette kan til dømes vere at landskapet er ein arena for naturopplevingar, rekreasjon, historie eller estetiske opplevingar. Gjennom *økologisk eigenverdi* ser ein på landskapet som ein ressurs i seg sjølv. Grunnlaget for denne tenkinga ligg i det etiske synet på at alle artar har rett til å eksistere og har ein ibuande verdi. På denne måten kan ein argumentere for å ivareta det biologiske mangfaldet på grunnlag av at mangfaldet har ein ibuande verdi. Denne landskapsverdien blir også skildra av Meinig (1979), som ser på landskapet som noko naturleg og vakkert. *Vitskapeleg- og utdanningsverdi* viser til korleis ein

ser på landskapet som ei kjelde til læring og forsking. Det er gjerne forskingsinstitusjonar, universitet og skular som verdsett landskapet på denne måten. Landskapet blir sett på som eit kunnskapsarkiv der ein kan innhente og formidle informasjon. Ved å verdsette landskapet gjennom *estetiske- og rekreasjonsverdiar* nyttar du gjerne landskapet til rekreasjon og fysisk utfolding gjennom ulike aktivitetar som turgåing, skigåing eller sykling. Landskapet blir ei kjelde til inspirasjon, både gjennom direkte aktivitet i naturen og indirekte gjennom kunst, bilete eller filmar. Menneskjer har ulike behov og ønsker, noko som fører med seg at menneskjer kan ha ulike preferansar knytt til denne verdien. *Orientering- og identitetsverdi* er den siste underkategorien som gir menneskjer moglegheit til å orientere seg i landskapet, då både fysisk og mentalt. Denne landskapsverdien er knytt til tilhøyrsel og menneskjers 'sence of place'. Vidare bygg dette på kulturell identitet, religiøs betyding og i nokre tilfelle spirituell verdi i landskapet.

Jones (1993) skildrar korleis ulike landskap kan inneha negative verdiar, dømer på slike landskap kan vere slumområder eller forlate gruveområder. Det kan vere ulike grunnar til at eit landskap utstrålar negative verdiar. Den einaste måten slike landskap kan forandrist til å inneha positive landskapsverdiar er ved å fjerne dei negative funksjonane. Som døme, trekkjer Jones (1993) fram korleis eit landbruksområde kan bli oppfatta som negativt for utviklingsinteresser med økonomisk interesse. Landbruket kan vere eit hinder for å transformere landskapet til ein større økonomisk verdi som hytteutbygging. I dette tilfellet kan landbruket bli sett på som ein negativ verdi, der utviklingsinteresser ser på landskapet som ei positiv moglegheit for større økonomisk verdi i landskapet. På denne måten kan ulike økonomiske aktivitetar og aktørar utkonkurrere kvarandre, i dette tilfellet vil landbruket vere mindre lønnsamt og kan dermed bli utkonkurrert. Jones (1993) understrekar at desse verdivurderingane er basert på individ og grupper, og dermed er ikkje den negative verdien ibuande i landskapet.

### 3.1.3 Ulike landskapssyn og -forståingar

Den stadig aukande variasjonen i befolkningssamansettinga i distriktskommunar har sett sitt preg på dagens landskap. Christensen (2002) skildrar korleis bygdekulturen er prega av ei 'urbanisering', fleire og fleire manglar tilknyting til den tradisjonelle bruken av utmarka og synet på kva landskapet skal representere er noko annleis. Landskapet oppfattast og blir forstått på forskjellege måtar av forskjellege menneskjer. Landskapsforståinga er påverka av samfunnsmessige endringsprosessar, noko som kan føre til konfliktar mellom ulik bruk av utmarka og landskapet generelt.

Vi bør forstå landskapet som ein prosess, ein dynamisk prosess. Christensen (2002) understrekar at landskapet ikkje er noko statisk fenomen. Ved å vise til omgrepene *taskscape*, som Ingold (2002) presenterer, forstår vi at landskapet har ein dynamisk karakter. Omgrepene inneheld det engelske ordet *task* som tyder målretta, handling, oppgåve, arbeid. Ingold (2002) skildrar korleis det å leve i landskapet, å setje sine spor etter sitt bruk blir ein del av landskapets tekstur saman med livsyklusen til andre biologiske artar. Landskapet blir på denne måten eit produkt av menneskeleg liv og arbeid, landskapet fortel ei historie. Landskapet er, og har alltid vore eit område som menneskjer nyttar seg av og er dermed alltid i endring (Christensen, 2002). I forlenging av dette er omgrepene *taskscape* med på å forankre handlingar og meininger i landskapet. Handlingar i landskapet kan vere knytt både til tradisjonelt arbeid eller kvardagslege oppgåver, og til rekreasjon som friluftsliv. Dermed forstår vi korleis ulike opplevelingar av landskapet er forma av ulik praksis.

Skuland og Skogen (2014) presenterer to ulike former for landskapsideal, *brukslandskapet* og *det autentiske landskapet*. Eit liknande og relevant omgrepspar som blant anna er presentert av Christensen (2002) og Daugstad (2005) er *innanfrå-* og *utanfrå-perspektivet*, dette vil eg også nytte meg av for å nyansere ulike forståingar av landskapet. Desse omgropa har blitt brukt i studiar om landbrukets påverknad på landskapet og i generelle landskapsstudiar (Daugstad, 2005). Det er viktig å hugse at dette er analytiske verktøy og dermed ikkje ei eksakt avbilding av verkelegheita. Vi kan ikkje forstå desse omgropa heilt bokstaveleg, men det er omgrep som hjelpt oss til å forstå korleis menneskjer stiller seg til omgivnadane og endringane i landskapet. Forståinga av kva eit landskap er kan ein knytte til korleis menneskjer faktisk bruker, bevegar seg i, stiler seg til og utfoldar seg i landskapet.

*Brukslandskapet* er forstått som den tradisjonelle nyttinga av naturressursar og landskapet, dette kan vere ulike former for landbruk, skogsdrift, husdyrhald saman med annan ressursnytting av utmarka, fiske og jakt. Grunnleggjande for denne landskapsforståinga er nyttinga av naturressursane i landskapet gjennom fleire generasjonar. Forståinga er altså tufta på tradisjonell nytting med ei kulturell forståing, dermed blir omgrepene kulturlandskap også nytta om dette landskapet. Denne forståinga står derfor sterkt hos menneskjer som har ei tydeleg kulturell forankring i tradisjonell nytting av naturressursane. Rovdyr må forvaltas aktivt for å halda ved lag ein balanse, både forholdet mellom viltartar og med tanke på beitedyr. Det er arbeidet på inn- og utmark som gir landskapet verdi og meininger (Skuland & Skogen, 2014).

Mennesket har ein viktig plass i brukslandskapet og nyttinga av landskapet blir ofte sett på som eit bytteforhold. Vi kan forstå *brukslandskapet* som eit *innanfrå-perspektiv*. Dette perspektivet bygg også på ei aktiv tilnærming til landskapet der aktørar forandrar landskapet gjennom arbeid. Menneskjer med eit innanfrå-perspektiv føler ofte at landskapet er ibuande i kroppen, fokuset er på lokal og situert kunnskap (Christensen, 2002). Den typiske aktør som innehar dette perspektivet er bønder (Daugstad, 2005). Omgrepene *taskscape* kan relaterast til dette fysiske uttrykket for *bruken* av kulturlandskapet. Gjennom omgrepene *taskscape* forstår ein landskapet i lys av menneskeleg verksamheit, som bygg på praktisk kunnskap om samfunnet. Denne kunnskapen er kroppsleigjort, den er ibuande i menneskjer som stiller seg til landskapet (Ingold, 2002). I likskap, argumenterer Mitchell (2005) for at menneskjer påverkast av dei sosiale og kulturelle forholda kring landskapet, på denne måten kan ein forstå at bønder har eit meir aktivt forhold til landskapet på bakgrunn av at utmarka er deira arbeidsplass.

Til forskjell frå *brukslandskapet* er *det autentiske landskapet* kjenneteikna av den ville og urørte naturen. Gjennom denne forståinga er ikkje landskapet ein del av kvardagen, det er heller noko vi besøker på fritida gjennom rekreasjon. Turgåing er ein eigen måte å erkjenne landskapet på og er med på å gi landskapet meiningsinnhald. Ved å gå tur i det ein forstår som det autentiske landskapet opplev ein fredeleg atmosfære, det gir helsegevinstar og ein tek avstand til det moderne og materialistiske samfunnet. I denne forståinga er landskapet noko som er utanfor mennesket sin kontroll og noko som opphavleg er til stades. Dette fører vidare til at menneskeleg aktivitet og nytting av landskapet blir sett på som feil. Det autentiske landskapet rommar idear om det opphavlege plante- og dyrelivet, noko som betyr at rovdyr er med på å karakterisere landskapet som autentisk. Rovdyr i naturen gir opplevinga av landskapet ein annan dimensjon, dei er med på å gjøre naturen 'vill' og dermed autentisk. Likevel blir dei tradisjonelle måtane å bruke naturen på oppfatta som ekte. Særleg utmarksbeite blir akseptert i forståinga av det autentiske landskapet (Skuland & Skogen, 2014). Ein kan kople *utanfrå-perspektivet* til det autentiske landskapet. Typiske aktørar som innehar det autentiske landskapet kan vere turistar og hyttebuuarar. Menneskjer som opplev landskapet utanfrå erfarer ofte landskapet med ein viss distanse. Dei har ikkje same tilknytinga til landskaper som bønder har, dei innehar ikkje den same kunnskapen om landskapet og forandrar heller ikkje landskapet aktivt på same måte som bondene gjer (Christensen, 2002; Daugstad, 2005).

Om ein har eit syn på landskapet som brukslandskap, som eit autentisk landskap, innanfrå- eller utanfrå-perspektiv handlar det om individets nærleik og distanse til omgivnadane. Ein sauebonde som lever i og for landskapet kan ein førestille seg har noko nærrare forhold til

utmarka og landskapet enn hyttefolket som kjem utanfrå og brukar landskapet berre til rekreasjon. Desse ulike perspektiva kan føre til konfliktar ved at ulike aktørar tillegg landskapet ulike verdiar og har ulikt syn på kva som er den rette bruken av landskapet.

### 3.1.4 Det moralske landskapet

Det er tydeleg at verdivurderingar og haldningar dannar eit bakteppe for korleis ulike aktørar ønsker å ta i bruk ein naturressurs som utmarka. I spennet av ulike syn og forståingar av landskapet blir det gjort ulike verdivurderingar. Dei ulike forståingane og syna på kva landskap er, er basert på kunnskap. Denne kunnskapen om kva eit landskap er resulterer i korleis ein vel å (re)presentere landskapet (Mitchell, 2005; Setten, 2002). I forlenging av dette kan ein snakke om det moralske landskapet. Det moralske landskapet omhandlar relasjonane mellom landskapet og moralske verdiar og vurderingar. Moral er ulike oppfatningar om kva som er rett/gale, passande/upassande, bra/dårleg, urettferdig/rettferdig. Desse oppfatningane speglar menneskjers meningar, haldningar og åtferd. På denne måten er moralske vurderingar og landskap gjensidig påverka av kvarandre (jf. Flemsæter, 2014; Setten & Brown, 2009). Setten og Brown (2009) forklarar forholdet mellom landskapet og moral på denne måten: «Notions concerning the ‘use’ and ‘misuse’ of land, and competing formulations of appropriate behavior in the landscape, reflect moral assumptions about environment and society, and are influential in shaping particular landscapes» (s. 192). Vurderingane av kva som er rett og gale i eit landskap varierer både i tid og rom, i tillegg spelar kulturelle og sosiale skiljelinjer ei rolle, noko eg no vil forklare nærmare.

For å få ei betre forståing av relasjonen mellom moral og landskap presenterer Setten og Brown (2009) fire tilnærningsmåtar. Flemsæter (2014) har i sin artikkel «Moralske landskap i utmarka» utvikla desse til å passe til ein norsk kontekst, og vidare tatt dei i bruk som eit analytisk rammeverk. I denne oppgåva vil eg ta i bruk delar av dette analytiske rammeverket Flemsæter (2014) presenterer, for å diskutere det empiriske materialet i oppgåva.

Den første tilnærminga kallar Setten og Brown (2009) *conduct in place*, av Flemsæter (2014) utvikla til *her-og-nå-landskapet*. Denne tilnærminga tek utgangspunkt i vurderingar av augeblikkets bilet av landskapet. Dei moralske vurderingane som blir gjort blir avgjort ut ifrå kva som høyrer heime i landskapet til ei kvar tid. Den andre tilnærming Setten og Brown (2009) presenterer er *moral practice and landscape*. Denne tilnærminga forsøkjer å forklare korleis menneskjers vurderingar av kva som er rett og gale blir reflektert gjennom praksis. Praksisen

formar landskap, og vidare formar landskapet menneskets handlingar. Tid spelar ei viktig rolle i denne tilnærminga. Kva ein ser på som rett eller gale til eitt tidspunkt, kan vere annleis til eit anna tidspunkt. Dette er altså påverka av tidsånda, dei intellektuelle, dei moralske og dei kulturelle strømingane i tida. Det er eit dynamisk og gjensidig avhengighetsforhold mellom praksisar og landskapet som involverer moralske vurderingar. Flemsæter (2014) omtalar denne tilnærminga for *moral og eit dynamisk landskap*. Den tredje tilnærminga, *landscape as polity*, forklarar korleis landskapet er organisert og korleis denne organiseringa kan forklara gjennom samspelet mellom det fysiske landskapet, formelle institusjonar, tradisjonar og sedvane (Setten & Brown, 2009). Flemsæter (2014) forklarar korleis organisering gjennom eit bestemt avgrensa landskap kan vise seg gjennom kommuneplanar, verneplanar, eigedoms- og bruksrettighetsstrukturar. Denne organiseringa viser korleis eit landskap blir bestemt av ein rådande moral, der ulike grupper er representert og har legitim rett til å uttale seg og bestemme over bruken av landskapet. Denne tilnærminga omtalar Flemsæter (2014) som *det organiserte landskapet*. Den fjerde og siste tilnærminga Setten og Brown (2009) presenterer er *landscape and social justice* som Flemsæter (2014) utvikla til *sosialt landskap*. Sosiale relasjonar, sosial identitet og maktstrukturar er umogleg å unngå i forholdet mellom moral og landskapet, og kan vidare vere eit resultat av ulike oppfatningar om kva som er rett og gale i eit landskap. I verste fall kan det også føre til sosial ulikheit. Menneskjer har ulik grad av påverking i bruken og forma av landskapet, på denne måten kan landskapet vere med på å forme sosiale strukturar i samfunnet.

### 3.2 Ressursknappleik

Ut i frå utgreiinga om omgrepene landskap og ulike verdiar vi menneskjer tillegg landskapet, forstår vi at dette omgrepet er svært komplekst. Ein kan ha ulike syn på kva eit landskap er og kva dette betyr for vedkommande. Korleis ein forstår og tolkar landskapet har bakgrunn i kva verdiar ein tillegg landskapet. Forvalting av naturressursar er dermed ein kompleks prosess. Det er spesielt utfordrande å skulle forvalte naturressursar når det er fleire interesserte i same ressursen eller området. Knappleik på ein ressurs er ofte rota til ei konflikt, dette fordi det er fleire aktørar som verdsett ressursen ulikt (jf. Jones, 1993; Solstad, 2007). Vidare oppfører aktørane seg ulikt for å nå måla og intensjonane ved bruk av ressursen.

Solstad (2007) skildrar tre fundamentale konsept ved økonomi, desse er verdiar, menneskeleg åtferd og eigedomsrettar. Økonomisk utvikling og miljømessige konsekvensar er i høg grad relaterte til kvarandre, og det er ofte dette som er basen for konflikt. Konfliktar som omhandlar naturressursar er ofte basert på det mangfaldet av aktørar som har forskjellelege interesser og preferansar på måten ein naturressurs kan nyttast på. Berge (2006) forklarar også i sin artikkel «Protected areas and traditional commons: Values and institutions» at det er krevjande å skulle balansere ulike interesser i eitt og same landskap sidan utmarka utgjer forskjellege godar til ulike grupper av menneskjer. Solstad (2007) belyser korleis rett til eigedom ledar til institusjonell oppførsel, basert på verdiar. Vidare, fastslår Solstad at dei fleste problem som er relatert til økonomi ofte startar med knappleik, som er utfolda i interessekonfliktar, som vidare er forstått av konseptet verdi. Dette er svært relevant for denne oppgåva der ulike syn på landskapet er basert på forskjellege verdiar, som ledar til ulik oppførsel og dermed konflikt. Knappleiken på utmarksbeite forårsaka i dette tilfellet interessekonfliktar, noko som gjer dette sitatet frå artikkelen spesielt interessant å påpeike: “In a world of scarcity and conflicts of interests, environmental problems are typically characterized by various stakeholders having incompatible opinions about the declining resources” (Solstad, 2007, s. 21).

### 3.3 Berekraftig utvikling

Som Solstad (2007) skriv, er økonomisk utvikling og miljømessige konsekvensar ofte relaterte til kvarandre. Er det mogleg å forvalte utmarksressursen både på ein økonomisk og ein miljømessig berekraftig måte? Omgrepet berekraft og berekraftig utvikling er lang ifrå eintydige omgrep, tvert i mot er det heller komplekse omgrep som kan defineraast og bli forstått på mange måtar. Til tross for dette vil eg i denne samanheng trekke fram Brundtland-kommisjonens rapport *Our Common Future* som skildrar berekraftig utvikling på denne måten:

A sustainable development – is a process of change in which the exploitation of resources, the direction of investments, the orientation of technological development, and institutional change are all in harmony and enhance both current and future potential to meet human needs and aspirations. (Brundtland, 1987, s. 46)

I forlenging av denne definisjonen skildrar rapporten og den seinare diskusjonen rundt omgrepet berekraftig utvikling korleis omgrepet er bygd opp av tre dimensjonar som til saman utgjer berekraftig utvikling. Ein kan altså forstå berekraftig utvikling som balansen mellom dei tre dimensjonane *miljømessig berekraft*, *økonomisk berekraft* og *sosial berekraft* (Askim & Wang, 1999). Til saman skildrar desse tre dimensjonane ved berekraftig utvikling ei heilskapleg forståing av omgrepet. Dei tre dimensjonane er gjensidig avhengige og gjensidig forsterkande.

For at det skal vere mogleg å drive ei berekraftig utvikling må ein altså sjå på samspelet og dialogen mellom desse ulike dimensjonane (Elliott, 2006). Taugbøl et al. (2001) og Vasstrøm og Lysgård (2018) er dømer på tidlegare forsking som vurderer utvikling av hyttenæringer opp mot dei tre dimensjonane ved berekraft.

Når det gjeld *miljømessig berekraft*, handlar dette om balansen mellom bruk av naturressursar og naturen si evne til å fornye desse ressursane. Sagt på ein annan måte, handlar det om å sikre økologiske system over lang tid. Sentrale politiske mål er å redusere utslepp og forureining, samstundes som ein vil ta vare på det biologiske mangfaldet. Kulturlandskapet er verdsatt som viktige kvalitetar. I tillegg er det eit fokus på å sikre naturen som ein stad for rekreasjon og opplevelingar (Askim & Wang, 1999). Den *økonomiske dimensjonen* ved berekraft omhandlar å halda ved lag menneskeleg velferd og levekår over lang tid. Ressursforvalting er eit nøkkelomgrep når det kjem til økonomisk berekraft. I tillegg omhandlar denne dimensjonen organisering av økonomisk aktivitet, produksjon og forbruk. På denne måten handlar det ikkje berre om å sikre finansielle føresetnadjar, men også ei langsiktig forvalting av andre aktuelle økonomiske verdiar. Økonomisk berekraft føresett på denne måten at sosiale og miljømessige forhold ligg til rette for å utøve ei berekraftig økonomisk utvikling (Askim & Wang, 1999). Ei *sosial berekraftig utvikling* omhandlar utvikling som ikkje går på kostnad av sosiale forhold, utviklinga skal ha eit preg av sosial harmoni. I likskap med miljømessig berekraft operarar ein også her med eit langtidsperspektiv der målet er å halda ved lag samfunnsorden og livskvalitet over tid. Viktige temaa i følge rapporten til Miljøverndepartementet (1999) er helse, kultur, bumiljø, påverknad/medverking og demokrati (Askim & Wang, 1999). Andre kjenneteikn på sosial berekraft er eit sterkt lokaldemokrati der lokale innbyggjarar, næringslivet og organisasjonar føler at dei har påverkingskraft og blir sett i avgjersler.

### 3.4 Agonistisk planlegging

Det store fokuset på berekraftig utvikling og dei mange interessekonfliktane som utspelar seg på bakgrunn av dette stiller nye krav til planlegging og forvalting av naturressursar som utmarka. Planlegging er retta mot å balansere ulike interesser og verdiar og legge til rette for samarbeids- og utviklingsprosessar, på denne måten er planlegging i høgste grad knytt til berekraft (Vasstrøm & Lysgård, 2015). Ein viktig del av sosial berekraft er eit velfungerande demokrati. Ifølgje Chantal Mouffe (2011), er formålet med eit demokrati å tillate ulike forståingar av verda. Dette blir forklart gjennom omgrepene agonisme, som er ein kritisk planleggingsteori som fokuserer på dei positive aspekta ved konfliktar (McClymont, 2011;

Pløger, 2004). Ei av utfordringane i forvalting av naturressursar er å sjå agonisme som ei produktiv kraft, heller enn å ekskludere konfliktane gjennom ein prosess som søker konsensus. Ein forsøkjer altså å sjå på dei ulike interessene og konfliktane som produktive og positive i forvaltingsarbeid. I følgje Mouffe referert i Pløger (2004) må ein sjå på motparten i ei interessekonflikt som ein motstandar framfor ein fiende. Agonisme er altså ei form for konfliktbasert konsensus mellom legitime motstandarar (Vasstrøm & Lysgård, 2015).



## **4. Metode**

### **4.1 Kvalitativ metode**

Studieobjektet for denne masteroppgåva er andre folk sine meininger, haldningar og tankar. For å få eit innblikk i dette er ei kvalitativ tilnærming absolutt best eigna. Gjennom kvalitativ metode går ein grundigare inn i forskinga og får betre kvalitet på forskinga gjennom *innsikt* og dermed *forståing* (Tjora, 2017). Som Crang og Cook (2007) skriv, vil ein få ei djupare forståing av prosessane som skaper den sosiale verda ved å utforske kompleksiteten i kvardagslivet. Gjennom denne forskinga er eg interessert nettopp i å få innblikk i og forståing for dei ulike verdiane og haldningane ulike aktørar tillegg landskapet, og vidare korleis dette påverkar deira bruk av utmarka. Fordelen med kvalitativ metode er altså at ein understrekar fleire tydingar og tolkingar, i staden for å forsøkje å finne dominerande eller korrekte tolkingar (Winchester & Rofe, 2016).

Som eit første viktig steg i etnografisk forsking understrekar Crang og Cook (2007) viktigheita av å danne seg eit nettverk av relevante kontaktar og ein kjennskap til det aktuelle samfunnet og tema ein ønsker å gjere feltarbeid i. Mi interesse for landskapsgeografi og ressursforvalting vaks fram under eit tidlegare feltkurs i Oppdal med fokus på utvikling av bygda. Med erfaringar og kunnskap frå dette feltkurset vart det naturleg for meg å velje Oppdal som utgangspunkt for forskingsarbeidet. Dette gav meg eit fortrinn sidan eg allereie hadde kjennskap til kommunen og potensielle informantar med kunnskap om temaet eg var interessert i å forske på. Samstundes er avstanden frå Trondheim til Oppdal overkommeleg, og derfor mogleg å skulle gjennomføre feltarbeid der.

### **4.2 Det kvalitative forskingsintervjuet**

På bakgrunn av det føregåande meiner eg at intervju er den mest passande metoden for innsamling av data til dette forskingsprosjektet. Denne form for metode kan gi utfyllande informasjon rundt forskingstemaet ein studerer. Ved å nytte intervju som metode har ein moglegheit til å stille detaljerte spørsmål som vidare oppmodar informanten til å reflektere rundt eigne verdiar og meininger rundt bruken av utmarka. Den kvalitative tilnærminga blir altså brukt til å undersøkje enkeltindivid sine synspunkt, erfaringar og haldningar, ein søker informasjon om *subjektive* størrelsar (Tjora, 2017). For å oppnå gode svar er det viktig å leggje til rette for informantens erfaringsdeling, derfor er det avgjerande å formulere gode spørsmål som inviterer informanten til å reflektere over sine eigne tankar og haldningar. Vidare er det

opp til forskaren å styre dialogen og følgje opp informantens utsegn ved å vise interesse for informantens utsegn. Ut i frå dette ser vi at ei av dei store styrkene til det kvalitative forskingsintervjuet er at det opnar opp sjansar for forskar til å utforske kva som er relevant for informanten (Dunn, 2016).

Ein definisjon av det tradisjonelle intervjuet lyder som følgjer: «a face-to-face verbal interchange in which one person, the interviewer, attempts to elicit information or expressions of opinion or belief from another person or persons» (Moccoby & Moccoby, 1995, s. 449). Ein kan òg gjennomføre intervju over telefon, på skype, på e-mail og på sosiale mediar. I dette tilfellet valde eg bevisst å gjennomføre intervju ansikt til ansikt, for å oppnå best mogleg kvalitet. Fara ved å intervjuue over telefon eller e-mail er at ein mistar dei verdifulle reaksjonane og kroppsspråket til informanten. I tillegg mistar ein moglegheita til å stille interessante oppfølgingsspørsmål (Dunn, 2016). Dette forklarar kvifor vi kan nemne intervjustituasjonen som *intersubjektiv*, kvaliteten på refleksjonane som kjem fram gjennom eit intervju er avhengig av relasjonen mellom forskar og deltakar. Ein er altså avhengig av korleis intervjuet spelar seg som ein *sosial situasjon*. Dette still krav til forskaren som ønsker å oppnå målet om å skape ein fri samtale rundt det gjeldande temaet. I tillegg understrekar det viktigheita av relasjonen mellom forskar og deltakar, noko som fører med seg etiske faktorar, som eg vil kome tilbake til seinare (Thagaard, 2013; Tjora, 2017).

For å få eit godt resultat frå intervju er det heilt avgjerande å legge mykje arbeid i førebuingane (Dunn, 2016). Dette inneber å bli kjent med konteksten av temaet, lage informasjonsskriv, finne relevante informantar, avtale møter, samt lage intervjuguide. Thagaard (2013) understrekar at forskar må innehå ulike kvalifikasjonar for å kunne handtere eit intervju. Å skulle lede eit intervju krev ein kombinasjon av handverksmessig dyktigheit, fagleg ekspertise og trening i å meistre sosiale relasjonar. Metoden intervju er basert på eit fenomenologisk perspektiv, som betyr at ein ønsker å forstå informanten sine opplevingar samt informanten sine refleksjonar over desse. Dette er som nemnt fordelane ved kvalitativ metode (Dunn, 2016). Til gjengjeld må ein som nemnt kunne handtere sosiale situasjonar for å få god nytte av intervjuet. Eit grundig etterarbeid er òg avgjerande for å få best mogleg nytte av datamaterialet, dette ved å transkribere lydopptak, kode og analysere datamaterialet.

#### 4.2.1 Utval og rekruttering

Som nemnt understrekar Thagaard (2013) blant anna at fagleg ekspertise er ein av kvalifikasjonane ein forskar må ha for å gjennomføre forskarintervju. For meg var det svært viktig å setje meg inn i, og forstå temaet og dei aktuelle interessekonfliktane som utspelar seg i utmarka. Derfor brukte eg mykje tid på å orientere meg i litteratur om utmarksressursen, utvikling i Oppdal og ulike debattar kring bruken av utmarka i Oppdal. Gjennom denne førebuingss prosessen fekk eg navigert meg i litteratur om temaet og det vart klarare for meg kva oppgåva skulle omhandle og kva informantar som var aktuelle å kontakte for å kunne svare på problemstillinga.

Det kan vere utfordrande å skulle setje saman eit kvalitativt utval, dette fordi ein ofte arbeidar med få og strategiske utval, dermed må dette utvalet vere svært godt grunngitt. Innanfor kvalitative intervju nyttar ein seg ofte av *kriterieutval*, noko som inneber at ein vel informantar som kan uttale seg og reflektere over det aktuelle temaet (Tjora, 2017). Når det gjeld denne oppgåva, er eg interessert i å undersøkje ulike aktørar sine haldningar til og meiningar om endringar i bruken av utmarka. Dermed oppsøkte eg ulike brukar- og interessegrupper knytt til nytting av utmarka. Informantane i denne oppgåva representerer derfor både sauebønder og hyttebyggjarar, samt nokre informantar som innehavar begge rollene. I tillegg representerer to av informantane roller som indirekte er med på å utvikle nytting av utmarka, nemleg representantar frå landbrukskontoret i Oppdal og Nasjonalparken Næringshage. På denne måten håpa eg å skulle dekkje ulike verdi- og tankesett knytt til utmarka, noko som vil forsterke min empiri og diskusjonen. Variasjonen i bakgrunnen til informantane tenkte eg på førehand kunne vere med på å nyansere og forsterke oppgåva, nettopp ved å undersøkje ulike perspektiv på eitt og same tema.

Å skulle rekruttere informantar viste seg å vere ein spanande og noko utfordrande prosess. Til å starte med hadde eg tenkt at eit intervju med landbrukskontoret ville vere ein god start på det heile, dette for å setje meg inn i sjølve konteksten. Det viste seg at timeplanen til den gjeldande informanten var noko full, dermed vart dette det siste intervjuet eg gjennomførte. Eg fekk som Dunn (2016) og Thagaard (2013) forklalarar, erfart at ein som forskar må vere fleksibel. Eg nutta meg av beiteplanen og kontaktinformasjonen til dei ulike beitelaga for å finne andre relevante informantar. Det var spanande å skulle ta steget å ringe ukjente menneskjer for å høre om dei var interessert i mi oppgåve. For kvar informant eg ringte presenterte eg meg sjølv og mi oppgåve. Etter eit par telefonar møtte eg ein veldig engasjert sauebonde, dette var eit viktig steg

i mi vidare forsking sidan det var denne informanten som sette meg i kontakt med dei komande informantane. Rekruttering av nye informantar blir her skildra gjennom *snøballmetoden*, altså gjennom tips frå første informant (Tjora, 2017). Det er knytt utfordringar til denne metoden, blant anna at den kan avgrense variasjon. Dette såg eg ikkje som noko problem i mitt tilfelle sidan det vart føreslått opp til fleire kontaktar, dermed gjorde eg individuelle val og val som passa for oppgåva mi.

Det var stor interesse for å delta blant fleirtalet av dei eg kontakta. Dei fleste var positive til oppgåva mi og syntest det var eit svært viktig tema som dei gjerne ville stille til intervju til. Eg møtte berre på eitt negativt svar, gjeldande forklarte at han ikkje hadde nok erfaring og kompetanse innan hyttebygging, at han var for ny i 'gamet'. Andre svarte rett og slett ikkje då eg ringte. På bakgrunn av dette kan ein forstå at framgangsmåten for å velje ut deltakarar til forskingsprosjektet er basert på *tilgjengelegheit*, altså at utvalet er eit resultat av kven som var tilgjengeleg og ønska å delta (Thagaard, 2013). Følgeleg kan dette påverke mitt datamateriale i form av ei mindre nyansert forsking. Samtidig forsikra eg meg om at eg hadde eit breitt utval av informantar som svarar til ulike brukarar og aktørar i utmarka.

Undersøkinga mi bygg med dette på åtte intervju. For å få eit innblikk i utmarksbruken i Oppdal var det som sagt avgjerande for meg å kontakte ulike aktørar. Dermed har eg intervjuat to sauebønder, to aktørar knytt til hyttebygging, to informantar som innehavar begge rollene som sauebonde og hyttebyggjar. I tillegg har eg prata med ein aktør innan landbrukssektoren i kommunen og to frå Nasjonalparken Næringshage. I samråd med rettleiar vurderte eg at dette utvalet var stort nok til å gi ei forståing av fenomenet eg studerer, og eit grunnlag for å svare på problemstillinga og dei underordna forskingsspørsmåla. Undervegs i etterarbeidet, der eg transkriberte intervjuet forsto eg at eg hadde nådd eit mettingspunkt. Ein kan setje eit spørsmålsteikn ved størrelsen på mitt utval sidan det representerer ulike kategoriar, altså ulike aktørar med ulik tilknyting til utmarka. Thagaard (2013) understrekar at ein må vurdere mettingspunktet innanfor kvar av kategoriane i utvalet. Til tross for at utvalet mitt består av ulike kategoriar, følte eg at det representerte eit mettingspunkt med desse åtte informantane. Ein avgjerande faktor i denne avgjersla var at fleire av mine informantar innehavar rolla både som sauebonde og hyttebyggjar, på denne måten fekk eg innsikt i begge rollene gjennom éin og same informant.

<b>Informantar</b>	<b>Referent til i tekst</b>
Sauebonde 1	Sb1
Sauebonde 2	Sb2
Kombinert sauebonde og hyttebyggjar 1	SbH1
Kombinert sauebonde og hyttebyggjar 2	SbH2
Hyttebyggjar 1	H1
Hyttebyggjar 1	H2
Representant frå landbrukskontoret	Representant frå landbrukskontoret
Representantar frå Nasjonalparken Næringshage	Representantar frå Nasjonalparken Næringshage

Tabell 1 Oversikt over informantane

#### 4.2.2 Informasjonsskriv og intervjuguide

Informasjonsskrivet var det første eg utarbeida i prosessen mot ei masteroppgåve, dette for å sende inn til godkjenning til NSD. Dette skrivet gav ei kort skildring av oppgåva, kva det innebar å delta, rettigheter informanten til ei kvar tid hadde, korleis informasjonen ville bli behandla og lagra. I skrivet gav eg informasjon om at deltaking var frivillig og vidare at kravet om anonymitet ville bli følgt opp. For å gjennomføre eit prosjekt som denne masteroppgåva der du involverer andre mennesker, må du ha deira tillating, dette fekk eg gjennom dette informasjonsskrivet som også innebar ei samtykkjeerklæring (Dowling, 2016). I tråd med det Dunn (2016) skriv, sende eg informasjonsskrivet på e-post til informantane etter at dei hadde sagt seg villig til å delta i mitt forskingsprosjekt. For å samle informantane sine skriftlege samtykkje, tok eg i tillegg med informasjonsskrivet og samtykkjeerklæringa i papirformat til kvart intervju. På denne måten sikra eg at alle informantane hadde forstått kva dei samtykkja til.

Ved å førebu intervjuguidar som var semi-strukturert var målet å kunne skape ein relativ fri samtale rundt dei ulike tema. Ved å skape ei god atmosfære for interaksjon, ønskte eg å få informanten til å reflektere over eigne erfaringar og meiningar knytt til endringar i bruk av utmarka (Tjora, 2017). Starten på intervjuguiden konsentrerte seg om enkle og konkrete oppvarmingsspørsmål som ikkje krev mykje refleksjon. Gjennom desse spørsmåla var eg interessert i å høyre om informantens bakgrunn og vidare kva verdiar dei tillegg naturen og utmarka generelt. Formålet med desse generelle spørsmåla var å løyse stemninga noko og bli betre kjend med informanten. Oppvarmingsspørsmåla er i følgje Dunn (2016) eit viktig

grunnlag for den vidare dialogen og utfallet av sjølve intervjuet, dette var noko eg sjølv følte verdien av under intervjuet ved at stemninga vart noko lettare.

I eit semi-strukturert intervju skisserer ein gjerne ned hovudspørsmål og deretter relevante oppfølgingsspørsmål, for å få meir djupleik i temaet. Fordelen med denne form for intervju er at ein kan få innblikk i informasjon og kunnskap ein ikkje ville ha fått gjennom andre former for metode, som ved observasjon (Dunn, 2016; Thagaard, 2013). Ein av grunnane til at eg valde denne strukturen på intervjuet er at ein står nokså fritt til å følgje trådar og eventuelle avsporingar som informanten skulle ta opp. Sidan eg intervjuet ulike aktørar med ulike tilknyting til utmarka, enda eg opp med fem forskjellege intervjuguidar. Det skal seiast at desse var bygd opp på omtrentleg same måte, der alle inneheld dei same oppvarmingsspørsmåla og spørsmål rundt verdiar og haldningar til utmarka.

#### 4.2.3 Intervjusituasjonen

Møta med informantane føregjekk på forskjellege stadar. I følgje Tjora (2017) er det viktig å gjennomføre intervjuet på ein stad der informanten føler seg trygg, derfor er det ein fordel å la informanten få bestemme kvar intervjuet skal finne stad. I det eg avtalte møte med informantane var eg derfor klar på at eg var fleksibel og kunne møte dei kvar som helst, når som helst. Fleire av informantane inviterte meg dermed heim til seg utan at eg la nokon føringar, andre informantar inviterte meg til deira arbeidsplassar eller kontor. Tjora (2017) nemner at ein av fordelane ved å intervju i informantens sin heim er at informantane då kan trekkje fram ulike artefaktar som er med på å belyse temaet og vidare få samtalen på gli. Nettopp dette var noko eg opplevde gjentekne gangar, fleire av informantane drog fram visuelle representasjoner i form av kart og bilete for å klargjere kva dei snakka om. Dette førte til ein ekstra dimensjon ved samtalen, og bidrog til betre forståing både for meg som forskar og for informanten gjennom visualisering av det vi snakka om (Thagaard, 2013).

For å kunne utføre eit intervju på ein god måte forklarar Thagaard (2013) som nemnt at ein må innehå ein del kvalifikasjoner, blant anna å kunne handtere ein sosial situasjon. Crang og Cook (2007) forklarar korleis dei første intervjuet kan vere prega av nervositet, noko eg kjente på sidan dette var ei uvant rolle for meg å tre inn i. I oppstarten av intervjuet er det derfor viktig å presentere seg sjølv, forklare kvifor akkurat denne informanten er interessant, presentere temaet for intervjuet nok ein gang, gå gjennom den etiske protokollen og spørje om det er noko informanten lurer på før ein til slutt minner om tillating til lydopptak før ein startar intervjuet. På denne måten fekk eg forsikra meg om at informantane visste nøyaktig kva dei samtykkja til,

i tillegg til at informantane kunne føle seg litt tryggare på eigen deltaking og intervjustituasjonen (Dowling, 2016). I tillegg var den teoretiske kunnskapen eg hadde tileigna meg på førehand nyttig. Denne faglege kompetansen gjorde det lettare for meg å følgje tankerekkjene til informantane og gjorde at samtalens flaut betre. Jo fleire intervju eg gjorde, jo betre flyt følte eg det vart. Eg blei betre og betre kjent med intervjuguiden min, og meir observant på kva eg ønskte å få ut av intervjuua. Derfor gjorde eg nokre justeringar etter eit par intervju, eg såg at nokre av spørsmåla var noko overlappande og nokre var litt overflødige.

Eg opplevde stor differanse i tidsbruk på dei ulike intervjuua. Intervjuua varte frå 45-120 min. Dette kan forklaraast av fleire grunnar. Det første intervjuet eg gjorde var det lengste, dette var den mest pratesalige av alle informantar i tillegg til at eg syntest det var noko ekkelt å skulle avbryte informanten for å gå vidare. Eg nyttet meg av lydopptak på mobilen, på denne måten kunne eg konsentrere meg om det informanten uttrykte og vidare følgje opp poengene som informantane la fram fortløpende. Dette kan også vere ein avgjerande faktor for tidsbruken. Som Tjora (2017) skriv, vil det alltid vere ein risiko å inkludere teknologi, derfor understrekar han viktigheita av å ta notat undervegs. Følgeleg opplevde eg at mobilen min ringte under eit opptak, i denne situasjonen hadde eg heller ikkje notatblokk ved mi side, slik Tjora (2017) tilrår. Heldigvis oppdaga eg dette raskt og fekk starta eit nytt lydopptak så snart som mogleg. Av dette lærte eg at det var lurt å setje telefonen på flymodus under intervju, deretter støtte eg ikkje på problem. Ei anna utfordring som Dunn (2016) understrekar ved bruk av lydopptak, er at informantar kan bli noko skeptiske og kanskje utelate noko informasjon i frykta for å bli kjent att. Eg opplevde at nokre av informantane syntest det var litt unaturleg å skulle prate med lydopptak på, derfor var det desto viktigare for meg å forsøkje å etablere tillit til informanten og skape ei trygg atmosfære for samtalens.

### 4.3 Etterarbeid og analyse

Allereie undervegs i datainnsamlinga begynte eg å sjå samanhengar i dei ulike resultata eg hadde funnet. Dette viser at analyseprosessen starta tidleg under feltarbeidet. Dette kan ein omtnale som ein tidleg fase i analysearbeidet (Thagaard, 2013).

#### 4.3.1 Transkribering, koding og analyse

Metodelitteratur anbefaler at ein startar transkribering av intervju så snart ein har sjans, i tillegg understrekar mykje av litteraturen at dette er verdifult arbeid ein sjølv burde gjere (sjå Crang & Cook, 2007; Dunn, 2016; Thagaard, 2013). Dette har eg i etterkant skjønt poenget med, nettopp

fordi eg allereie i denne prosessen starta å sjå samanhengar og tenkte over korleis eg kunne bruke datamaterialet på ulike måtar. Dermed gjorde eg dette fortløpande, gjerne same dagen eller dagen etter det gjeldande intervjuet. Til tider hadde eg nokre utfordringar når det gjaldt transkribering. Oppdalsdialekta er ikkje veldig kjent for meg, samstundes er ikkje dette ei veldig avansert dialekt, men det hende seg at eg måtte spole tilbake nokre gangar for å lytte til klippa fleire gangar. Tjora (2017) understrekar at ein må vere observant på dialekta, sidan dialektord kan ha ei særeigen tyding. På bakgrunn av dette var det til stor hjelp å ta opp intervjuet på lydopptak, dette har gjort at eg sitt med eit fyldig datamateriale utan å ha mista verdifull informasjon. Ein annan fordel med å transkribere rett etter intervjuet fant stad, var at eg kunne skrive ned ulike reaksjonar som eg hugsar som relevante.

Etter å ha transkribert intervjuet sto koding for tur, som Tjora (2017) omtalar som det første steget i analysen. Formålet med koding er delvis å avgrense datamaterialet, delvis å organisere materialet og delvis ein prosess der du utforskar materialet (Cope, 2016). Gjennom denne delen av analysen delar ein datamaterialet inn i utsnitt som kjenneteiknast som kodeord. Desse kodeorda som viser til utsnitt av datamaterialet representerer meiningsinnhaldet i teksten. Thagaard (2013) understrekar at koding er ein prosess der ein reflekterer over korleis ein kan danne samanhengar mellom dei ulike kodane som utgjer datamaterialet. Eg nytta meg av dataprogrammet NVivo som er eit hjelpemiddel for blant anna koding av store mengder datamateriale. Cope (2016) skildrar to ulike former for kodar ein kan nytte seg av, eg nytta meg av begge, nemleg deskriptive og analytiske kodar. Først og fremst kategoriserte eg datamaterialet i deskriptive kodar, der materialet reflekterte tema eller mønster som var synlege på overflata utan å tolke dette noko vidare. I tillegg kopla eg datamaterialet til delar av teorien eg hadde planar om å bruke, på denne måten hadde eg allereie starta analysen i hovudet. Denne organiseringa av datamateriale brukte eg god tid på, sidan eg av erfaring veit at verdien av å bruke god tid på å strukturere innhald før ein startar skriveprosessen er stor. I etterkant er eg svært nøgd med koding- og organiséringsprosessen av datamaterialet, det var her sjølve analysen starta å ta form.

Som nemnt over starta analyseprosessen av datamaterialet allereie ute i feltet. Ein del av formålet med kvalitative analyser er å utvikle ei vidare forståing av det informantane uttrykkjer. Etter å ha koda materialet starta eg ei dekontekstualisering, denne prosessen forklarar Crang og Cook (2007) slik: "It's about cropping up, (re)ordering, (re)contextualising and (re)assembling the data we have so diligently constructed. It's about translating a messy process into a neat product" (s. 133). Denne prosessen omtalar dei vidare som 'Chaos stage', noko eg verkeleg

kjente meg igjen i. For å få oversikt over datamaterialet valde eg å organisere og analysere informasjonen frå informantane i overordna tema, noko Thagaard (2013) omtalar som temasentrert analyse. Resultatet frå denne prosessen var starten på sjølve diskusjonsdelen. Thagaard (2013) omtalar denne prosessen som rekontekstualisering, der ein knytt empirien opp mot teori. Metodelitteratur (sjå Dunn, 2016; Thagaard, 2013) legg vekt på at forskarens forkunnskap og forståing kan prege måten datamaterialet blir analysert og tolka på. For meg var det svært viktig å gjentekne gangar minne meg sjølv på at det er empirien som skal styre diskusjonen og tolking av datamaterialet, dette for å beskytte integriteten til informanten.

## 4.4 Etikk i kvalitativ metode

### 4.4.1 Etiske betraktingar

Etikk er ein svært viktig del av eit forskingsprosjekt som denne masteroppgåva. Det er mykje å ta omsyn til innan kvalitativ metodologi og etikk, blant anna er omgrep som objektivitet, subjektivitet, intersubjektivitet, kritisk refleksjon og posisjonering svært viktige å reflektere over. Som nemnd tidlegare inneber ei kvalitativ tilnærming til forsking interaksjon med andre menneskjer, dermed relasjonar og innblikk i tolkingar og opplevingar til andre personar. Ein må opptre på ein anstendig måte og behandle informantar og all informasjon med omtanke. Når det gjeld relasjonen til informantane, må eit samtykkje ligge til grunn for forskinga, eit *informert* samtykkje. Dette betyr at informanten skal ha informasjon om forskingstemaet, kva særskilde problem eg vil forske på, kva eg forventar av informanten og kor mykje tid ein vil bruke. Særleg viktig er det å ikkje påføre informanten skade, verken fysisk eller psykisk (Dowling, 2016). Som ein del av dette omhandlar prinsippet om konfidensialitet å sikre informanten sin personvern på ein slik måte at det ikkje skal vere mogleg å kjenne igjen informanten. Dette prinsippet vart følt ved å gi informantane fiktive forkortingar. Når det er sagt, kunne eg ikkje garantere at studieområdet Oppdal ikkje ville bli anonymisert, noko som kan medføre at lokale innbyggjarar kan kjenne igjen informantar. Med dette er det vanskeleg å garantere fullstendig konfidensialitet (Dowling, 2016; Thagaard, 2013).

### 4.4.2 Den refleksive forskar

Intervjusituasjonen omtalar ein gjerne som intersubjektiv. Ein er altså avhengig av relasjonen mellom intervjuar og informant for å få eit god resultat av intervjuet. Dermed er sosiale normer, forventningar til kvarandre og strukturar av makt med på å farge interaksjonen mellom intervjuar og informant (Dowling, 2016). Implisitt i all forsking bør derfor høfleghet og tillit

ligge til grunn. Sidan ein har med andre sine subjektive opplevingar, haldningar og meininger å gjere, bør ein opptre høfleg og respektere informantens tid. Relasjonane som oppstår under forskingsarbeidet er nødvendig å tenkje gjennom på førehand. Ved første samtale med informantar må ein presentere seg sjølv og oppgåva si på ein verdig måte, og høfleg spørje om dei er interessert i å delta i forskingsprosjektet.

Elles er rolla eg trer inn i som forskar viktig å reflektere over. Dowling (2016) understrekar kritisk refleksivitet som særskilt viktig innanfor kvalitativ forsking i geografi. Det er viktig å vere bevisst korleis ein kan identifisere og løyse etiske dilemma som skulle oppstå innanfor desse komplekse relasjonane ein opererer i. Forskinga vi driv er dynamisk og ein pågående prosess som kontinuerlig dannar nye relasjonar og problem som krev merksemd, derfor er sjølvkritisk bevisstheit særleg viktig i ein slik forskingsprosess. Ein må altså heile tida vere bevisst seg sjølv som forskar og sitt eige forskingsprosjekt for å halda ved lag etiske forhold. I nokre av intervjua dreia samtalen seg innom nokre sensitive tema, til dømes korleis enkelte informantar opplevde nedlegging av drifta på garden til fordel for hytteutbygging, samt korleis det kjentes å sitte med to hattar, altså drive både med sauedrift og hyttebygging. I tillegg stilte eg spørsmål om kva som vart sett på som rett og gale bruk. Desse ulike temaa kjente eg som forskar var noko sensitive tema, noko som stilte krav til ein opparbeidd tillit mellom informantane og meg som forskar. Eg viste respekt overfor informantane og ei forståing overfor deira situasjon og vala dei hadde tatt.

#### 4.4.3 Maktforhold og kvalitetssikring

I eit forskingsprosjekt som mitt, der ein belyser ei interessekonflikt med forskjellelege aktørar med potensielle ulike verdiar må ein handtere datamateriale og publisering av materialet på ein varsam måte. Ein må ta stilling til ulike maktrelasjonar og det faktum at kunnskap er makt. Kunnskap viser seg både direkte og indirekte. Forsking kan ha direkte makt ved at resultatet frå forskinga kan ha direkte verknadar på ein person sitt liv. Forsking kan ha indirekte makt ved at dei historiene ein fortel gjennom forskinga kan ha betydning for korleis folk forstår temaet eller aktørane det dreiar seg om. Ein kan ikkje eliminere makt frå forskinga, derfor må ein ta dei rette vala og oppre anstendig for ikkje å krenke nokon av partane som er delaktige i forskingsarbeidet (Dowling, 2016). Derfor vil kritisk refleksivitet vere svært viktig og ei riktig haldning når ein er ute i feltet og i arbeid med analysen.

Å skulle undersøke forhold rundt interessekonfliktar opplevde eg som noko utfordrande, særleg i etterarbeidet. Etter koding og analysering av datamaterialet sat eg som sagt med eit datamateriale av stort omfang. Undervegs i analysen og tolking av datamateriale kjente eg korleis denne prosessen stilte krav til meg som forskar, då særleg med tanke på at dette omhandlar interessekonfliktar der det er lett å ta sider. Dowling (2016) understrekar at det er omrent umogleg å vere objektiv i kvalitativ forsking, nettopp fordi ein alltid vil ta med seg personlege historier og perspektiv inn i forskinga. Forskingsprosessen er heilt klart prega av mine eigne subjektive oppfatningar, noko som stiller krav til mi posisjonering i prosessen fram mot ei masteroppgåve. Eg har med dette forsøkt vere bevisst mi haldning overfor kvar enkelt av informantane, uavhengig av deira rolle, og vidare vere bevisst mi rolle som forskar i arbeidet fram mot ei masteroppgåve.

Utfordringa eg nemnte ovanfor kan ein vidare kople til dette prosjektets *truverd*, som omhandlar i kva grad forskinga legg grunnlag for at resultata er pålitelege, gyldige og overførbare. Desse omgrepa omhandlar både kvaliteten av informasjonen som oppgåva baserer seg på, og vurderingane av korleis eg som forskar nyttar og vidareutviklar informasjonen frå feltet (Thagaard, 2013). For å oppnå best mogleg truverd er det heilt avgjerande å grunngje vala ein har tatt i forskingsprosessen, korleis datamaterialet har blitt utvikla og vidare korleis ein stiller seg til sitt eige arbeid. Det er nettopp dette eg har forsøkt å reflektere over i det føregåande, at eg er bevisst min posisjon og eventuelle påverkingskraft på det endelige resultatet. Tjora (2017) omtalar dette som transparens, altså at prosessen mot ei forskingsoppgåve skal vere gjennomsiktig og opent kommunisert. Dette vil styrke oppgåva sin pålitelegheit. Ved å inkludere sitat i diskusjonen, og vidare reflektere rundt desse vil forskinga si pålitelegheit ytlegare forsterkast. Ein annan faktor som kan styrke studiet si truverd er gyldigheit, som omhandlar den logiske samanhengen mellom oppgåva si utforming, oppgåva si funn og spørsmåla ein søker svar på. Gyldigkeit forklarar vidare studiet sin grad av samsvar med det gjeldande forskarsamfunnet. Ved å forankre oppgåva i relevant forsking blir denne oppgåvas gyldigkeit forsterka (Tjora, 2017). Når det gjeld overførbarheit handlar dette om prosjektets relevans i andre samanhengar (Thagaard, 2013). For å vise prosjektet sin overførbarheit må ein argumentere for korleis studiet er påliteleg. I forlenging av dette kan eg argumentere for at endringane som skjer i utmark i Oppdal har karakteristikkar ein finn i andre kommunar med store utmarksareal. På denne måten vil forhåpentlegvis denne oppgåva kunne gi innsikt i endringar i utmark og følgjer av dette også i andre utmarkscommunar.



## 5. Endringar i bruken av utmarka i Oppdal

I det følgjande kapittelet vil eg presentere dei sentrale funna frå dei åtte intervjua med ulike aktørar i Oppdal og diskutere desse i lys av relevant bakgrunnskunnskap og litteratur. For å svare på problemstillinga og dei underordna forskingsspørsmåla har eg valt å organisere kapittelet kronologisk med tanke på utviklinga ein ser i utmarka og følgjene dette har. Dette betyr at eg først vil fokusere på informantane sine tankar rundt utmarka si betyding. Deretter vil eg trekke fram endringar som skjer i utmarka og korleis informantane opplev desse. Som følgje av endringane i utmarka trekk informantane fram ulike konsekvensar i form av ulike interessekonfliktar. Som ein del av konsekvensane vil eg framheve informantane sine haldningars til forvalting av utmarka, der ein ser at det er eit fokus på ein balansegang og samspele i bruken av utmarka. På bakgrunn av dette kan ein omtale dette som ei temasentrert analyse, sidan den tek utgangspunkt i ulike tema gjennom dei fire ulike forskingsspørsmåla (Thagaard, 2013).

### 5.1 Betydinga av utmarka

«*Det er jo utmarka som er verdien i Oppdal*» (SbH2) uttrykkjer ein av informatane som både er sauebonde og hyttebyggjar. Dette er noko informantane er samstemte om, kvar og ein trekk fram utmarka som ein av dei viktigaste ressursane i Oppdal kommune. «*Vi har jo Oppdal bygdeallmenning i alle fjella, så det er bøndene som eig det felles. Og eg meiner det er den største ressursen til Oppdal kommune*» (Sb1). Bakrunnen for denne oppfatninga kan ein forstå på måten utmarka utgjer sjølve grunnlaget for livet og at dette er ein naturressurs som tilfredsstiller på fleire plan i livet. For det første nemner kvar og ein av informantane at utmarka og landskapet representerer ein arena og eit rom for rekreasjon og fritid. For det andre, og kanskje viktigast, er måten utmarka stend for sjølve grunnlaget for ulike næringar og vidare grunnlaget for livet til enkelte av informantane. Vi kan derfor forstå at landskapet både har ei kognitiv mening og ei fysisk mening (jf. Jones, 2003).

Det er tydeleg at landskapet og utmarka har stor kognitiv tyding for informantane. Uavhengig av bakgrunn og kva behov den enkelte informant har til å nytte seg av utmarka, blir naturen trekt fram som ein viktig del av identiteten og trivselen ved å bu i Oppdal. Ettersom kvar og ein av informantane påpeikar naturen og utmarka som positive trekk ved Oppdal, er det tydeleg at naturen er sjølve grunnlaget for livet i Oppdal. Ein kan i likskap med Jones (1999) og Zimmermann et al. (1972) sjå korleis informantane forstår naturen og landskapet som ein ressurs som dekkjer deira behov og ønsker. Ein av informantane reflekterer over betydinga

naturen og landskapet har, og uttaler; «*det er kulissar for livet mitt*» (SbH1). Dette på bakgrunn av den reine og fine naturen som er tilgjengeleg for rekreasjon til ei kvar tid. Det er tydeleg at ein oppvekst der naturen har vore sentral gjennom friluftsliv og aktiv utfolding er gjennomgåande blant informantane. Ein annan informant uttrykkjer sitt forhold til utmarka på denne måten: «*Det er ein verdi som ikkje kan målast i pengar. Det er sjølv sagt ein trivselsfaktor som er veldig stor oppi dette her*» (H1). Informanten set her ord på korleis utmarka og landskapet innehavar verdiar utanom marknaden. Trivselsfaktoren som naturen bidreg med kan ikkje målast i peng, på denne måten ser vi at informantane tillegg landskapet det Jones (1993) omtalar som ein estetisk- og rekreasjonsverdi. Landskapet i Oppdal representerer altså ein ikkje-økonomisk verdi for fleire av informantane på måten dei nyttar utmarka til friluftsliv og rekreasjon.

I forlenging av dei ikkje-økonomiske verdiane menneskjer tillegg landskapet, var det fleire av informantane som forklarte si rolle som sauebonde som ein livsstil og vidare som sin identitet, jamfør Jones (1993) sin orienterings- og identitetsverdi. Fleire av informantane uttrykte eit sterkt og nært forhold til naturen og utmarka. På bakgrunn av dette kan vi forstå at bruken av utmarka og landskapet bidreg til sosial berekraft på måten utmarka bidreg med helsegevinst, trivsel og identitetsskaping (jf. Askim & Wang, 1999). Utmarka er sjølve grunnlaget for drifta og mykje av arbeidet føregår i tett tilknyting naturen, dette vart av fleire trekt fram som ei positiv side ved yrket. I tillegg uttrykkjer fleire av sauebøndene ei brei forståing og interesse for utmarka og det botaniske. Dei sitt på detaljert kunnskap om vegetasjonen og kva effekt beitedyra har på landskapet. Dette er kunnskap som har gått i arv gjennom generasjonar, som informanten frå landbrukskontoret uttrykkjer:

*Faren min sa det at, det er alltid eit spørsmål om våren, når skal ein sleppe ut sauane? Når er det godt nok beite, han sa det at ein skal gå på knea for å sjå om det er godt nok beite, når du ser grøne spirer bortover alle stadar, då er det berre å sleppe ut sauane, for då kjem det fort, då kjem det innan sauane har kome seg ut. Då er det godt og grønt.*

Denne nære tilknytinga til utmarka som fleire av sauebøndene uttrykkjer kan ein forstå i lys av landskapssynet Skuland og Skogen (2014) omtalar som brukslandskap. Kunnskapen om den tradisjonelle drifta blir ført vidare frå generasjon til generasjon, på denne måten kan ein forstå korleis det aktive samspelet med utmarka blir skildra som ein livsstil og vidare formar identiteten. I tråd med dette kan ein forstå innanfrå-perspektivet som Daugstad (2005) presenterer. Naturen og landskapet kan forståast som ibuande i rolla som bonde, som ein del av

den kulturelle identiteten. Dette perspektivet forklarar nettopp det sterke forholdet til utmarka som fleire av informantane uttrykte.

Utmarka i Oppdal har fysisk meining gjennom dei lange tradisjonane for landbruk (Jones, 2003), dette kan ein sjå gjennom utsegna frå ein av informantane: «*Første busettinga her er 9000 år gamal. Sidan då har vi sikkert budd her, drevet med jakt og fangst dei tidlegaste åra. Det er 2000 til 3000 år sidan den første landbruksjorda vart tatt i bruk*» (Representant frå Landbrukskontoret). Ein ser korleis den tradisjonelle geografiske forståinga av omgrepet kulturlandskap blir belyst av informanten (Aasetre, 2004). Menneskjer har levd i samspel med naturen i lang tid, der dei har nytta seg av ressursane utmarka og naturen tilbyr. Mennesket sine handlingar i naturen har sett spor i landskapet, dermed er kulturlandskapet eit resultat av menneskeleg aktivitet gjennom landbruket opp gjennom tidene. Ein ser korleis naturen i lang tid har blitt nytta til å hauste ulike godar for å dekke behovet for å overleve. Tidlegare kunne ein karakterisere denne form for matauk som sjølvbergingsverdiar ved landskapet (jf. Jones, 1993). Fleire av informantane nemner at utmarka er ein ressurs for matauk den dag i dag òg, som vi ser gjennom denne utsegna: «*Også er det i forhold til utmarka dette her med bær, jakt, matsanking, matauk*» (SbH1). Til forskjell frå tidlegare har dette utvikla seg til å bli aktivitetar i form av rekreasjon heller enn målet med å dekkje grunnleggjande behov. Også i denne samanhengen kan informantane sin bruk av landskapet forståast gjennom omgrepet brukslandskap. Denne form for hausting av landskapet er ein del av kulturen og den tradisjonelle bruken av utmarka (jf. Skuland & Skogen, 2014).

Informanten som skildra naturen og utmarka som kulisse for livet sitt reflekterte vidare over utmarka si betyding og uttrykkjer: «*I forhold til hyttebedrifta, så er det faktisk utmarka som er generatoren, i forhold til garden så er det slik at utan utmarka ingen sau, ingen sau ingen gard*» (SbH1). Som kombinert sauebonde og hyttebyggjar er det tydeleg at utmarka er den avgjerande faktoren for å kunne drive dei ulike næringane. Informanten frå landbrukskontoret understrekar òg at utmarka er ein stor økonomisk ressurs og er sjølve grunnlaget for å kunne drive med sau:

*Det er kanskje det som er spesielt med beitebruk, at der brukar du ein fornybar ressurs som kjem opp år etter år, som er kraftig og næringsrik og som gjer at lamma veks frå 6 kg til 60 kg på tre månadar.*

I følgje landbruksplanen i Oppdal (Oppdal kommune, 2013) utgjer dagens beitedyr ei føreining på kring 14,3 millionar kroner i løpet av éin beitesesong. På bakgrunn av dette kan ein forstå at dei 70% av kommunens areal som er utmark, representerer ein svært viktig marknadsverdi i

Oppdal og vidare er denne nyttinga av utmarka økonomisk berekraftig for Oppdal (jf. Jones, 1993). Vidare uttrykkjer ein av informantane følgjande:

*Eg synest det er ein veldig bra ting å drive matproduksjon basert på ein fornybar ressurs. Vi kan seie at kjøttproduksjonen vi har på garden er det i hovudsak utmarka som står for. Så det tenker eg er både moralisk, etisk og miljømessig veldig bra.* (SbH1)

Eit viktig poeng som her blir trekt fram av informanten, er at næringa bygg på ein fornybar ressurs. På denne måten kan vi forstå nyttinga av utmarka som beitemark som miljømessig berekraftig (jf. Askim & Wang, 1999). Utmarka utgjer for sauebøndene det Jones (1993) omtalar som ein langsiktig økologisk bruksverdi. Landskapet representerer ein økonomisk ressurs som kan omsetjast på ein marknad. Denne bruken tilfredsstiller både behova her og no, i tillegg til at bruken dekkjer behov for framtidige generasjonar. Sagt med andre ord, bygg denne langsiktige økologiske bruksverdien på eit berekraftig prinsipp. For det første fordi utmarka er ein privatøkonomisk ressurs for sauebøndene sidan matproduksjonen er ein stor del av yrket, for det andre fordi denne bruken av utmarka sikrar dei komande generasjonane til å bruke utmarka på same måte. I tillegg er dette ei svært fornybar nytting av ressursen, som representanten frå landbrukskontoret uttrykkjer som eit viktig argument i ei tid der ein er svært miljøbevisst:

*Det er ei veldig god nytting av lokale ressursar. For det er klart at beitebruken bind utruleg mykje karbon, for graset blir slått og veks opp igjen og opp igjen mange ganger i løpet av sesongen, så er det ein utruleg karbonbindar.*

På bakgrunn av dette kan ein forstå denne nyttinga av utmarksressursen som berekraftig, sidan denne bruken er med på å sikre dei økologiske systema i utmarka over land tid (jf. Askim & Wang, 1999). Tidlegare studiar på beitemark viser korleis det biologiske mangfald og økosistema i høgfjellet påverkast av beitetrykket, og med optimal beitetrykk er denne bruken svært berekraftig (sjå Austrheim et al., 2016).

Utmarka representerer også ein svært viktig ressurs for andre næringar, som hyttenæringsa. Dette ser ein gjennom utsegna til ein av hyttebyggjarane:

*Grunnen til at vi har fått all den aktiviteten er det eigentleg naturen og alt rundt det som kan for. Det er det som gjer at det kjem så mange ivrige folk, og at det kjem så mange folk som vil legge att pengar. Då kjem ein inn på dette med hytteutbygging.* (SbH1)

Det er tydeleg at utmarka er grunnlaget for den store hytteturismen ein finn i Oppdal. For dei av informantane som er aktive innan hyttenæringsa representerer utmarka ein avgjerande marknadsverdi, nettopp som SbH1 uttrykte ovanfor. Som Jones (1993) skriv er denne verdien

basert på sal av varer frå landskapet. Utmarka blir her den verdifulle ressursen som er årsaka til at folk vil ha hytter i Oppdal. Dette fenomenet kan ein forstå som kommodifisering av landskapet, altså at landskapet blir gjenstand for ei salsvare (jf. Best, 1989). Denne marknadsverdien av utmarka er avhengig av marknadssvingingane, noko som fører til at hyttebygging i utmarka kan forklarast som ein kortsiktig marknadsverdi (jf. Jones, 1993). Ein av hyttebyggjarane skildrar dette med eigne ord og forklarar korleis media spelar ei stor rolle for interessa rundt hytter i utmarka:

*Det går i bølgedalar. Dette er styrt av media, om avisas Adressa begynner å skrive negativt om kva det kostar med hytter og negativt, også venter ein litt, så plutselig skal ingen ha hytter lenger. Det er ein slik rar mekanisme det.* (SbH2)

Som ei oppsummering av utmarka si tyding for informantane og Oppdal generelt, vil eg trekkje fram denne utsegna: «*Tenker at utmarka og naturen er grunnlaget for dimensjonane ved det som kan føregå i Oppdal*» (Representant frå Nasjonalparken Næringshage). Representantane frå Nasjonalparken Næringshage uttrykkjer her at utmarka er sjølv grunnlaget for dei mange moglegheitene ein har for utvikling i Oppdal. Ut i frå det føregåande ser ein at utmarka har stor betyding for den tradisjonelle bruken gjennom beitenæringa. I tillegg har landskapet blitt gjenstand for nye måtar å nytte naturen på, som vi no skal sjå nærmere på.

## 5.2 Endringar i bruken av utmarka

### 5.2.1 Landbrukssamfunnet i endring og følgjer av dette

Som ein ser frå det føregåande kapittelet, er det klart at utmarka og naturen kring Oppdal har stor betyding for kvar og ein av informantane, uavhengig av kva rolle dei har. Som Christensen (2002) skriv, er landskapet stadig i endring. Dei ulike praksisane som føregår i landskapet formar og endrar landskapet til ei kvar tid (jf. Flemsæter, 2014; Setten & Brown, 2009). Tidlegare dominerte den tradisjonelle beitenæringa utmarka, i dag ser vi at nye næringar set sine spor i utmarka og landskapet. Dette er ein del av det dynamiske landskapet. Kva menneskjer ser på som rett og gale i eit landskap vil til ei kvar tid variere. Landskapet blir nytta på nye måtar og til nye formål (Austrheim et al., 2015). Vi skal no sjå korleis den tradisjonelle forma for nytting av utmarka har lagt føringar for nye måtar å ta utmarka i bruk. Ein av informantane skildrar her betydinga utmarka har for fleire brukarar:

*Kulturlandskapet som blir tatt hand om er viktig både for meg som bur her, og ikkje minst for dei som har hytter her. Kulturlandskapet er i stadig endring og vi må tåle at ny bruk og litt anna bruk vil endre landskapet.* (SbH1)

Informanten si forståing av landskapsendringar kan vi forstå gjennom omgrepet taskscape som forklarar korleis ulik bruk formar og endrar landskapet (jf. Ingold, 2002). I tillegg forklarar informanten at han er klar over samanhengen mellom kulturlandskapet som er skapt av beitedyr og attraktiviteten i hyttemarknaden. Informanten set her ord på sjølve kjernen i utmarksproblematikken.

I følgje informanten frå landbrukskontoret har utmarka tradisjonelt sett representert sjølve grunnlaget for ein ubroten beitetradisjon i godt over 2000 år. Beiting har vore svært viktig for å halda ved lag det naturlege økosystemet med eit breitt biologisk mangfald (sjå Austrheim et al., 2015; Bryn, 2004; Setten & Austrheim, 2017). Landbruket har vore ei viktig hjørnestinsbedrift i Oppdal i lang tid der direkte sysselsetting er 11% og indirekte sysselsetting ligg på 24%. Grunnlaget for denne næringa er nettopp naturressursen utmarka. Som ein av informantane uttrykkjer: «*Det er ingen tvil om at dette med sau og landbruk, ta med ku også då, det er ein del av det som er grunnlaget for alt anna som er her*» (SbH1). Det ser ut ifrå empirien ut til at kvar enkelt av informantane oppfattar nytting av utmarka som beite som rett bruk, dette på bakgrunn av alle ringverkingane det gir bygda.

Det har i årrekker vore ei auking i talet på sau i utmarka i Oppdal, men i 2018 snudde dette. «Bekymret for sauenæringa», seier overskrifta til ein artikkel i OPP-avisa (Frelysøy, 2019a). Ein ser i dag ei endring i bruken av utmarka. Omfanget av beitedyr i utmarka er på veg ned, noko som vil gi konsekvensar på fleire plan (Frelysøy, 2019a). Ein av informantane forklarar utviklinga han sjølv har registrert: «*Ja, du ser jo rundt meg da, alle gardane som er nedlagt her. Då eg vaks opp her så var det jo eit yrande liv her, på alle gardar*» (SbH2). Det er eit faktum at fleire og fleire sauebønder sluttar med sauedrift, noko som vil bety at vedlikehaldet og skjøtselen av utmarka vil minka og vidare føre med seg endringar i landskapet. Fleire av informantane forstår denne endringa i landbruket og bruken av utmarka på bakgrunn av den generelle samfunnsutviklinga og den gjeldande landbrukspolitikken. Ein av hyttebyggjarane som la om drifta frå sauehald til hyttebygging forstår endringane i landbruket på denne måten: «*Eg trur det er den politikken, eg trur det er det som er avgrensinga om dei driv med sau om 20 år, om det er berekraftig økonomisk*» (H2). Ut i frå det fleire av informantane uttrykkjer kan det sjå ut til at det ikkje er økonomisk berekraftig å drive med sauehald. Bekymringane som blir ytra blant informantane omhandlar blant anna for dårleg lønn, lange arbeidsdagar, for lite fritid og for lite støtte. Dette er også årsakene som blir trekt fram av fleire sauebønder i avisartikkelen frå OPP som skriv om nedlegging av sauedrifta (Frelysøy, 2019b). Rønningen og Burton (2013) understrekar at denne endringa er ein nasjonal tendens.

Konsekvensane av at fleire og fleire sluttar med sauehald er store. Yngve Rekdal (Schärer, 2016) ytrar ei bekymring for at landskapet skal gro att om beitetrykket blir for lågt. Beiting i utmark er ein av dei viktigaste reiskapane for å skjøtte utmarka og for å hindre attgroing (jf. Austrheim et al., 2015). Styringsgruppen for beiterullering (2018) poengterer i Beiteplanen for Oppdal tydinga beitenæringa har:

*Som landets største sauekommune, og med høy andel av storfe, hest og rein på utmarksbeite bidrar beitenæringa i Oppdal vesentlig til norsk matproduksjon, og til ivaretakelse av viktige fellesgoder som levende kulturlandskap og beitebetinget biologisk mangfold nasjonalt og lokalt i Oppdal. (s. 3)*

Eit viktig argument for beitenæringa er nettopp vedlikehald av det biologiske mangfald, dette er det fleire av informantane som påpeikar viktigheita av og ønsker eit større fokus på. Betydinga av å bevare naturen og det biologiske mangfald vart framheva som svært viktig i den nye rapporten frå det internasjonale naturpanelet (jf. Vissgren & Fjeld, 2019). Effektane av beitenæringa representerer ein økologisk eigenverdi ved at den bidreg til vedlikehald av viktige vegetasjonstypar som er unike for området i Oppdal (jf. Jones, 1993). Ein står i fare for å miste mange artar, dette understrekar representanten frå landbrukskontoret:

*Vi har utruleg mange verdifulle naturtypar som gjer at vi har eit stort biologisk mangfald, og trur det var rundt 150 planter som er trua på grunn av at dei krev beiting. Og dei er rikt representerert, og vi har beitemarkssoppar som har fått namn etter Oppdal, fordi dei er funne berre her.*

Det er tydeleg at Oppdal sitt på mange vegetasjonstypar som no er trua som ein konsekvens av eit lågare beitetrykk. Noreg sitt på eit ansvar i å ivareta det biologiske mangfaldet, landskapet og økosystemfunksjonar, dette skriv Vetaas og Måren (2008) som begge har gjort forsking innanfor området. Vi har forplikta oss til å førebyggje tap av biologisk mangfald gjennom FN-konvensjonen. Til tross for dette ser det ut til at det biologiske mangfaldet er trua på bakgrunn av endringar i beitetrykket. Vetaas og Måren (2008) understrekar at eit aktivt kulturlandskap er føresetnaden for å bevare eit biologisk mangfald og eit levedyktig jordbruk og skogbruk. Ein av sauebøndene ytrar sine tankar rundt konsekvensane av eit lågare beitetrykk:

*Det er jo heilt merkeleg når du tenker på alle dei dyreartane og planteartane som er avhengige av at det går beitedyr og at det er drifta slik som det har vore i generasjonar og at utmarka blir skjøtta, og når den ikkje blir skjøtta så forsvinn det biologiske mangfaldet. (Sb1)*

Beiteplanen (Styringsgruppen for beiterullering, 2018) understrekar også korleis beitenæringa bidreg med å ivareta ein viktig fellesgode, nemleg kulturlandskapet. Ein av konsekvensane ved

at beitenæringa blir mindre, er at det verdifulle kulturlandskapet gradvis vil forsvinne. Representanten frå landbrukskontoret understrekar at landbruket og den tradisjonelle beitenæringa i Oppdal har ei svært viktig rolle som leverandør av kulturlandskapet. Dette er som nemnd, ein fellesgode som fleire næringar nyttar seg av og er heilt avhengige av, som ein av hyttebyggjarane påpeikar; «*kulturlandskapet er jo kjempeviktig for turismen, eit nedbygd kulturlandskap er jo ikkje viktig for turismen*» (H1). Dette unike kulturlandskap er eit av dei viktigaste salsargumenta for reiselivsnæringa og fritidsmarknaden. Blix (2018) understrekar i si bok *En hyllest til sauens korleis* nyare næringar er avhengig av beitenæringa sin effekt på landskapet. Landskapet vil endre seg som følgje av eit lågare beitetrykk, noko som kan føre til at det opne kulturlandskapet som turistane kjem for å sjå på og drive rekreasjon i, blir borte. Reiselivet mistar ei av dei viktigaste merkevarene Noreg har (Blix, 2018). Derfor er bonden og arbeidet dei utfører svært viktig, som ein av informatane uttrykkjer: «*Bondene er jo grunnmuren dei. Tek du vekk bonden, kva er det som er att då?*» (H1). Ein av informantane understrekar at arbeidet som er lagt ned av bøndene og vidare av beitenæringa er avgjerande for Oppdal, det er sjølve grunnlaget for livet i bygda då det er det friserte landskapet som tiltrekker seg menneskjer. Kort summert av representanten frå landbrukskontoret: «*Det er jo på grunn av naturen at hyttefolka vil vere her*».

### 5.2.2 Nye brukargrupper som følgje av ny bruk

Skiftet frå ein produktivistisk landbruksmodell til ein post-produktivistisk sette fokus på det multifunksjonelle landbruket (sjå Jones & Rønningen, 2007; Rønningen & Burton, 2013). Utviklingsprosessane innan landbrukspolitikken har som nemnt innleiingsvis, vore ein avgjerande faktor for korleis bruken av utmarka har endra seg med tida. Som ein del av det multifunksjonelle landbruket har det vore eit fokus på å nytte natur- og kulturressursar til nye formål, som vidare skal vere grunnlaget for nye inntekter og rural utvikling (jf. Jones & Rønningen, 2007; Rønningen & Burton, 2013). Ein kan forstå endringar i nyttinga av utmarka i Oppdal som ein del av denne utviklingsprosessen. Ein av hyttebyggjarane eg intervjua reflekterte over valet han tok med å leggje om gardsdrifta frå sauedrifta og heller satse på hyttebransjen. Det var tydeleg at dette ikkje var eit lett val:

*Faren min var veldig konservativ og hadde veldig lite trua på sal av hyttetomter, og eg har jo vakse opp med den tankegangen. Så det var litt tilfeldig at vi fekk åtte tomter i starten, og eg kjenner då eg selde dei, det var litt tungt, det var med ein bismak.* (H2)

Denne utsegna understrekar forholdet mellom det moralske landskapet og tidsaspektet som Flemsæter (2014) omtalar. Ut i frå det informanten uttrykkjer kan ein forstå at den førre

generasjonen oppfatta hytter i utmarka som gale bruk av utmarka. Landskapet er dynamisk og tankane om kva som er rett og gale er avhengig av tidsånda og kulturelle strømmingar, i dette tilfellet kan ein tenkje seg at den endra landbrukspolitikken og satsinga på nye næringar i utmarka er ein av årsakene til at hytter i utmark i dag er meir akseptert som rett bruk av utmarka.

«*Det er jo eigentleg eit paradoks, her i Noreg har vi eit reint landskap, rein og frisk natur, den naturen sel vi, vi sel den som ei vare*» (Sb1). Ein av sauebøndene set her ord på endringsprosessane som skjer i landskapet. I tråd med Perkins (2006) kan ein forstå korleis landskapet er gjenstand for ei vare og vidare blir konsumert av hyttebuarar som kjøper hytter for å konsumere landskapet. Kulturlandskapet som primærnæringa har forma gjennom beitemark, blir her ein del av rekreasjonslandskapet som er så attraktivt for hyttefolket. Det er ei vid forståing blant informantane at kulturlandskapet er ein av dei største årsakene til at Oppdal er attraktivt for hyttefolket. «*Det er jo på grunn av naturen og kulturlandskapet at hyttefolka vil vere her*» (H1). Vidare påpeikar informanten frå landbrukskontoret at resultata frå ei undersøking blant hyttefolket i Oppdal viser at den viktigaste faktoren for at dei valde Oppdal var nettopp den fantastiske naturen og det fine kulturlandskapet. Litteratur på dette området bekreftar informantens utsegn og undersøkinga (sjå Kaltenborn et al., 2008; Mirani & Farahani, 2015; Taugbøl et al., 2001; Villa, 2011). Ut i frå desse kjeldene kan ein trygt forstå at landskapet er sjølve grunnlaget for livet i Oppdal. På denne måten kan vi omtale denne prosessen som den andre forma for kommodifisering der omgivnadane og landskapet laga av andre blir konsumert (jf. Best, 1989).

Kommodifisering er teikn på endringar i det rurale landskapet, det er nettopp dette som blir skildra i det føregåande avsnittet. Denne prosessen utfordrar og justerer etablert økonomiske, kulturelle og sosiale strukturar i samfunnet, som vi såg frå tankane frå den tidlegare generasjonen (Perkins, 2006). Bruken av utmarka i Oppdal kan ein forstå som eit resultat av eit diversifisert bruk (Kaltenborn et al., 2008). Ein kan sjå ei utvikling i bruken av utmarka som går frå den tradisjonelle bruken som i hovudsak har vore kopla til primærnæringane eller råvareindustrien, til nye typar næringsutvikling i utmarka der turismeutvikling og kommodifisering av fellesgodar har sett sitt preg. Gjennom auka turisme og hyttebygging ser ein korleis utmarksressursen blir nytta på nye måtar. Livsstilen blant nordmenn har endra seg dei siste 100 åra, folk har generelt meir fritid og mange ønsker å bruke denne i rurale strøk og i naturen (Taugbøl et al., 2001; Villa, 2011). Dette har lagt eit godt grunnlag for utbygging av hytter. Ein ser ei utvikling der bønder har gått frå stor drift på garden som einaste inntektskjelde, til å ta i bruk areal på nye måtar gjennom utbygging av tomter og hytter.

*«Bøndene kan ikkje henge langt bak i her, når samfunnet er heilt her framme. Vi vil jo vere med i utviklinga»* (SbH2). Denne utsegna viser korleis ein av informantane forstår at samfunnet er i endring, og har derfor handla. Av dei åtte informantane til dette prosjektet representerer to av dei den kombinerte rolla som sauebonde og hytteutbyggar. Dette er eit godt døme på diversifisert bruk, der ein nyttar seg av utmarksressursen på tradisjonelt vis gjennom beitebruk og gjennom ei nyare næring der ein sel landskapet som ei vare til hyttebrukarar (jf. Mirani & Farahani, 2015). Det innleiande sitatet kjem frå ein av informantane som har sett midlane frå hyttenæringa direkte inn i ein splitter ny og teknologisk sauefjøs. Motivasjonen for å drive med begge næringane forklarar informanten på denne måten: *«Eg set verdiane frå hyttetomtsalet inn i garden igjen, gjennom fjøsbygging og restaurering»* (SbH2). Informantane som driv med hyttebygging, gir uttrykk for at det er økonomisk hensiktsmessig, men legg òg vekt på at midlane som kjem frå denne næringa skal sikre framtidig drifta av garden. Det er tydeleg at motivasjonen for å drive med begge næringane er at ein får restaurert og vedlikehalde garden og setra knytt til denne. Dette ser ein nok eit døme på gjennom denne utsegna: *«Det er jo ei viktig inntektskjelde også, det er det jo ikkje noko tvil om. Det er dyrt å skulle halde i hevd alt omkring, så då må ein ha inn litt pengar også»* (H1).

Ein kan altså forstå korleis hyttebygging er ei form for kommodifisering gjennom måten landskapet blir gjort om til ei vare som sel på marknaden (Perkins, 2006). I tillegg kan ein sjå korleis den tredje forma for kommodifisering viser seg i Oppdal. La meg ta deg med tilbake til bilturen min til Oppdal. Reklameinnsлага på radioen forsøkte å selje det flotte landskapet i Oppdal. Vi kan forstå denne forma for reklame som representasjonar av landskapet (jf. Perkins, 2006). Poenget med reklame er nettopp å spreie interessa og vidare selje vara. Den eine informanten som driv med hyttebygging, forklarte korleis han nyttar seg av reklame i oppstarten av hyttesalet:

*Eg dreiv nok så aktivt med reklame for nokre år sidan, men no har eg slutta. Eg samanliknar det med eit godstog, det er veldig tungt å få det til å starte, men når ein først har fått det i gang, så går det.* (SbH2)

Det er ikkje berre innanfor hyttenæringa ein ser at kommodifisering utspelar seg. Ein av sauebøndene har sjølv satsa på opplevingsnæringa og ønsker å selje opplevelingar knytt til den tradisjonelle bruken av utmarka der sauene står i fokus. Informanten forklarar korleis det er stor interesse for lokalmat og særleg om kunnskapen rundt beitebruken, derfor nyttar sauebonden seg av radiobjeller på sauane, på denne måten kan informanten selje ei heilskapleg historie og forklare kvar akkurat denne sauene har beita: *«Det er viktig, då kan eg bruke det i*

*marknadsføringa mi. Kunnskapen om utmarka og om dyra, det brukar eg i marknadsføringa mi når eg snakkar med folk»* (Sb1). Informanten forklarar korleis dette gir ei ekstra verdiauking som er viktig for ho som seljar. I tillegg fortel informanten at det er stor interesse for skinnfellar. Informanten uttrykkjer dette om det endra fokuset i næringa: «*Det er utruleg interessant og det aukar også vår kunnskap om utmarka. For vi driv ikkje på same måte som for to-tre generasjoner sidan*» (Sb1). Det er tydeleg at det har skjedd endringar innan sauedrifta òg. Ein annan informant leikar med tanken på å selje opplevingar knytt til seterdrift. «*Slik som å ha turistar på garden, også kjørt inn i fjellet på setra, gått i fjellet og sett på sauane inne på setra og fått eit måltid der. Trur det er ein marknad for det altså*» (SbH2). Grunnlaget for denne form for turisme er nettopp resultatet frå det veletablerte landbruket som her blir tatt i bruk på nye måtar. Naturressursen utmarka får her ein ny verdi på marknaden, gjennom opplevingar. Ein kan forstå utviklinga av dette produktet og aktiviteten på bakgrunn av den diversifiserte marknaden, men òg gjennom eit nytt syn på livsstil, helse og trendar. Som Perkins (2006) skriv omhandlar denne form for kommersialisering blant anna nisjeprodukt og lokalmat. Oppdal møter kundemassen som har interesse for denne form for matopplevingar, det ser vi gjennom den lokale verdisirkelen som representanten frå landbrukskontoret forklarar: «*Vi har lokalt slakteri, vi har lokal foredling av mat, så vi har på ein måte den sirkelen på sau, slakting, vidareforedling og matutsal*». På denne måten ser vi at marknaden i Oppdal har tilpassa seg og endra seg i takt med etterspurnaden i samfunnet. Ressursane frå utmarka har fått ei ny tyding og blir her nytta på nye måtar som tilfredstill marknaden og legg grunnlag for nye inntektsformer, slik som det er lagt vekt på i St.meld. nr. 19 (1999-2000) (Landbruks- og matdepartementet, 2000; Perkins, 2006). Nytinga av landskapet er prega av konsum på bakgrunn av sosiale relasjonar og opplevingsøkonomien (jf. Mitchell, 2005).

For å summere opp, ser ein ut i frå informantane sine utsegn at endringar skjer i bruken av utmarka. Ein ser at ein av konsekvensane av samfunnsutviklinga og vidare landbrukspolitikken er at fleire og fleire bønder avsluttar si sauedrift. Ein av informantane omtalar desse endringane på følgjande måte: «*Det er jo tidas tvang*» (H1). Det blir altså vanskelegare og vanskelegare å skulle drive sidan sentralisering og effektivisering er stikkord som skildrar landbrukspolitikken (Rønningen & Burton, 2013). Som ein del av endringane i landbrukspolitikken har vi sett at enkelte av informantane har nytta inntekter frå hyttenæringer til å finansiere gardsdrifta og på denne måten haldt fram med sauedrift i kombinasjon med hyttebygging. Det er derimot ikkje alle som har motet eller moglegheitene til å drive med begge næringane. Ei anna bekymring som følgje av landbrukspolitikken, er som ein av informantane uttrykkjer:

*Så ser vi det at dei som er i ferd med å avvikle og ser sitt snitt til å selje tomter, dei snur. Då kjem dei på andre sidan. Og det er ei utfordring, det ser vi har skjedd fleire gangar.* (SbH2)

Her skildrar informanten det faktum at fleire bønder ser verdien i å selje tomter. Som påpeikt i denne oppgåva er ein av dei store konsekvensane ved dette færre dyr på beite, og dermed eit lågare beitetrykk som kan true det biologiske mangfald og vidare framskunde attgroing. Vidare ser ein at denne utviklinga ofte betyr at nye aktørar kjem utanfrå for å setje opp hytter, noko som kan ha både negative og positive konsekvensar for lokalsamfunnet. Konsekvensane av endringane kan vere mange og store, noko eg no vil diskutere nærare.

### 5.3 Utmarka – ei kjelde til ulike godar

I forlenging av endringane som viser seg i utmarka er det tydeleg at utmarka er ei kjelde til ulike godar. For utvalet av informantane til dette prosjektet ser ein at utmarka representerer grunnlaget for to hovudnæringer, nemleg sauedrift og hyttebygging. To næringer som ønsker å nytte seg av utmarksressursen på ulike måtar. Informantane nemner også andre aktivitetar som viser interesser for naturressursen, blant desse blir tamreindrift, vindkraft og friluftsinteresser nemnt som aktuelle aktørar. Det er altså forskjellelege brukarar og interessegrupper som viser seg. Som Solstad (2007) og Jones (1999) viser, kan det oppstå konfliktar når det er fleire interesserte i same ressursen, noko som fører til knappleik på ressursen. I tillegg forklarar Jones (2003) korleis den eine bruken kan framstå som ein negativ verdi for den andre ved at dei hindrar kvarandre sitt bruk. Dette kan ein knytte til ulike verdivurderingar og ulike tankar om kva som er rett og gale bruk av utmarka (sjå Flemsæter, 2014; Setten & Brown, 2009). Informantane frå Nasjonalparken Næringshage sette ord på grunnlaget for konfliktar i utmarka: «*Konfliktane eskalerer jo proporsjonalt med forventa avkasting og verdiskaping*». Det kom tydeleg fram at den økonomiske faktoren spelar ei betydeleg rolle i potensielle konfliktar som utspelar seg i utmarka. Vidare kan ein forstå korleis dette kan føre med seg miljømessige konsekvensar.

«*Friluftsliv, hytteutbygging og rovdyr, det er dei tre store tinga som har kome utover 90-tallet*» (Representant frå landbrukskontoret). Informanten frå landbrukskontoret identifiserte tre faktorar som utgjer kjernen i konfliktane som utspelar seg i Oppdal. Dette stemte overeins med dei svara eg fekk frå dei øvrige informantane. Det viser seg at dei fleste konfliktane som utspelar seg i utmarka først og fremst er knytt til hytteutbygging, eg vil derfor fokusere på desse konfliktane vidare i oppgåva. I denne samanheng kjem det fram ulike tankar om kva som er rett og gale nytting av landskapet.

Ei av dei meir alvorlege konsekvensane som følgje av hyttebygging er nedbygging og oppstykking av beitemark for sau. Ein av sauebøndene sett ord på nettopp dette problemet: «*Om du ser på områder der dei absolutt beste beiteressursane er, så er det jo dei områda, konsekvent, som er lagt ut til hytteutbygging*» (Sb1). Gjennom denne utsegna ser ein korleis utmarka er grunnlaget for to konkurrerande næringar. Vegetasjonskartlegginga bekreftar utsegna til sauebonden, det er tydeleg at dei beste beiteområda ligg i dei mest attraktive områda for hytteutbygging (Rekdal & Angeloff, 2015). Dette kan ein forstå på bakgrunn av at hyttefolk blir tiltrekt dei same solrike og næringsrike områda som sauane føretrekk, som fører til mindre areal samt lågare kvalitet på beitemarkene (Austrheim et al., 2015). Vistad et al. (2003) argumenterer for at bygging av hytter mest sannsynleg er ein av dei største, om ikkje faktisk den største påverkingsfaktoren i endringar i norsk utmark i dag. Dette er også noko administrerande direktør i Norsk Industri, Svein Lier Hansen, påpeikar. Derfor meiner han at vi må tenke oss betre om før vi gjer inngrep i naturen (sjå Finstad & Fjeld, 2019). Endringane som skjer i landskapet som følgje av hyttebygging påverkar andre aktørar sin bruk av utmarka. Ein av sauebøndene uttrykkjer som følgjer:

*Det blir mange hytter, akkurat det er jo litt ulempa med å ha sauane, at dei går i hyttefelta og på vegane, dei kjenner seg ikkje igjen, stiar og slik forsvinn. Landskapet blir heilt annleis, dei må ordne seg nye vegar.* (Sb2)

Vidare nemner Vistad et al. (2003) at ein av dei største truslane ved etablering av hyttefelt er fragmentering av norske høgfjellsområder, som vidare kan føre til tap av viktige beiteressursar, som vi ser er tilfellet ved hyttebygging i Oppdal. På bakgrunn av denne utviklinga ser ein korleis hyttebygging fører til betydelege økologiske effektar, ikkje berre når det kjem til konsekvensane for utmarksbeite, men det fører også med seg alvorlege konsekvensar for det biologiske mangfold og økosystemet i utmarka. Ein kan forstå denne utviklinga på bakgrunn av dei økonomiske goda hyttebygging fører med seg (Müller, 2002). Ein av informantane reflekterer over korleis sentrum hadde sett ut utan hyttenæringa: «*Vi reknar med det at om vi ikkje hadde hatt hytteutbygging i Oppdal, så kunne du ha fjerna 70% prosent av alt i sentrum*» (SbH1). Det er tydeleg at hyttenæringa legg grunnlaget for eit utval av ulike service-tilbod i sentrum, og vidare at det er hyttenæringa som kan for dette. Som Solstad (2007) skriv, kan ein i tråd med dette forstå korleis økonomisk vekst går føre omsyn til miljøet, nettopp fordi «*for Oppdal som destinasjon så er det jo veldig berekraftig*» (H2).

### 5.3.1 Forståing for kvarandre sin bruk

Til tross for faktumet at det er dei beste beiteareala som ofte blir nedbygd ser det ut i frå empirien ut til at dei to ulike næringane har ei forståing for kvarandre sitt bruk. Ein av sauebøndene uttrykkjer følgjande «*Eg føler ikkje at hytteutbygging er feil bruk*» (Sb1). Fleire av informantane uttrykkjer det same og grunngir dette ved å vise til dei positive fordelane ved hytteturismen, der ein ser at bygda tener på det, både sosialt og økonomisk. På bakgrunn av dette kan ein forstå korleis kommodifisering av utmarka gjennom hytteturismen er med på å skape ei «levande bygd» (jf. Landbruks- og matdepartementet, 2000). Dette kan ein tolke som eit uttrykk for landbrukets bidrag som fellesgodeprodusent (jf. Rønningen & Burton, 2013). Ein annan sauebonde reflekterer over utviklinga som tek plass i utmarka: «*Ein må jo følge med utviklinga. Eller så hadde vi blitt sittande her, utan at det skjer noko. Det er fordelar og ulemper med begge deler*» (Sb2). På bakgrunn av dette konkluderer sauebonden med at hyttebygging i utmarka ikkje er gale bruk, men heller at konsekvensane som følgje av hytteutbygging kan vere ei utfordring, noko eg vil kome tilbake til.

Forståinga for kvarandre sitt bruk er gjennomgåande i empirien. Om sauedrifta uttrykkjer ein av hyttebyggjarane følgjande: «*Vi har eit veldig godt forhold til sauedrifta. Det har fungert bra!*» (H1). Dette faktum motseier det Jones (2003) omtalar som negative verdiar, der dei ulike aktørane ser på kvarandre sin bruk som negativt sidan dette hindrar den andre sin bruk. Det er ikkje svart-kvitt, der dei ser på kvarandre sitt bruk som gale bruk av landskapet. Informantane uttrykkjer heller at all bruk er betre enn ingen bruk. I tillegg er det viktig å understreke at bruken er nyansert, gjennomtenkt og med omsyn til andre brukarar. Som ein av dei lokal sauebøndene og hyttebyggjarane uttrykkjer: «*Eg meiner all bruk som ikkje forverrar eller skader utmarka, natur eller miljø, er rett bruk*» (SbH1). Ein ser her korleis informanten understrekar viktigeita av å ta omsyn til naturen og miljøet. Informantane er alle lokale og skildrar ei sterk tilknyting til landskapet og utmarka. Sidan utmarka representerer sjølve grunnlaget for næringane til fleire av informantane, kan ein forstå deira landskapssyn gjennom omgrepet brukslandskap (Skuland & Skogen, 2014). Gjennom sitt arbeid i utmarka har dei ein spesiell nærliek til utmarka, som vidare er med på å forme deira identitet, som vi såg døme på i kapittelet 5.1 «Betydinga av utmarka». På bakgrunn av dette er dei svært engasjerte og interesserte i utvikling i utmarka og vil det beste for staden. Det at dei er lokale, forklarar deira interesse og engasjement i å utvikle Oppdal i rett retning gjennom ein berekraftig tankegang. Dette ser vi gjennom følgjande utsegn:

*Eg tenker at utmarka er ein felles ressurs, og det er ein ressurs som vi skal gi vidare til neste generasjon og til neste generasjon. Og om vi forvaltar den på ein slik måte at den*

*ressursen kjem bort, at den blir utilgjengeleg, øydelagt eller forureina for neste generasjon på ein slik måte at dei ikkje klarer å bruke den; då er det feil bruk.* (Sb1)

Ein ser gjennom dette sitatet at dei lokale har eit stort fokus på berekraftig bruk av naturressursen utmarka. Dette var også noko informantane frå Nasjonalparken Næringshage understreka i diskusjonen om berekraftig utvikling. Dei hadde registrert at dei lokale aktørane var overraskande positivt innstilt til fokuset på berekraftig utvikling framfor den økonomiske veksten. I forlenging av dette kan ein forstå korleis sauebøndene og hyttebyggjarane delar tanken om at utvikling i utmarka skal vere berekraftig. I denne samanhengen kan ein forstå at alle informantane inneheld eit innanfrå-perspektiv på landskapet, sidan kvar enkelt har ei spesiell tilknyting til omgivnadane og då utmarka spesielt (jf. Christensen, 2002; Daugstad, 2005).

### 5.3.2 Konfliktar knytt til eksterne aktørar

Til tross for at det ser ut til at dei lokale aktørane er noko samstemte i tankane om kva som er rett og gale bruk av landskapet, er det andre faktorar som spelar inn i det som blir omtala som gale bruk (Flemsæter, 2014; Setten & Brown, 2009). Noko informantane påpeika som svært viktig, og som kan oppfattast som gale bruk av landskapet, er *korleis* hytteutbygging føregår. Informanten frå landbrukskontoret forklarar korleis eit kulturlandskapsområde drastisk har blitt forandra etter hyttebygging: «*Det var ein slik gamal, kjempefin furuskog med slike perfekte klatretre med mykje greiner på. Dei har omrent snauhogd alt, dei har grave, dosert og planert, og så har dei lagt ut over plen*». Vidare reflekterer informanten over at denne form for inngrep ikkje er særleg miljømessig berekraftig. Inngrep som dette kan føre til at ressursen kjem bort, at den blir utilgjengeleg for neste generasjon. Tidlegare forsking på effekten av hyttebygging, sjå Vistad et al. (2003), tyder på at utbygging av hytter i naturen er ein av dei største truslane vi har mot miljøet og det biologiske mangfaldet. Hyttebygging endrar landskapet raskare og på ein meir omfattande måte enn noko anna menneskeleg aktivitet i tida (Mirani & Farahani, 2015; Vistad et al., 2003). Inngrep utan omsyn til omgivnadane blir sett på som gale bruk av informantane, som vi ser gjennom denne utsegna: «*Gale bruk, då meiner eg bruk som truar dyreliv og velferda til viltet, og i forhold til at vi begynner å sette varige spor i naturen som ikkje er reparerbart*» (SbH1). Denne utsegna kjem frå ein av informantane som sjølv representerer hyttenæringer. Det tyder på at dei lokale hyttebyggjarane har eit bevisst og nyansert forhold til korleis utbygging skal skje i utmarka. Ein av hyttebyggjarane sett her ord på det: «*Ein må prøve å gjere det så skånsamt som det går, slik at ein tek omsyn til andre*» (H2). Ein kan snakke om ein balansegang når det kjem til måten inngrep i naturen føregår på. «*Vi må plassere hyttefelt og hyttebygg i samsvar med den naturgitte topografiens og dei*

*biologiske samansettingane»* (SbH1). Vi ser her korleis ein av hyttebyggjarane tek omsyn til omgivnadane i planlegging og etablering av hyttefelt. Vidare vektlegg informanten at ein ikkje må øydelegge for anna bruk: «*I forhold til beitedyr, om det er slik at det er til hinder for utnytting av beitemark eller at du bygger ned ressursar, då er det feil bruk*» (SbH1). Ut i frå empirien er det tydeleg at dei lokale aktørane frå hyttenæringa er svært bevisste på korleis hytteutbygginga går føre seg, som vi igjen ser eit døme på her: «*Det er klart i dei tilfella der det er utbygging, der det ikkje blir tatt omsyn til kvar det blir bygd ut, det er negativt, veldig negativt*» (SbH1). Dette kan ein forklare ut ifrå dei verdiane informantane koplar til landskapet, utvalet av informantar har alle eit sterkt og nært forhold til naturen og utmarka. Gjennom intervjua kjem det fram tydelege meininger om eksterne næringsutviklarar. Måten desse hyttebyggjarane endrar landskapet gjennom lite skånsame inngrep har tydeleg fanga dei lokale si merksemd, dette ser ein gjennom dei to tidlegare utsegna eg har vist til. Ein av informantane uttrykkjer si mening om denne form for utvikling:

*Vi har jo to av dei største aktørane på hyttebygging som driver og herjar her, og det er bedrifter som sitter med totals millionar i eigenkapital som går inn og pusher planar i ei forferdeleg fart og pusher kommunen og pusher grunneigarar. Dei bygger på ein måte som er skjemmande og omsynslaus.* (SbH1)

Som nemnt tidlegare, kan ein forstå at dei lokale har eit innanfrå-perspektiv, sidan dei har eit nært forhold til utmarka (sjå Daugstad, 2005). Ein kan dermed forstå at dei eksterne aktørane har eit utanfrå-perspektiv. Dei har ikkje den same tilknytinga og nærliken til utmarka i Oppdal som dei lokale. Dette er vidare med på å prege tankar og haldninga til endring av utmarka. Dette er noko representanten på landbrukskontoret vurderer som gale bruk av landskapet, jamfør sitatet over. Måten desse aktørane kjem utanfrå utan tilknyting til staden, og raskt og effektivt sett opp ei hytte utan vidare å tenkje over effektane på landskapet blir sett på som lite passande og kan tolkast som noko dei lokale tillegg negativ verdi og vurderer som gale bruk (jf. Flemsæter, 2014; Jones, 1993; Setten & Brown, 2009). Det manglande omsynet til endringane i utmarka er ein ting. Ei anna sak er måten denne form for utbygging ikkje nyttar seg av lokale næringsressursar. Informanten som uttrykte sine meininger om eksterne aktørar fortsett:

*Og der ser vi ein uheldig ting, for dei har klart å få kommunen til å tru at det er ein bra ting at dei kjem, fordi dei har så stor utbyggingshastigheit. Med det er ikkje bra sidan dei ikkje brukar lokal arbeidskraft. Og dei klarar å få med seg kommuneadministrasjonen, for dei tenker jo økonomi, kommunekassa og arbeidsplassar. Dei får med seg grunneigarane fordi dei rushar inn mykje pengar på kontoen, og det er trist.* (SbH1)

Denne form for næringsutvikling der eksterne aktørar kjem inn og herjar i landskapet blir verken sett på som sosialt, økonomisk eller miljømessig berekraftig av dei lokale (jf. Askim & Wang, 1999). Dei eksterne aktørane tek ikkje i bruk lokal arbeidskraft, dermed tener ikkje lokalsamfunnet særleg mykje på byggeprosessen arrangert av eksterne aktørar. Til forskjell frå dei eksterne aktørane forklarar hyttebyggjarane frå dette forskingsprosjektet at dei er svært nøyne med å nytte seg av lokale entreprenørar når det kjem til bygging av tomt, veg, kloakk- og vatnsystem, elektrisitet og bygging av sjølve hytta, noko som er økonomisk berekraftig for bygda (Askim & Wang, 1999; Müller, 2002). Ein av hyttebyggjarane uttrykkjer sitt syn på saka på denne måten:

*Dei kjem frå Trondheim dei som kjøper, og eg anbefaler dei å kjøpe lokalt. Eg kan ikkje styre det, for dei kan jo kjøpe dei hyttene dei vil. Eg har ikkje noko samarbeid med nokon. Eg ser jo at «Saltdalshytta» begynner å bli store, effektive fabrikkar. (SbH1)*

Fleire av informantane forklarar korleis hytteutbygging med eksterne aktørar i front er attraktivt for kommunen ved at ei stor mengd hytter blir bygd på svært kort tid.

*Kommunen er avhengig av pengar, og då er det lett for at politikarane tek den snarlege løysinga og ser at her får vi raske pengar inn i kommunen og så blir det litt glømt det som dei kanskje ikkje føler er så viktig. (H2)*

I likskap med Solstad (2007) ser ein her korleis dei økonomiske verdiane har ein tendens til å overskride dei miljømessige godane. Dei økonomiske gevinstane av hytteutbygging er store for kommunen, og utbygginga blir dermed sett på som økonomisk berekraftig. Men det er ein viktig del av reknestykket som uteblir, nemleg kostnaden med å øydeleggje naturen og svekke det biologiske mangfald (sjå Finstad & Fjeld, 2019). Dei eksterne aktørane tillegg ikkje utmarka dei same verdiane som dei lokale aktørane, noko som speglar måten utbygginga av hytter føregår på. Setten og Brown (2009) forklarar korleis praksis formar og endrar landskapet, og vidare korleis praksisen speglar kva ulike aktørar meiner er rett eller gale bruk av landskapet. Ein kan forstå dei lokale aktørane sin praksis på bakgrunn av eit innanfrå-perspektiv, dette på måten dei er svært bevisste på korleis inngrepa i naturen skjer og at dei tar lokale aktørar i bruk i prosessen. Til forskjell kan ein forstå praksisen til dei eksterne aktørane på bakgrunn av eit utanfrå-perspektiv, på måten dei ikkje tek omsyn til naturressursen utmarka på same måte (Christensen, 2002). I forlenging av dette blir dei eksterne aktørane si nytting av utmarka sett på som gale bruk av dei lokale aktørane, i måten økonomiske omsyn går føre miljømessige omsyn.

### 5.3.3 Konfliktar som følgje av hytteturismen

Ut i frå det føregåande ser ein at ueinigkeitene og konfliktane som blir trekt fram av informantane, ikkje hovudsakeleg er på tvers av dei ulike lokale aktørane, men først og fremst på bakgrunn av eksterne aktørar som gjer inngrep i landskapet utan å ha tilknyting til landskapet. Dette ser vi til dømes gjennom dei ulike måtane hytteutbygging skjer på. Det er endringar i bruken av utmarka som har ført med seg nye aktørar på bana, fleire aktørar som må samspele. Dei vidare konfliktane som kjem fram i empirien, er konfliktar knytt til brukarane av hyttene. Tidlegare nemnte eg at bøndene ikkje følte at hytteutbygging direkte var gale bruk av landskapet, men heller at følgjene av hytteturismen kan føre til enkelte utfordringar i forvaltinga av utmarka. Det viser seg at enkelte av konfliktane som utspelar seg er ei verking av hytteturismen. Ein ser at konfliktane som utspelar seg ofte omhandlar store økonomiske verdiar for grunneigarar i form av beitemark som landbruksområde, medan desse områda har stor estetiske verdiar og opplevast som rekreasjonsområde for hytteigarar (jf. Berge, 2006). Ein av informantane uttrykkjer sine tankar rundt potensielle konfliktar som dette:

*Eg synest det er feil når du kjem som turist og har ei oppfatning av korleis ditt kulturelle landskap skal vere og at du pålegg andre å følge det. Det at du nektar folk å bruke landskapet, fordi dei skal bruke det som eit rekreasjonslandskap. Og det landskapet forfall fort, det blir ikkje tatt vare på. (Sb1)*

Informanten forklarar her korleis ulike oppfatningar av landskapet er grunnlaget for konfliktar som dette (jf. Jones, 1993; Skuland & Skogen, 2014). Når det gjeld dei ulike interessekonfliktane som blir nemnd i dei ulike intervjuia, har eg her valt å trekke fram få av dei. Det blir påpeikt fleire ulike interessekonfliktar som blant anna omhandlar friluftsliv, rovdyr, flytrafikk og vindkraft. Rovdyr er ein faktor som alle informantar påpeikar som ein trussel og som står i konflikt med den tradisjonelle bruken av utmarka. Eg har bevisst valt å ikkje gå nærrare inn på dette her på grunn av oppgåva sitt avgrensa omfang. I det følgjande har eg valt å fokusere på gjerding og bandtvang for hundar som konfliktar som utspelar seg i utmarka.

Utfordringar knytt til gjerding av hyttetomter har vore eit gjentakande problem over lengre tid. Dette kjem fram både av intervjuia og det store fokuset på gjerding i beiteplanen for Oppdal (Styringsgruppen for beiterullering, 2018). Først og fremst, er problemet knytt til gjerding av hyttetomter, men i tillegg ser ein ei utfordring i mangelen på gjerding mellom inn- og utmark som ein konsekvens av at færre og færre gardar er i drift. Ein av sauebøndene uttrykkjer sine tankar rundt gjerding: «*All den inngjerdinga som er, synest eg er skikkelig dumt. Det burde*

*ikkje ha vore lov til å gjerde inne hyttene i utmarka, store beiteområder går tapt»* (Sb2). Som nemnt tidlegare, er det som regel dei beste beiteområda som blir nytta til hyttetomter. Ikkje nok med at gode beiteområder går tapt, det kan også gå tapt saueliv i forbindelse med gjerding. Informanten frå landbrukskontoret forklarar bakgrunnen for dette: «*Det er jo mange som sett opp elektriske gjerder, også blir dei kanskje borte frå hytta i fleire veker*». Fleire av informantane trekk fram dei negative konsekvensane ved bruk av elektriske gjerder. Dei forklarar korleis ulike scenario har utspelt seg i forbindelse med elektriske gjerder utan straum. Saueliv har gått tapt anten ved at dei snurrar seg inn i gjerda, eller ved at dei blir sperra inne på andre sida av gjerdet og som ein konsekvens av dette, anten tørstar eller svelt ihel. «*Så det har vore nokre stygge episodar altså, så vi jobbar med dei i forbindelse med det*», uttrykkjer informanten frå landbrukskontoret. På bakgrunn av dei store konsekvensane ved gjerding er det fleire av informantane som oppfattar gjerding av hyttetomter som gale bruk av utmarksressursen.

Som vi forstår, er og har gjerding vore eit stort problem, noko som forklarar fokusset på gjerding i beiteplanen i Oppdal, der målet i tiltaksplanen seier: «Fremme viktigheten og betydingen av godt gjerdehold, både vedr. oppsetting og vedlikehold» (Styringsgruppen for beiterulling, 2018, s. 11). Ein ser her eit døme på korleis kommunen har tatt tak i problemet og jobbar målretta med å forbetre problemet. Informanten frå landbrukskontoret understrekar at det for kvar reguleringsplan er oppgitt kor stor del av tomta ein har lov til å gjerde inn. Vidare nemner informanten at det er lagt inn tiltak for neste beiteplan at ein skal gjennomføre tilsyn i forbindelse med inngjerding av hytteareal, dette for å sikre at reglane blir følgt opp og vidare sikre trygge og optimale beiteforhold. Gjennom beiteplanen ser vi korleis landskapet er organisert på måten det er retningslinjer for inngjerding og fokus på korleis utmarksressursen skal forvaltas på rettast mogleg vis og gagne alle partar (sjå Styringsgruppen for beiterulling, 2018). Som Flemsæter (2014) og Setten og Brown (2009) skriv, skjer denne organiseringa og tilrettelegginga nettopp på bakgrunn av samspelet mellom dei ulike interessene som utspelar seg i det fysiske landskapet.

Ein annan måte ein kan forstå korleis landskapet er organisert på, er gjennom forskrifa om bandtvang for hundar i Oppdal. Oppdal har ei eiga utvida forskrift om bandtvang, dette på grunn av det store omfanget av beitedyr som oppheld seg i utmarka. Til tross for denne lova fortel fleire av sauebøndene om opplevingar knytt til laushundar i fjellet. Dette kan ha alvorlege konsekvensar, som ein av sauebøndene uttaler:

*Bandtvangen blir ikkje alltid overheldt nei, og det trur eg det går med ein del lam på. Eg har fleire gangar opplevd at dei berre slepp hundane, og dei spring etter sauene og sprenger dei. Det blir veldig mange folk og nesten alle har hund, det er ei ulempe. Så det er ei konflikt der, kan det vere. (Sb2)*

Ein ser korleis informanten påpeikar at dette er ein av konsekvensane ved hyttebygging, der nye brukargrupper blir ein del av utmarka. Vidare reflekterer informanten over bakgrunnen for dette problemet: «*Akkurat det er nok ei ulempe med så mykje folk som har hytter oppi her, og ikkje skjønner heilt kva det dreiar seg om det å ha husdyr. Det kan vere manglande kunnskap om verdien av utmarka og drifta*» (Sb1). Informanten nemner at ein del av årsakene til at enkelte ikkje følgjer bandtvang kan vere på grunn av manglande kunnskap om verdien av utmarka og gardsdrift generelt. Christensen (2002) skildrar korleis bygdekulturen er prega av ei 'urbanisering', fleire og fleire manglar tilknyting til den tradisjonelle bruken av utmarka, og synet på kva landskapet skal representere er noko annleis. Landskapet oppfattast og blir forstått på forskjellege måtar av forskjellege menneskjer. I tråd med dette kan ein forstå korleis hyttefolket har eit utanfrå-perspektiv og eit autentisk syn på landskapet til forskjell frå sauebøndene som livnærer seg av utmarka (jf. Skuland & Skogen, 2014). Informanten frå landbrukskontoret fortalte korleis ei av dei store hytteundersøkingane viste at hyttefolket kom til Oppdal nettopp for å drive rekreasjon og nyte naturen. Dette er også noko tidlegare forsking på området viser (sjå Müller, 2002; Villa, 2011). På bakgrunn av dette kan ein forstå korleis ulike brukargrupper koplar ulike verdiar til landskapet og utmarka, og at det vidare kan oppstå konfliktar som i dei tilfella der bandtvang ikkje blir haldt (jf. Berge, 2006; Jones, 1993; Solstad, 2007).

#### 5.4 Kunnskap er kjernen

Så langt har vi sett at endringane som skjer i utmarka bringar med seg nye aktørar på bana. Som ei følge av kommodifisering, ser vi at det er fleire aktørar som ønsker å nytte seg av utmarksressursen, noko som kan føre til interessekonfliktar. Dette er vidare grunnlaget for dei nemnte konfliktane som følge av hyttenæringa som oppgåva har belyst, nemleg ulike aktørar som tillegg landskapet og utmarka ulike verdiar og syn (jf. Jones, 1993; Solstad, 2007). Informantane frå Nasjonalparken Næringshage sett ord på situasjonen som føregår i utmarka: «*Utmarka er ein kjempestor ressurs og ein ressurs for fleire brukargrupper, og då må ein finne ut korleis fleire grupper kan være med på å styrke ressursen gjennom bruken i staden for å bruke den opp*». Representantane frå Nasjonalparken Næringshage trekkjer fram sjølvé kjernen ved konfliktar rundt naturressursar. Det er fleire brukarinteresser, dette må ein sjå på som ei

moglegheit i staden for ei hindring. I forvalting av naturressursen er det viktig å ivareta dei ulike brukargrupsene sine interesser, dette er noko sluttrapporten for nasjonalt beiteprosjekt 2009-2012 understreka på bakgrunn av erfaringar (sjå Statens Landbruksforvaltning, 2013). I tillegg til å ta omsyn til dei ulike brukarinteressene, viser Nasjonalparken Næringshage korleis dei har ein berekraftig tankegang på måten dei er bevisste på ikkje å bruke opp denne verdifulle ressursen. Det viser seg å vere stor forståing blant informantane for at det er fleire brukargrupper i utmarka, og vidare einigkeit om at det er viktig at desse ulike interessene samarbeida.

*Utmarka er så viktig for så mykje forskjelleg. At den eine bruken ikkje sperrer for den andre, men det som sperrer, det er total freding og det å slutte å bruke det og tru at du er aleine i verda. (Sb1)*

Bruk er betre enn ingen bruk, blir det her slått fast. I diskusjonen om forvalting av utmarka var det fleire av informantane som nemnte at alternativet med freding av utmarka ikkje var den rette løysinga på problem i utmarka. Frå slutten av 1960-talet fekk omgrepet kulturlandskap ei ny tyding, det vart eit sterkare fokus på miljø, økologi og vern (jf. Christensen, 2002). Utvalet av informantar viser forståing for at kulturlandskapet er noko som er menneskeskapt og verdifult, i forlenging av dette uttrykkjer fleire av informantane at vern og freding av landskap vil vere gale bruk (sjå Flemsæter, 2014). Dette er noko Vetaas og Måren (2008) og Austrheim et al. (2015) legg vekt på, dei argumenterer for at vern av kulturlandskap må skje gjennom aktivt bruk, noko kvar og ein av informanten i dette forskingsprosjektet sjølv uttrykkjer. Døme på dette ser vi gjennom følgjande utsegner: «*Aktiv bruk av heile landskapet tenker eg, og halde det i hevd, det er det som faktisk gjer at du reddar det og ikkje freding. Freding og ekskludering det berger ingenting det*» (Sb1). «*Nokon seier at her er det kulturlandskap, så her kan vi ikkje gjere noko. Det blir litt feil, for meg iallfall*» (H2).

Ut i frå sitata ovanfor forstår ein at informantane meiner at kulturlandskapet skal takast i bruk av dei ulike næringane som finst i utmarka. Det er tydeleg at informantane forstår verdien av hyttenæringa: «*Hyttebygging er viktig for Oppdal. Altså, den turismen er viktig for Oppdal!*» (Sb1). Dette synleggjer informantane sitt syn på forvalting av utmarka. I diskusjonen om forvalting av utmarka uttrykkjer ein av sauebøndene: «*Det er ein balansegang*» (Sb1). Fleire av informantane framhevar ein balansegang i bruken, og at bevisst bruk er betre forvalting enn å forby enkelte bruk. Vistad et al. (2003) understrekar at det er svært viktig å balansere dei mange interessene for å utøve ei god forvalting av hyttebygging. Ei forvalting basert på samspel og balanse vil ifølgje Brundtland (1987) kunne bidra til ei berekraftig utvikling.

Mirani og Farahani (2015) understrekar viktigheita av først og fremst å forstå effektane og konsekvensane av hytteturisme og deretter forstå at forvalting av desse effektane kan framheve dei positive konsekvensane av rural turisme og vidare minimere dei negative konsekvensane. Informantane frå Nasjonalparken Næringshage fremmar synet på tilrettelegging og forståing for kvarandre sitt bruk som ein del av konflikthandtering i forvalting av utmarka:

*Det er viktig å ta vare på og bruke utmarka. Vi ser verdien, og kunne ønske at meir hadde blitt brukt til beiting utan at det nødvendigvis må vere i konflikt med opplevingar. Det krev tilrettelegging og forståing fra begge sider for å få til dette.*

Som ein del av balansegangen i bruken er det mange som påpeikar at bevisstgjering rundt kvarandre sitt bruk er svært viktig. Dette inneber vidare kunnskap og forståing for kvarandre sine behov, som ein av sauebøndene poengetrar: «*Eg tenker at det er kunnskapen som er kjernen*» (Sb1). Som vi ser ut ifrå den tidlegare diskusjonen rundt interessekonfliktar i utmarka kan ein forstå desse på bakgrunn av kunnskapssvikt, dette er noko Mirani og Farahani (2015) og Christensen (2002) støttar. Ulike menneskjer har ulike forståingar av kva landskapet er og kva det representerer (jf. Skuland & Skogen, 2014), som vidare kan resultere i konfliktar, som ein av informantane sett ord på: «*Bruken av utmarka og utmarksressursane kan bli forverra av kunnskapsmangel*» (Sb1). Mangelen på kunnskap om bruken av utmarka blir her trekt fram av ein av informantane, vidare uttrykkjer informanten:

*Dei har jo ei anna bevisstheit både på bruken av utmarka og kva vi held på med. Det er det som er viktig tenker eg, å få den forståinga for kvarandre. Ikkje berre det at dei skal forstå oss, men at vi skal forstå dei også. (Sb1)*

Vi ser ut ifrå dei føregåande sitata at fleire av informantane vektlegg kunnskapssvikt som ein av årsakene til dei ulike interessekonfliktane som oppstår i utmarka. Dermed kan ein forstå grunnlaget for konfliktane rundt gjerdning og bandtvang, som ein av informantane påpeikar:

*Og der har dei også behov for mykje kunnskap. Om du forklarar dei det med bandtvang, altså dei fleste forstår det, men det er nokon som ikkje vil sjølvsagt. Slike ting kan vere utfordrande, då er det viktig med dialog og kommunikasjon. (H2)*

Som informanten over nemner, er det kommunikasjon og dialog rundt bruken som kan sjå ut til å kunne løyse interessekonfliktar, om ikkje førebyggje dei. Det var ei tydeleg innstilling blant fleire av informantane at ein må ha forståing for kvarandre sitt bruk og eit fokus på løysing av dei konfliktane ein ser utspelar seg i utmarka. På bakgrunn av dette kan ein forstå denne form for forvalting gjennom prinsippet om agonistisk forvalting og planlegging (sjå McClymont, 2011; Pløger, 2004). Frå det føregående sitatet ser ein korleis informanten forklarar korleis ein

kan ta i bruk konfliktane konstruktivt til å auke forståing og kunnskap om kvarandre sitt bruk. Agonisme handlar nettopp om å anerkjenne eit pluralistisk samfunn og vidare drage nytte av konfliktane som utspelar seg. Dette er også noko Beiteprosjektet understrekar: «Beiting i utmark er i større grad enn tidligere en sak som berører andre sektorer enn landbruket. Dette bør også følges opp i planlegging og forvaltning» (Statens Landbruksforvaltning, 2013, s. 47). Informanten frå landbrukskontoret forklarar at dei har eit stort fokus på å samarbeida med dei andre brukarane i utmarka. Om hyttebuarane seier informanten: *«Dei prøver vi å samarbeide godt med, både i forhold til bandtvang og inngjerding av hytter»*. Som følgje av dei ulike interessekonfliktane som utspelar seg på bakgrunn av hyttefolket sin manglande kunnskap om primærnæringa og konsekvensane ved å ikkje følgje verken gjerdeplikt eller bandtvang ser det ut som det er eit tydeleg fokus på bevisstgjering og kunnsapsformidling kring landbruket. Konkrete dømer på kunnsapsformidling ser vi gjennom utsegna frå representanten på landbrukskontoret:

*Vi har gjort ein del tiltak i forhold til oppstartsmøter i nye reguleringsplansområder, der har vi fokus på det med beitedyr, friluftsliv, vilt og alt. Også er det det med informasjon ut, informasjonsplakatar. Vi har forskjelleg informasjonsmateriell om gjerdehald som vi legger ut på Felleskjøpet og der folk handlar utgårdar.*

Vidare påpeikar informanten at det er lagt til rette for medverking i planprosessar, der dei har informasjonsmøter, oppstartsmøter i forkant av reguleringsplanar og vidare ei gjennomgåande konsekvensutredning for eventuelle endringar i landskapet. Denne forma for kommunikasjon og medverking i planarbeid bidreg til at kunnskapen om kvart enkelt bruk blir belyst. Vidare kan dette vere med på å førebyggje eventuelle konfliktar i endring av utmarka tidleg i prosessen. Vasstrøm og Lysgård (2015) skriv at offentleg deltaking har blitt ein svært viktig del av forvalting og planlegging av naturressursar, som ein del av å auke legitimeten, redusere konfliktar og dermed auke effektiviteten ved implementering av lover. Dette viser korleis prinsippet om sosial berekraft blir overhaldt (Askim & Wang, 1999; Vasstrøm & Lysgård, 2015).

Som nemnt i kapittel 2.4 «Kunnskap og bevisstheit om landbruket», ser vi at endringane som føregår i utmarka skapar eit behov for meir kunnskap om den tradisjonelle næringa. Vidare kan ein forstå landbruksplanen, beiteplanen og vegetasjonskartlegginga som viktige faktorar i forvalting av utmarka. Dette er dømer på korleis landskapet er organisert og er med på å forme tankane om kva som er rett og gale bruk av landskapet (jf. Flemsæter, 2014; Setten & Brown, 2009). Gjennom desse planane blir beitenæringa synleggjort, og planane bidreg til formidling

av kunnskap om landbruket ut til mangfaldet av brukarane i utmarka (Statens Landbruksforvaltning, 2013). Informantane frå Nasjonalparken Næringshagen legg vekt på at forholdet mellom by og land må forsterkast:

*Det er ein by-land-problematikk også. Det å kople by og land vil truleg vere positivt for bygda, for då har dei utanfrå meir forståing for kva som skjer her. Tuor det er ein urban-rural-debatt, jo meir du koplar dei saman, jo mindre risiko er det for landsbygda.*

I likskap med Christensen (2002), og som nemnt tidlegare, nemner informantane frå Nasjonalparken Næringshage at nye brukarar, då gjerne frå byen, ofte har eit anna perspektiv på landskapet og bruken av utmarka. Landbruksplanen og beiteplanen er effektive planar som har som formål å auke bevisstheita og kunnskapen om det tradisjonelle landbruket. Gjennom hovudmålet til landbruksplanen som vart presentert tidlegare, ser vi at det er eit fokus på at kulturlandskapet skal takast i bruk av fleire brukargrupper. Eitt av delmåla er å auke fokus på kunnskap, samarbeid og rekruttering i næringa, dette i samarbeid med øvrige næringsliv (Oppdal kommune, 2013). På bakgrunn av dette ser vi korleis dette er eit rammeverk som bidreg til å bevisstgjere og informere ulike brukargrupper og politikken om den store betydinga landbruksnæringa har. I tillegg til landbruksplanen forklarar representanten frå landbrukskontoret korleis landskapet er organisert gjennom fleire planar: «*For to år sidan lagde vi 'del-stien'-brosjyrar. Etter det så har vi laga ein sti- og løypeplan, og så har vi revidert beiteplanen. Begge desse to har fokus på det med syklistar, bruk av stiar, grunneigaravtaler*». Desse tiltaka er med på å auke kunnskapen om landbruksnæringa, som ein av informantane understrekar viktigheita av: «*Det er den kunnskapen og bevisstgjeringa som eg trur blir meir og meir viktig for oss som driv i utmarka*» (Sb1).

I tillegg til landbruksplanen, beiteplanen og ulike planar kring bruk av stiar i fjellet, spelar vegetasjonskartlegginga ei viktig rolle i forvalting av utmarka. Vegetasjonskartlegginga er ein viktig faktor i miljøretta planlegging og forvalting av utmarksressursen, denne kartlegginga bidreg med kunnskap om kvar dei beste beiteområda er. Landskapet er i denne samanheng gjenstand for læring og forsking, på bakgrunn av den kunnskapen vegetasjonskartlegginga bidreg med, jamfør Jones (1993) vitskapeleg- og utdanningsverdi. Vegetasjonskartlegginga kan på denne måten bidra med viktig informasjon når det gjeld kvar det er riktig å utvikle hyttetomter og ikkje (Rekdal & Angeloff, 2015). I forvalting av utmarka understrekar representanten frå landbrukskontoret vegetasjonskartlegginga si betydning:

*Nå har vi noko vi kan vise til. Før så har vi kunne sagt at dette er viktig beiteområde, og vi har eit beitelag som brukar området. Og nå kan vi peike på, og det har vi brukt i revideringa av kommuneplanen, den har vi brukt aktivt.*

Vegetasjonskartlegging kan på denne måten vere ein avgjerande faktor for å førebyggje og minske konfliktnivå i utmarka, spesielt med tanke på arealspørsmål sidan ein har kunnskap om dei ulike verdiane knytt til arealet. Dette er eit godt bidrag i målet mot å utvikle næringsutvikling i fjellområder utan å øydeleggje natur- og kulturhistoriske verdiar, noko «Fjellteksten» legg vekt på (Finansdepartementet, 2003).

Som vi ser ut ifrå det føregåande sitatet frå informantane frå Nasjonalparken Næringshage, meiner dei at kopling mellom det rurale og urbane og auka kunnskap om kvart sitt bruk vil kunne styrke landsbygda. Vidare nemner dei: «*Viktig å kople dei på det som skjer her også, involvere dei litt i det vi vil ta vare på*». Ut ifrå empirien har fleire av informantane gitt uttrykk for at det er ei auka forståing blant brukarar utanfrå, dette kan blant anna vere på bakgrunn av fokuset på å spreie informasjon gjennom dei nemte planane. Ein av informantane forklarar korleis han forstår denne forbetinga blant dei ulike brukarane: «*Eg må seie at det aldri har vore så bra som det er nå. Og det trur eg har med at visse ting er regulert og i orden og det er eit lågt konfliktsnivå frå alle partar*» (SbH1). Denne forståinga for kvarandre sitt bruk forklarar informantens vidare som ein viktig ressurs både for bygda og for landbruket generelt, dette er også noko Mirani og Farahani (2015) understrekar.

*Hytteeigarane er ein ressurs for landbruket. Det eine du kan seie er at dei er ei kundemasse, for det er dei faktisk, dei er gode ambassadørar, dei er òg ein ressurs når det gjeld omsyn til tilsyn* (SbH1). Dette understrekar betydningen av å auke bevisstheita og kunnskapen rundt landbruket og beitenæringa. På bakgrunn av utsegna er det tydeleg at informantens forstår samanhengen mellom hyttefolket og verdiskaping i bygda. Dette var ei generell oppfatning blant informantane. Hytteeigarane er gode ambassadørar for bygda, noko som understrekar betydningen av å inkludere dei i forvaltingsarbeidet. Den auka forståinga for kvart sitt bruk kan altså vere med på å skape harmoni i bruken av utmarka, i staden for å vere to steile frontar mot kvarandre. Med andre ord kan dette vere ein del av løysingane på dei mange interessekonfliktane i utmarka, nemleg dialog og kommunikasjon og gjensidig forståing. Dette blir altså trekt fram som svært viktig blant informantane. Dette kan ein vidare forstå i lys av det Vasstrøm og Lysgård (2015) omtalar som berekraftig samfunnsutvikling.



## 6. Konklusjon

Som presentert i delkapittel 1.2 «Innleiing og problemstilling», var formålet med dette forskingsprosjektet å svare på korleis bruken av utmarka har endra seg i Oppdal som følgje av ny bruk og nye brukarar, og vidare kva konsekvensar dette har. Problemstilling har blitt belyst med utgangpunkt i dei fire forskingsspørsmåla, desse vil danne grunnlaget for dette kapittelet. Til slutt vil eg føreslå tema som kan vere relevant å forske vidare på.

Med mi kvalitative undersøking har eg gjennom forskingsmetoden intervju fått innsikt og forståing for dei ulike informantane sine tankar, haldningar og meininger om verdien av utmarksressursen og konsekvensane av endringane som skjer i utmarka. Det kjem tydeleg fram i empirien at kvar enkelt av informantane har eit nært og personleg forhold til utmarka i Oppdal. Dette viser seg gjennom måten utmarka spelar ei viktig rolle i det private liv gjennom rekreasjon og fritid, og i tillegg ved at utmarka representerer ein privatøkonomisk ressurs for både sauенæringa og hyttenæringa. Fleire av informantane har vekse opp i Oppdal, og skildrar med dette naturen som kulisser for sitt liv og vidare at dette er ein del av deira identitet. Informantane koplar utmarka til ikkje-økonomiske verdiar på måten den representerer noko ibuande for informantane i form av rekreasjon, friluftsliv, identitet, historie, kultur og kunnskap. I tillegg til desse verdiane utgjer utmarka ein økonomisk ressurs både for sauebøndene og hyttebyggjarane. For sauebøndene utgjer utmarka ein enorm førressurs. Denne studien viser at nyttinga av utmarka som beitemark er svært berekraftig i måten den held ved lag kulturlandskapet og bevarer eit biologisk mangfald, noko tidlegare studiar understrekar viktigheita av å fremje (sjå Austrheim et al., 2015; Setten & Austrheim, 2017; Statens Landbruksforvaltning, 2013). På bakgrunn av den nye rapporten frå det internasjonale naturpanelet, vil argumentet om å bevare det biologiske mangfaldet vere svært viktig for beitenæringa i framtidig bruk. Denne bruken er ein langsigkt økonomisk verdi som vil gagne fleirtalet i Oppdal den dag i dag og i framtida. Dette friserte, opparbeida kulturlandskapet har blitt sjølve grunnlaget for hyttenæringa. Utmarka blir med dette omtalt som grunnlaget for liv i Oppdal, dette på måten den har betyding både for privatlivet gjennom blant anna rekreasjon og for privatøkonomien til både sauebøndene og hyttebyggjarane.

Empirien bekreftar landskapsstudiar sine utsegn om at landskapet er dynamisk og i stadig endring (sjå Christensen, 2002; Ingold, 2002; Setten & Brown, 2009). Bruken av utmarka har utvikla seg på bakgrunn av ei samfunnsmessig utvikling. Som del av denne samfunnsmessige utviklinga trekk informantane særleg fram endringar i landbrukspolitikken og livsstilen til folk

flest, som årsakar til endringane. Informantane uttrykkjer misnøye ved tendensen til at fleire og fleire bønder sluttar med sauedrift, noko som får store konsekvensar for landskapet i form av attgroing og svekking av det biologiske mangfald. Samtidig er det ei forståing for desse vala, sidan det ikkje er særleg økonomisk berekraftig å skulle fortsette. Som ein del av det multifunksjonelle landbruket blir utmarksressursen nytta på nye måtar og utmarka legg grunnlag for nye inntektskjelder, noko ein ser gjennom ny bruk av landskapet i form av hytter. Dette er ein generell utviklingstendens ein ser i fleire bygder i Noreg. Eit interessant og positivt funn viser korleis nokre av informantane drar nytte av å kombinere dei to næringane. Midlane frå hyttenæringa blir blant anna nytta til å finansiere gardsdrifta, dette ved å byggje ny fjøs, restaurere garden og den tilhøyrande setra. I tillegg til at utmarka blir nytta av nye næringar, ser ein òg at sauенæringa har utvikla seg. Dette ser ein dømer på gjennom fokuset informantane har på å reklamere for og selje opplevelingar og historie kopla til sauedrifta. På denne måten ser ein at bruken av utmarka har endra seg ved at nye næringar som hyttenæringa kjem på bana, i tillegg til at den tradisjonelle sauенæringa har utvikla seg som ein del av samfunnsutviklinga.

I forlenging av endringane som viser seg i utmarka er det tydeleg at utmarka er ei kjelde til ulike godar. Som Solstad (2007), Berge (2006) og Jones (1993) understrekar kan det oppstå konfliktar på bakgrunn av ulik verdsetting av éin og same naturressurs. Uavhengig av dei ulike rollene informantane innehavar, viser denne studien at dei tillegg utmarka det same verdigrunnlaget. Vidare er det ei samla forståing for kva som er rett og gale bruk av landskapet, noko ein kan forstå på bakgrunn av at kvar enkelt er lokal og dermed har ei spesiell tilknyting til utmarka i Oppdal. Frå empirien kom det tydeleg fram at dei sentrale konfliktane som utspelet seg i utmarka ofte var kopla til ny bruk og nye brukarar i form av eksterne aktørar, då i samanheng med hyttenæringa. Som tidlegare forsking viser er dei største følgjene av ny bruk av utmarka i form av hyttebygging, nedbygging og oppstykking av beitemark (Austrheim et al., 2015; Taubøl et al., 2001; Vistad et al., 2003). Dette får direkte følgjer i form av mindre beiteareal og lågare beitekvalitet. Informantane påpeika korleis desse følgjene vidare kan føre til attgroing, svekking av det biologiske mangfaldet og dermed svekking av kulturlandskapet, noko som vil prege både sauенæringa og hyttenæringa. Dette viser til ei av konfliktane som vart trekt fram av informantane, nemleg *korleis* hytteutbygging føregår. Eksterne aktørar viser seg å vere attraktive for kommunen på måten dei er svært effektive og dermed økonomisk berekraftig for kommunen. Som ein konsekvens vil denne form for utbygging gå på kostnad av miljømessig og sosial berekraft, dette på måten dei eksterne aktørane verken tek særleg omsyn til landskapet i utbygging eller nyttar seg av lokal arbeidskraft. I tillegg nemnte fleire av

informantane konfliktar som ei følgje av hytteturismen, altså dei nye brukarane i utmarka. Det viste seg at desse nye brukarane ofte er grunnlaget for konfliktar, då gjennom problem knytt til blant anna gjerding og bandtvang. Med dette bekreftar denne studien korleis ulike interessekonfliktar er basert på ulike verdisyn og forståingar av landskapet, noko som tydeleggjer behovet for kunnskap om ulik bruk (jf. Berge, 2006; Jones, 1993; Solstad, 2007). Når det er sagt, er studien sitt utval sett saman av aktørar som først og fremst representerer sauebønder og hyttebyggjarar, alle med ei tilknyting til Oppdal. Dei nye brukarane, som i denne oppgåva er omtalt som eksterne hyttebyggjarar og hyttebrukarar har ikkje sjølv ei stemme i oppgåva. Dette kan ein forstå som ei svakheit med oppgåva. Likevel kan eg forsvare forskinga gjennom utsegna som har kome fram gjennom empiren, i tillegg til at tidlegare forsking på same område bekreftar oppgåva sine funn.

Ovanfor skildra eg dømer på følgjer av endringar i bruken av utmarka som vart uttrykt av informantane. Til tross for desse konfliktane var det ei samla haldning blant informantane om å samarbeide med dei ulike brukarane, dette for å kunne forvalte den kostbare ressursen utmarka på best mogleg måte. I tråd med agonistisk forvalting, kom det fram i empirien at konfliktane som utspelar seg blir brukt konstruktivt for å auke kunnskapen og forståinga for dei ulike brukarane sine behov (jf. McClymont, 2011; Pløger, 2004; Vasstrøm & Lysgård, 2015). Ønsket om å samarbeide med dei nye brukarane kan ein forstå på bakgrunn av at lokalfolket ser samanhengen mellom hyttenæringsa og verdiskapinga i bygda. Hytteeigarane er gode ambassadørar for bygda, dermed er det viktig at dei har gode opplevingar av å vere i bygda. Dette forklrar at dei lokale må vere bevisst si vertskapsrolle. I forlenging av dette trekte fleire av informantane fram at ein balansegang i bruken var svært viktig for å halda ved lag utmarksressursen. Aktiv bruk frå alle partar, med grunnlag i god dialog og kommunikasjon vart trekt fram som viktig av fleire informantar. For å leggje til rette for berekraftig bruk der ein unngår å ekskludere brukarar, var det eit stort fokus på bevisstgjering kring landbruket si betyding og kunnskapsformidling. Tidlegare forsking understrekar behovet for å minske skiljet mellom det urbane og det rurale, og på denne måten tydeleggjere viktigheita av landbrukets samfunnsmessige godar (Christensen, 2002). Konkrete dømer på dette ser ein gjennom landbruksplanen, beiteplanen og vegetasjonskartlegginga, der landbruket blir framheva og viktigheita av det blir formidla. På denne måten kan ein forvalte utmarka på best mogleg måte og samtidig ivareta dei ulike brukarane.

Utviklingstrekka som har kome fram gjennom denne studien som følgje av ny bruk og nye brukarar i utmarka, er trendar som visar seg i heile landet, det finst mange bygder som Oppdal.

Det viser seg at den tradisjonelle bruken av utmarka gjennom beitenæringa er utfordra av ny bruk og nye brukarar gjennom hyttenæringa, dette på bakgrunn av utvikling i samfunnet generelt og utviklingstrekk i landbruket. Temaet sin aktualitet og dagens fokus på det biologiske mangfald og berekraftig utvikling stiller med dette krav til vidare forsking. Det eg ser på som den største utfordringa etter å ha gjort dette forskingsarbeidet er overgangen til å prioritere miljømessige og sosiale omsyn framfor økonomisk avkastingar. Det eg trur blir viktig for å kunne endre fokuset frå økonomi til miljø er å gå heilskapleg inn i prosjekt og finne løysingar som kan gjelde for fleire stadar enn berre for Oppdal. Dette var noko Nasjonalparken Næringshage understreka viktigheita av, dei la vekt på at ein må dyrke fram løysingar på eit overordna nivå som vidare kan generaliserast. Det er ikkje til hjelp å utvikle lokale løysingar for éin spesifikk stad, ein må heller rette seg mot løysingar som kan fungere på fleire plan og fleire stadar. Denne tankegangen om å sjå utviklinga i ein større kontekst, trur eg vil vere meir berekraftig over tid. I forlenging av dette har eg gjennom studien sett eit behov for vidare forsking kring betydinga av å drive utvikling på ein berekraftig måte der ein tek omsyn til dei tre dimensjonane miljømessig berekraft, økonomisk berekraft og sosial berekraft.

## Litteraturliste

- Almås, R. (1977). *Norsk jordbruk: det nye hamskiftet*. Oslo: Gyldendal.
- Askim, T. & Wang, L. (1999). *Bærekraftig utvikling - verdimesige utfordringer og problemstillinger: innspill til hvordan bærekraftig utvikling kan settes på dagsorden i Norge med utgangspunkt i arbeidet med lokal Agenda 21* (8245702633). Oslo: Miljøverndepartementet.
- Austrheim, G., Hjelle, K., Sjögren, P., Stene, K. & Tretvik, A. M. (2015). Forvaltning av et mangfoldig fjellandskap i stadig endring. I G. Austrheim, K. Hjelle, P. Sjögren, K. Stene & A. M. Tretvik (Red.), *Fjellets kulturlandskap. Arealbruk og landskap gjennom flere tusen år*. Trondheim: Museumsforlaget.
- Austrheim, G., Speed, J. D. M., Evju, M., Hester, A., Holand, Ø., Loe, L. E., ... Mysterud, A. (2016). Synergies and trade-offs between ecosystem services in an alpine ecosystem grazed by sheep – An experimental approach. *Basic and Applied Ecology*, 17(7), 596-608.
- Berge, E. (2006). Protected areas and traditional commons ; values and institutions. *Norsk geografisk tidsskrift*, 60, 65-76.
- Best, S. (1989). The commodification of reality and the reality of commodification: Jean Baudrillard and post-modernism. *Current Perspectives in Social Theory*, 19, 23-51.
- Blix, A. W. (2018). *En hyllest til sauens fortelling om det lille dyret som bygde landet*. Oslo: Manifest.
- Bloch, V. V. H. (2017). I 45 kommuner er det flere hytter enn boliger. Henta 13.mars 2019 fra <https://www.ssb.no/bygg-bolig-og-eiendom/artikler-og-publikasjoner/i-45-kommuner-er-det-flere-hytter-enn-boliger>
- Brundtland, G. H. (1987). *Our common future*. Oxford: Oxford University Press.
- Bryn, A. (2004). Biologisk mangfold og husdyrbeiting i utmark. *Grønn Kunnskap*, 8(3), 106-126.
- Christensen, A. L. (2002). *Det norske landskapet : om landskap og landskapsforståelse i kulturhistorisk perspektiv*. Oslo: Pax.
- Cope, M. (2016). Organizing and Analysing Qualitative Data. I I. M. Hay (Red.), *Qualitative Research Methods in Human Geography* (4. utg., s. 373-392). Canada: Oxford University Press.
- Crang, M. & Cook, I. (2007). *Doing ethnographies*. London: Sage.
- Daugstad, K. (2005). *When the farmer becomes a provider of landscapes and agri-tourism and the tourist wants to be part of "real rural life" : a story of insiders and outsiders in the Norwegian landscape*. Trondheim: Centre for Rural Research, Norwegian University of Science and Technology.
- Daugstad, K. & Prøsch-Danielsen, L. (2017). Arealkrav i jærlandskapet: En studie av medias fremstilling. *Tidsskriftet Utmark*.
- Dowling, R. (2016). Power, Subjectivity, and Ethics in Qualitative Research. I I. M. Hay (Red.), *Qualitative Research Methods in Human Geography* (4. utg., s. 29-44). Canada: Oxford University Press.
- Dunn, K. (2016). Interviewing. I I. M. Hay (Red.), *Qualitative Research Methods in Human Geography* (4. utg., s. 149-188). Canada: Oxford University Press.
- Elliott, J. A. (2006). *An introduction to sustainable development* (3. utg.). London: Routledge.
- Finansdepartementet. (2003). *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2003* (St.prp. nr. 65 (2002-2003)). Finansdepartementet. Henta fra <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stprp-nr-65-2002-2003-id138427/sec1?q=fjellområde>

- Finstad, A.-I. & Fjeld, I., E. (2019). Hyttebygging er ein av dei største trugslane mot norsk natur. NRK. Henta fra [https://www.nrk.no/norge/\\_hyttebygging-er-den-storste-trugselet-mot-norsk-natur-1.14540152?fbclid=IwAR1wBWpd54v57Y6In88HLeEvubNalPasuHVQTdc02Ktjstya6XoTWPlloCg](https://www.nrk.no/norge/_hyttebygging-er-den-storste-trugselet-mot-norsk-natur-1.14540152?fbclid=IwAR1wBWpd54v57Y6In88HLeEvubNalPasuHVQTdc02Ktjstya6XoTWPlloCg)
- Flemsæter, F. (2014). Moralske landskap i utmarka. *UTMARK - tidsskrift for utmarksforskning*.
- Framstad, E., Fjellstad, W., Dramstad, W., Fry, G. & Skar, B. (2001). Landskapsstrukturens betydning for biologisk mangfold, kulturminner og landskapsopplevelser *UTMARK - tidsskrift for utmarksforskning*, 3.
- Frølsøy, M. (2019a, 31. januar 2019). Bekymret for sauenværinga. *OPP*, s. 1.
- Frølsøy, M. (2019b, 31. januar). Nå tømmer Erlend og Jørgen sauenværinga. *OPP*, s. 15-17.
- Friluftsloven. (1957). *Lov om friluftslivet* (LOV-2017-05-11-26). Henta fra <https://lovdata.no/lov/1957-06-28-16>
- Gjærevoll, O. (1979). *Oversikt over flora og vegetasjon i Oppdal kommune, Sør-Trøndelag* (8271261924). Trondheim: NTNUs Vitenskapsmuseet.
- Ingold, T. (2002). *The perception of the environment: essays on livelihood, dwelling and skill*. London Routledge.
- Johansen, J. & Berg, B. H. (2001). Bortfall av allmenningsrett. *Lov og Rett*, (10), 579-596.
- Jones, M. (1993). Landscape as a resource and the problem of landscape values. I C. Rusten & H. Wøien (Red.), *The Politics of Environmental Conservation. Proceedings from a Workshop in Trondheim* (bd. 6, s. 19-33).
- Jones, M. (1999). *Kulturlandskapets utvikling i Norge : mellomfagskompendium i historisk geografi*. Trondheim: Geografisk institutt, Universitetet i Trondheim.
- Jones, M. (2003). The concept of cultural landscape: discourse and narratives. I H. Palang & G. Fry (Red.), *Landscape Interfaces* (s. 21-51). Dordrecht: Kluwer Academic.
- Jones, M. & Rønningen, K. (2007). Jordskifte og kulturlandskap. I Ø. Ravna (Red.), *Areal og eigendomsrett* (s. 370-390). Oslo: Universitetsforlaget.
- Kaltenborn, B. P., Andersen, O., Nellemann, C., Bjerke, T. & Thrane, C. (2008). Resident Attitudes Towards Mountain Second-Home Tourism Development in Norway: The Effects of Environmental Attitudes. *Journal of Sustainable Tourism*, 16(6), 664-680.
- Landbruks- og matdepartementet. (2000). *Om landbrukspolitikken* (St.meld. nr. 19 (1999-2000)). Oslo: Landbruks- og matdepartementet. Henta fra <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-19-1999-2000-/id192695/>
- Masterplan, O. (2013). Oppdal Masterplan. Henta 4.april 2019 fra <http://masterplan.oppdal.com/#bakgrunn-og-rammer>
- McClymont, K. (2011). Revitalising the political: Development Control and Agonism in Planning Practice. *Planning Theory*, 10(3), 239-256.
- Meinig, D. W. (1979). The beholding eye: Ten versions of the same scene. I D. Meinig, W. & J. B. Jackson (Red.), *The Interpretation of ordinary landscapes: geographical essays* (s. 33-48). New York: Oxford University Press.
- Mirani, Z. S. & Farahani, B. M. (2015). Second home tourism and sustainable rural development. *Tourismos*, 10(1), 235-253.
- Mitchell, D. (2005). Landscape. I D. Atkinson, P. Jackson, D. Sibley & N. Washbourne (Red.), *Cultural Geography. A Critical Dictionary of Key Concepts* (s. 49-56). London & New York: Tauris.
- Moccoby, E. & Moccoby, N. (1995). The interview: A tool of social science. I I. G. Lindzey (Red.), *Handbook of Social Psychology*. Addison-Wesley: Cambridge, MA.
- Müller, D. K. (2002). Second Home Ownership and Sustainable Development in Northern Sweden. *Tourism and Hospitality Research*, 3(4), 343-355.

- Norderhaug, A. (1999). *Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker*. Oslo: Landbruksforlaget.
- Norderhaug, A., Frøyland, M., Søraas, A. & Østebrøt, A. (1999). Gamle kulturmarker - en viktig utfordring. I A. Norderhaug, I. Austad, L. Hauge & M. Kvamme (Red.), *Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker* (s. 11-21). Oslo: Landbruksforlaget.
- Norsk Almenningsforbund. (2016). Bygdeallmenninger. Henta 8.mars 2019 fra <http://nalf.no>
- Oppdal Bygdealmenning. (2016). Oppdal Bygdealmenning Henta 8.mars 2019 fra <http://oppdalbygdealmenning.no>
- Oppdal kommune. (2013). *Landbruksplan Oppdal 2013-2021. Oppdal - levende kulturlandskap*.
- Perkins, H., C. (2006). Commodification: Re-resourcing rural areas. I P. Cloke, T. Marsden & P. Mooney (Red.), *Handbook of Rural Studies* (s. 243-257). London: Sage.
- Pløger, J. (2004). Strife: Urban Planning and Agonism. *Planning Theory*, 3(1), 71-92.
- Rekdal, Y. (2001). *Husdyrbeite i fjellet - Vegetasjonstyper og beiteverdi* (8274642767). Ås: Norsk institutt for jord- og skogkartlegging.
- Rekdal, Y. & Angeloff, M. (2015). *Vegetasjon og beite i Oppdal Østfjell - Rapport fra vegetasjonskartlegging i Oppdal kommune*.
- Rønningen, K. & Burton, R. (2013). Multifunksjonelt landbruk under nyproduktivismen? Et vesteuropeisk perspektiv. I R. Almås, H. Bjørkhaug, H. Campbell & A. Smedshaug, Chr. (Red.), *Fram mot ein berekraftig og klimatilpassa norsk landbruksmodell* (s. 59-83). Trondheim: Akademika forlag.
- Rønningen, K. & Flemsæter, F. (2016). Multifunctionality, rural diversification and the unsetting of rural land use systems. I M. Schucksmith & L. D. Brown (Red.), *Routledge international handbook of rural studies* (s. 312-322). New York: Routledge.
- Schein, H., Richard. (2003). Normative Dimensions of Landscape. I C. Wilson & P. Groth (Red.), *Everyday America* (s. 199-219). London: University of California Press.
- Schärer, J. (2016). Norge-et utmarksland Henta 19.mars 2019 fra <https://www.nibio.no/nyheter/norge--et-utmarksland>
- Setten, G. (2002). *Bonden og landskapet - historier om natursyn, praksis og moral i det jærske landskapet* (Doktoravhandling). NTNU, Trondheim.
- Setten, G. & Austrheim, G. (2017). Bærekraftig beiting i fjellet: Hvilke prinsipper legger sentrale interessegrupper til grunn for å balansere mellom ressursbruk og ressursgrunnlag? *UTMARK - tidsskrift for utmarksforskning*, 2, 20-34.
- Setten, G. & Brown, K. M. (2009). Moral Landscapes. I K. Rob & T. Nigel (Red.), *International Encyclopedia of Human Geography* (s. 191-195). Oxford: Elsevier Ltd.
- Skuland, S. E. & Skogen, K. (2014). Rovdyr i menneskenes landskap. *UTMARK - tidsskrift for utmarksforskning*.
- Solstad, J. T. (2007). *The distributional aspect of scarcity* (Doctoral thesis). NTNU, Trondheim.
- SSB. (2019). Bygningsmassen. Henta fra <https://www.ssb.no/bygg-bolig-og-eiendom/statistikker/bygningsmasse>
- Statens Landbruksforvaltning. (2013). *Sluttrapport Nasjonalt Beiteprosjekt 2009-2012*. Oslo.
- Styringsgruppen for beiterulling. (2018). *Beiteplan for Oppdal 2018-2025. En rulling av beiteplanen fra 2001 og 2009*. Henta fra <https://www.oppdal.kommune.no/globalassets/pdfdokumenter/plan-miljo-og-landbruk/planer/beiteplan-dokument-utkast-2018.pdf>
- Taugbøl, T., Vistad, O., I, Nelleman, C., Kaltenborn, B. P., Flyen, A.-C., Swensen, G., ... Gurigard, K. (2001). *Hyttebygging i Norge: en oppsummering og vurdering av ulike*

- miljø- og samfunnsmessige effekter av hyttebygging i fjell- og skogstraktene i Sør-Norge* (NINA oppdragsmelding 8242612455). Trondheim: Norsk institutt for naturforskning.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse : en innføring i kvalitativ metode* (4. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Tjora, A. H. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Vasstrøm, M. & Lysgård, H. K. (2015). Planning for Sustainability: Between Risks and Lifeworlds. I H. C. G. Johnsen, S. Torjesen & R. Ennals (Red.), *Higher Education in a Sustainable Society: A Case for Mutual Competence Building* (s. 127-143). Sveits: Springer International Publishing.
- Vasstrøm, M. & Lysgård, H. K. (2018). *Bærekraftig utvikling i Blindleia–Planpraksis, premisser og perspektiver*. Kristiansand.
- Vetaas, O. R. & Måren, I. E. (2008). Kulturlandskap i drastisk endring–betrakninger i tid. *Naturen*, 4(132), 184-193.
- Villa, M. (2011). Hytta som møtested. I E. P. Stræte & M. Haugen, S. (Red.), *Rurale brytninger*. Trondheim: Tapir akademiske forlag
- Vissgren, J. & Fjeld, I., E. (2019). Ny rapport om naturens tilstand får FN til å slå alarm: - Vanvittig skummelt. NRK. Henta fra <https://www.nrk.no/natur/ny-rapport-om-naturens-tilstand-far-fn-til-a-sla-alarm--vanvittig-skummelt-1.14538875>
- Vistad, O. I., Eide, N. E., Nelleman, C. & Kaltenborn, B. P. (2003). Hyttebygging i utmark – fritidssamfunnets stormløp i naturen. *Plan*, 35(02), 4-9.
- Winchester, P. M. H. & Rofe, W. M. (2016). Qualitative Research and Its Place in Human Geography. I I. M. Hay (Red.), *Qualitative Research Methods in Human Geography* (s. 3-28). Canada: Oxford University Press.
- Zimmermann, E. W., Peach, W. N. & Constantin, J. A. (1972). *World resources and industries*. New York: Harper and Row.
- Aasetre, J. (2004). Naturforvaltningens holdninger til kulturlandskapet. I G. Setten, M. Jones, O. Fjær, B. Wold & A. Aase (Red.), *Det Levende landskapet* (s. 131-144). Trondheim: Tapir akademisk forl.

## **Vedlegg**

### **Vedlegg 1: Informasjonsskriv**

Vil du delta i forskingsprosjektet:

#### ***"Endringar i bruk av utmarka"***

**I dette skrivet gir vi deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg.**

#### **Formål**

Formålet med prosjektet er å identifisere kva verdiar ulike aktørar tillegg utmarka, og korleis dette vidare kan føre til ulik utnytting av landskapet. Prosjektet vil dermed utforske 'det moralske landskapet', kva er det som er 'rett' bruk av landskapet og kva er 'gale' bruk av landskapet? I tillegg vil prosjektet stille spørsmål ved graden av berekraftig bruk av landskapet, sett fár ulike aktørars side. Prosjektet er ein del av underteikna geografistudents masteroppgåve. Informasjonen som blir henta ut frå informantane vil ikkje bli brukt til noko anna enn denne masteroppgåva.

**Geografisk institutt ved NTNU er ansvarleg for prosjektet.**

#### **Kvífor får du spørsmål om å delta?**

For å få eit innblikk i bruk og utvikling av utmarksareal vil prosjektet ha eit omfang på rundt 8-12 intervju. I forbindelse med prosjektet gjennomfører vi intervju blant eit utval av interessentar i utmarka – rettigheitshavarar, forvalting og interessantar, og du er invitert til å delta. Du får spørsmålet om å delta fordi du er aktuell i bruk og forvalting av utmarka. Vi har som mål å få ei forståing av ulike aktørars verdsetting og haldningars til utmarksbruk og -forvaltning.

#### **Kva inneber det for deg å delta?**

Om du vel å delta i prosjektet, inneber det å bli intervjuet i 30 minutt – 1 time av masterstudenten som gjennomfører dette prosjektet. Spørsmåla i intervjuet vil omhandle ditt forhold og utnytting av utmarka og forvalting av denne naturressursen. Opplysingane du deler vil bli tatt opp på lydband, og lagrast i passordbeskytta maskinvare tilhøyrande behandlingsansvarleg institusjon. All data vil bli sletta med ein gang prosjektet er ferdigstilt.

#### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykke tilbake utan å oppgi noko grunn. Alle opplysningar om deg vil då bli anonymisert. Det vil ikkje ha noko negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

#### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker dine opplysningar**

Vi vil berre bruke opplysningane om deg til formåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandler opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det vil berre vere underteikna masterstudent og rettleiar som har tilgang til opplysningane. Namnet og

kontaktopplysningane dine vil bli erstatta med ein kode som lagrast på eiga namneliste avskilt frå øvrige data. Du og dine personalia vil anonymiserast fullstendig. Studiestaden Oppdal vil ikkje bli anonymisert, noko som fører til at vi ikkje kan garantere fullstendig konfidensialitet.

### **Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Prosjektet skal etter planen avsluttast juni 2019. Då vil alle lydopptak og personopplysningar slettast.

### **Dine rettigheter**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva slags personopplysingar som er registrert om deg,
- å få retta personopplysingar om deg,
- få slettet personopplysingar om deg,
- få utlevert ein kopi av dine personopplysingar (dataportabilitet), og

å sende klage til personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysingar.

### **Kva gir oss rett til å behandle personopplysingar om deg?**

Vi behandler opplysingar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Geografisk institutt ved NTNU har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Kvar kan eg finne ut meir?**

Om du har spørsmål til studiet, eller ønsker å nytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Geografisk institutt ved NTNU, ved Frode Flemsæter, e-post: [Frode.flemsater@ruralis.no](mailto:Frode.flemsater@ruralis.no) eller tlf.: 905 77 029 og/eller masterstudent Inger Line Berdal, e-post: [il\\_berdal@hotmail.com](mailto:il_berdal@hotmail.com) eller tlf.: 926 99 605.
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller tlf.: 55 58 21 17.

Med vennleg helsing

Prosjektansvarleg

(Forskar/rettleiar)

Frode Flemsæter

Eventuelt student

Inger Line Berdal

## **Samtykkeerklæring**

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet «Endringar i bruk av utmarka», og har fått moglegheit til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju
- at det blir gjort lydopptak under intervjuet som slettast ved prosjektslutt juni 2019

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlast fram til prosjektet er avslutta, ca. Juni 2019.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

D

## Vedlegg 2: Intervjuguide sauebonde og hyttebyggar

### Før opptak

- Fortel kort om temaet for samtalen (bakgrunn og formål)
- Master for geografisk institutt på NTNU
- Ulike interesser i utmarka
- Strid om korleis ein skal nytte seg av naturressursen
- Korleis dei ulike aktørane meiner at sitt bruk av ressursen er mest dyrkbar berekraftig.

### Forklarer kva intervjuet skal brukast til, tausheitsplikt og anonymitet.

Dine svar vil bli grunnlaget for min master. Du, alderen din og kvar du kjem frå vil bli anonymisert. Eg har tausheitsplikt, og opplysingane du delar vil bli tatt opp på lydband, lagrast i passordbeskytta maskinvare tilhøyrande NTNU, og sletta i juni når masteroppgåva er ferdig.

- Underskrift

### Spør om noko er uklart, om det er nokre spørsmål

Startar opptak

### Bakgrunn

1. Namn, alder.
2. Kva er yrket ditt?
3. Har du noko utdanning?
4. Kan du sei noko om drifta av garden? Størrelse, fleire involverte i gardsdrifta?
  - Kvifor valde du å bli sauebonde?
5. Kva tilknyting har du til Oppdal?
6. Kan du trekkje fram nokre kvalitetar med Oppdal som du sett høgt?
  - Fordelar?
  - Noko du saknar?

### Verdigrunnlag og forhold til utmark

Korleis vil du skildre ditt forhold til naturen generelt og di eiga utmark spesielt?

7. Kva syn har du på landskapet?
8. Kva verdiar tillegg du utmarka?
9. Kva anser du på som 'rett' bruk av utmarka?
10. Kva anser du på som 'gale' bruk av utmarka?

### **Bruk av utmark**

11. Korleis har du behov for å ta utmarka i bruk?
  - Kvifor er dette så viktig for deg?
12. Kva tenkjer du om den tradisjonelle bruken av utmarka, der beitenæringa stend sterkt?
13. Kva type næringsverksamheit driv du forutan sauedrift?
  - Kan du skildre næringsverksamheita?
14. Kvifor driv du næringsaktivitet i utmarka?
  - Kva er målet med verksamheita?
15. Kvifor akkurat hytteutbygging?
  - Kva er motivasjonen bak utbygging av hytter?
16. Er det noko som har vore vanskeleg undervegs i etableringa?
17. Kva er det som har fungert bra?
18. Korleis er det å drive både med sauedrift og samtidig drive næringsutvikling i form av hytter i utmarka?
  - Har du møtt nokre utfordringar eller motstand?
  - Korleis vurderer du dei to næringane opp mot kvarandre?
19. Kva slags ringverkingar gir ditt bruk av utmarka for bygda og kommunen, både når det gjeld sauedrift og hytteutbygging?
  - Sysselsetting, sosialt, anna?
20. Korleis har dei andre bøndene i ditt beitlag reagert på di drift der du både er sauebonde og i tillegg bygg ut utmarka?

### **Forvalting av utmarka**

21. Opplev du nokre motsetnadar i bruken av utmarka i bygda?
22. Korleis vil du karakterisere kommunens engasjement med tanke på utmark og næringslivsutvikling?
23. Føler du at utmarksressursen er trua på nokon måte?
  - Eventuelt av kva, kven og på kva måte?

24. Kvifor trur du utbygging av hytter er så attraktivt her i Oppdal?

Kva fordelar eller eventuelle ulemper har Oppdal med tanke på hyttenæringa?

### **Berekraftig nytting av landskapet**

Korleis informanten kan bidra til berekraftig bruk av utmarka.

25. Korleis meiner du utmarka burde bli forvalta?

26. Kva skal til for å forvalte utmarka på ein berekraftig måte?

27. Kva hindringar ser du i framtidig utnytting av utmarka?

28. Kva slags utnytting og bruk av utmarka anser du på som berekraftig?

Noko du vil tilføye til slutt?

